

| | | |
|--|---|-----|
| | Rapport 1998:4 | nr: |
| | Tilgjenge Open | |
| Tittel: Hekkende sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport | Dato: 1.des.98 | |
| Forfattarar: Folkestad, Alv Ottar & Loen, Johnny | Sidetal: 125 | |
| <p>Samandrag:</p> <p>Rapporten gjev eit oversyn over hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal, basert på ei rekke feltundersøkingar frå 1950-talet og fram til i dag. Med sjøfugl meiner en her dei typiske sjøfuglane, som er avhengige av mat frå sjø eller hav gjennom heile livssyklusen. Av desse hekkar i dag 22 artar i fylket.</p> <p>Det er gjeve ei nærare omtale av 82 viktige lokalitetar. Dei fleste av desse er hekkeplassar, men eit par lokalitetar har større verdi som overnattingsstad.</p> <p>Det er i også gjeve ei viss omtale av grågåsa, av di denne gjerne held til i dei same områda som sjøfugl.</p> <p>I mange lokalitetar har talet på hekkande fugl gått ned sidan 70-talet. Det er likevel skilnad mellom tendensen for dei ulike artane og for eit par artar har utviklinga vore positiv. Også grågåsa har hatt ein kraftig bestandsauke sidan 70-talet.</p> <p>Den generelle tilbakegangen vert sett i samanheng med næringssituasjonen for sjøfugl, og særleg knytt til samanbrotet i den atlanto-skandiske sildestammen kring 1970. Andre faktorar som jakt, garndød og mink kan spele varierende rolle.</p> | | |
| Emneord: sjøfugl Møre og Romsdal hekkebestandar sjøfugllokalitetar | ISBN 82-7430-109-9 ISSN 0801-9363 | |
| Fagansvarleg: Trond Haukebø (seksjonsleiar) | For administrasjonen: Per Fredrik Brun (fylkesmiljøvernssjef) | |

FORORD

Denne rapporten samanfattar situasjonen for sjøfuglressursane i Møre og Romsdal. **Våren 1998 gjorde Stortinget eit vedtak om at det inntil vidare ikkje skal fremjast verneforslag som rører ved sjøareal og at det skal leggjast fram ei melding for Stortinget om bruk og vern av kystnaturen. Rapporten her er difor ikkje noko verneforslag. Arbeidet vart likevel sett igong på eit tidspunkt då dette var aktuelt og har difor fått ei form som liknar.** Rapporten vil eventuelt kunne vere ein del av det faglege grunnlaget for eit seinare verneforslag, dersom handsaminga av den komande Stortingsmeldinga opnar for dette.

Eit første utkast til rapport vart oppstarta allereie i 1991 av naturvernkonsulent Alv Ottar Folkestad, men vart stilt i bero då Folkestad gjekk over i ny stilling annan stad. Arbeidet vart teke opp att i 1998 med ein del omarbeidingar og kompletteringar. Dette arbeidet er gjort av førstekonsulent Johnny Loen. Det er i kapittel 3.3 gjort greie for feltarbeidet, men vi vil her nytte høvet til å **takke** alle dei som gjennom ein periode på meir enn 40 år har medverka til eit etter måten solid datagrunnlag.

For å få eit korrekt bilete av inngrep og interessekonfliktar i lokalitetane vart det tatt kontakt med kommunane gjennom brev. Omlag halvparten av kommunane har meldt tilbake.

Til sist er det rett å gjere merksam på at denne rapporten ikkje er å forstå som ein vitsskapeleg rapport. Det er difor ikkje gjeve litteraturreferansar undervegs. Eit oversyn over aktuell litteratur er likevel gjeve tilslutt i rapporten.

INNHALD

| | |
|--|----|
| 1. INNLEIING | 6 |
| 2. GENERELT OM SJØFUGL | 7 |
| 2.1 KVA ER SJØFUGL? | 7 |
| 2.2 VIKTIGE LEVEOMRÅDE FOR SJØFUGL | 7 |
| 2.3 SJØFUGLANE SITT LIVSMØNSTER | 7 |
| 2.4 BESTANDSDYNAMIKK | 9 |
| 2.4.1 Dei naturgjevne faktorane | 10 |
| 2.4.2 Dei menneskeskapte faktorane | 12 |
| 2.5 VERDIEN AV SJØFUGL | 13 |
| 3. SJØFUGLBESTANDANE | 16 |
| 3.1 BESTANDANE I NORD-ATLANTEREN | 16 |
| 3.2 MØRE OG ROMSDAL SOM LEVEOMRÅDE FOR SJØFUGL | 17 |
| 3.3 UNDERSØKINGAR I MØRE OG ROMSDAL | 18 |
| 3.4 METODISKE PROBLEM | 19 |
| 3.5 BESTANDANE I MØRE OG ROMSDAL | 20 |
| 3.5.1 Dei einskilde artane | 22 |
| 4. VURDERING AV NATURFAGLEG VERDI | 35 |
| 4.1 KRITERIUM FOR VERDSETJING AV LOKALITETAR | 35 |
| 4.2 ANDRE MILJØRESSURSAR ENN SJØFUGL | 36 |
| 4.3 PRIORITERING MELLOM LOKALITETAR | 36 |
| 4.4 SÆRSKILT OMTALE AV UTVALDE LOKALITETAR | 37 |
| 4.4.1 Vestadholmane | 43 |
| 4.4.2 Moldeholmane og Fårøytangen | 44 |
| 4.4.3 Inngripan | 45 |
| 4.4.4 Grip | 46 |
| 4.4.5 Vegsundholmane - Veibustholmen | 47 |
| 4.4.6 Stokkeholmane - Reitholmane - Drogane | 48 |
| 4.4.7 Grimstadholmane, Naustholmen | 49 |
| 4.4.8 Gåseidholmane | 50 |
| 4.4.9 Volsdalsholmen | 51 |
| 4.4.10 Snegleværsholmen | 52 |
| 4.4.11 Flugevågsholmane | 53 |
| 4.4.12 Storholmen - Frekøyane - Eggholmane | 54 |
| 4.4.13 Riste | 55 |
| 4.4.14 Hallevatnet | 56 |
| 4.4.15 Nupafjellet | 57 |
| 4.4.16 Nykreimsskjera | 58 |
| 4.4.17 Svinøya | 59 |
| 4.4.18 Muleneset | 60 |
| 4.4.19 Runde | 60 |
| 4.4.20 Tjuvholmen | 62 |
| 4.4.21 Notaskjeret - Legeholmen | 63 |
| 4.4.22 Torvikholmane | 64 |
| 4.4.23 Høymolskjeret | 65 |
| 4.4.24 Grasøyane | 66 |
| 4.4.25 Vattøya - Lyngøya - Sandøya | 67 |
| 4.4.26 Eggholmen | 68 |
| 4.4.27 Flørauden | 69 |
| 4.4.28 Hjørnesmyrane - Risneset | 70 |
| 4.4.29 Lomstjønnå - Hareidsmyrane | 71 |
| 4.4.30 Grimstadvatnet | 72 |

| | |
|--|-----|
| 4.4.31 Vindfarholmen | 73 |
| 4.4.32 Årsetøya | 74 |
| 4.4.33 Vikeskjeret | 75 |
| 4.4.34 Lidaholmen | 76 |
| 4.4.35 Måsehaugane - Yksnøy | 77 |
| 4.4.36 Lianesholmen | 78 |
| 4.4.37 Raudøya | 79 |
| 4.4.38 Våtmyrsholmen | 80 |
| 4.4.39 Langevågsholmane | 81 |
| 4.4.40 Erkna | 82 |
| 4.4.41 Langholmen | 83 |
| 4.4.42 Storholmen | 84 |
| 4.4.43 Alnesrauden (Raunen) | 85 |
| 4.4.44 Sætrealdalen, Valderøy | 86 |
| 4.4.45 Gjøseudholmen | 87 |
| 4.4.46 Måsehamrane, Løvsøya sørvest | 88 |
| 4.4.47 Haramsøya vestside | 89 |
| 4.4.48 Kjepina | 90 |
| 4.4.49 Husfjellet | 91 |
| 4.4.50 Svetlingane | 92 |
| 4.4.51 Rødholmen | 93 |
| 4.4.52 Feøya | 94 |
| 4.4.53 Holmsholmen | 95 |
| 4.4.54 Hestholmen | 96 |
| 4.4.55 Vistdalsholmen | 97 |
| 4.4.56 Prestholmen | 98 |
| 4.4.57 Meløya | 99 |
| 4.4.58 Tautra vestende | 100 |
| 4.4.59 Sveltingen | 101 |
| 4.4.60 Røssholmen - Skjela - Oterholmen | 102 |
| 4.4.61 Saltsteinen - Gallerskjera | 103 |
| 4.4.62 Orsholmen - Grønningen - Orholmen | 104 |
| 4.4.63 Bjørnsund | 105 |
| 4.4.64 Hegerskjera | 106 |
| 4.4.65 Tromskjera - Mannskjera | 107 |
| 4.4.66 Purkholmen | 108 |
| 4.4.67 Mannsholmen | 109 |
| 4.4.68 Orskjeran | 110 |
| 4.4.69 Fugløya | 111 |
| 4.4.70 Kvalvågsholmen | 112 |
| 4.4.71 Kvalvågsholmane | 113 |
| 4.4.72 Tveekerholmane | 114 |
| 4.4.73 Kvitholmen | 115 |
| 4.4.74 Ansnesholmen | 116 |
| 4.4.75 Bøfjordholmane | 117 |
| 4.4.76 Eidsholmen | 118 |
| 4.4.77 Ålfarskjeret - Notholmen | 119 |
| 4.4.78 Skålvikholman | 120 |
| 4.4.79 Skalmen | 121 |
| 4.4.80 Remman | 122 |
| 4.4.81 Hestøya | 123 |
| 4.4.82 Sortna | 124 |

| | |
|-------------------------------------|-----|
| 4.5 OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR..... | 125 |
| 5. LITTERATUR FOR INTERESSERTE..... | 126 |

VEDLEGG 1: Utvalde sjøfugllokalteter i Møre og Romsdal, oversiktskart, 3 sider

1. INNLEIING

Vi kan seie at den norske naturen slik vi kjenner han i dag, har ei historie attende til slutten av siste istid, for 10 - 12000 år sidan. Etter kvart som isen smelta og la ope berg og lausmassar, etablerte dei første pionerartane seg. Desse vart grunnlaget for det første jordsmonnet som gjorde det mogleg for nye artar å kome etter. Truleg har berre eit lite utval planter og dyr hatt tilhald her lenger, i isfrie område langs kysten eller på fjelltoppane og i havet. Nokre av sjøfuglane kan vere blant desse.

Ulike artar har ulike **krav til omgjevnadene**. Variasjon i naturtypar vart i starten utvikla som resultat av forskjellar i abiotiske («daude») miljøfaktorar som lokalklima, berggrunn, lys, vatn mm. Det har gjennom åra vore fleire varmare og kaldare periodar med vesentlege endringar i vegetasjon og dyreliv, men ingen endringar i dei abiotiske tilhøva har vore så gjennomgripande som då istida tok slutt.

Vidare variasjonar i naturtypane oppstod etterkvart som artane byrja påverke kvarandre (biotiske miljøfaktorar). Ikkje minst vil kulturpåverknad frå menneska skape nye naturtypar. Menneska kom til Norge i kjølvatnet av dei første pionerartane. Dei var i byrjinga få og levde som veidefolk, utan å gjere vesentlege endringar i landskapsbilete eller på plante- og dyreliv. Men mennesket er ein konkurransedyktig art og talet vaks. Etterkvart tok ein til med husdyr og åkerbruk. Busetjingane vart meir konsentrerte og permanente, men inngrepa i naturen var framleis av lokal karakter.

Det er først etter den industrielle revolusjonen at menneska er blitt så mange og er gjeve så uavgrensa høve til å manipulere omgjevnadene, at det får ubotelege følgjer i stor skala. Sjeldne artar og naturtypar vil alltid vere utsette, men i og med at menneska tek i bruk stadig større areal og eit større utval naturtypar, vil også vanlege artar få leveområda sterkt nedskorne eller livsmiljøet vesentleg endra. Dette vil i siste stadium påverke stabiliteten i sjølve livsgrunnlaget; økosystema, noko som sjølsagt og slår tilbake på menneska sjølve. Vi kan slå fast at dei menneskeskapte endringane aldri har vore større enn no.

Frå eit **etisk synspunkt** gjev dei tekniske moglegheitene og dei store omveltingane oss eit vesentleg og stadig aukande ansvar for livsmiljøet og medskapningane våre. I Norge er dette mellom anna stadfesta i Naturvernlova sin føremålsparagraf (og seinare gjennom endringar i grunnlova § 110b):

«Naturen er ein nasjonalverdi som må vernast. Naturvern er å disponere naturressursane ut frå omsynet til at mennesket og naturen høyrer nøye saman, og til at naturkvalitetane skal bevarast for framtida. Ein kvar skal vise omsyn og varsemd i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør berre gjennomførast ut frå ei langsiktig og allsidig ressursdisponering som tek omsyn til at naturen i framtida kan bevarast som grunnlag for menneska si verksemd, helse og trivsel.»

I samsvar med dette er det i anna lovverk sett klare krav om at det skal takast naturvernmessige omsyn i all fysisk planlegging. Dette er naudsynt både for å verne viktige naturressurser og for å gje dei aktuelle inngrepa ei form som tek rimeleg omsyn til dei langsiktige perspektiva som Naturvernlova føreset.

Nokre livsformer og naturmiljø er under særleg press. Det er tilsvarende naudsynt å få oversikt over desse ressursane og å finne måter å forvalte desse for framtida. Sjøfuglane og leveområda deira er mellom desse.

2. GENERELT OM SJØFUGL

2.1 KVA ER SJØFUGL?

Sjøfugl er ikkje noka eining i zoologisk systematikk, men eit omgrep som skildrar ei funksjonell rolle i naturen. Det femner **dei fugleartane som gjennom heile eller store delar av levetida hentar det meste av næringa frå sjø og hav**. I vidaste forstand kunne dette også gjelde til dømes havørn, nokre av vadefuglane og skjerpipplerke, men ein avgrensar normalt sjøfuglomgrepet til å gjelde **symjefuglar** av ulike slag. Etter dette kan det vere naturleg å dele sjøfugl i to hovudgrupper:

- Typiske sjøfuglar, som er knytte til havet i alle livsfaser og gjennom heile året. Hit høyrer stormfuglane, sulene, skarvane, enkelte av endene, alkefuglane og dei fleste måsefuglane. Alle desse artane er sosiale og hekkar tildels i store og tette koloniar. I vinterhalvåret og under fødesøk elles, finn ein dei gjerne i tette samlingar der det er åte eller stimfisk. Ikkje sjeldan kan dei opptre i flokkar på fleire titusen eller meir. Sjøfugl er såleis av dei mest utprega flokkfuglar ein kjenner.
- Sesongsjøfuglar, som i størstedelen av levetida er sterkt knytt til sjøen, men som nokre månader i hekketida trekker inn i landet og hekkar ved ferskvatn. Denne gruppa omfattar lomane, dykkarane, mange av andefuglane og dels måsefuglane. Nokre av desse er meir eller mindre avhengig av mat frå sjøen også i hekketida (smålom, fiskemåse). Sesongsjøfuglane hekkar oftast spreidd medan dei i vinterhalvåret i større grad opptre flokkvis.

2.2 VIKTIGE LEVEOMRÅDE FOR SJØFUGL

Sjøfuglane flyttar seg gjennom året over store avstandar. For nokre av livsfunksjonane er dei likevel sterkt knytte til avgrensa område med spesielle eigenskapar. Dette gjeld særleg reproduksjonsfasen. Mange av sjøfuglane set strenge krav til hekkeplassen. Dei er avhengig av desse plassane for å forplante seg. For dei som hekkar i store koloniar vil fysiske inngrep eller andre forstyrningar ramme store delar av bestanden.

For nokre artar og i nokon grad kan andre område ha tilsvarande høg verdi. Det kan gjelde område der større delar av bestandane samlar seg for myting (fjørfeilling). Det kan også gjelde spesielle næringsrike rasteplassar under trekk eller det kan gjelde konsentrerte natteplassar. I det følgjande er det lagt sterkast vekt på områda sin funksjon som hekkeplass, men det er ved eitpar høve også gjeve omtale av lokalitetar der omfanget av hekking er lite. Det er i skildringa av eit hekkeområde trekt inn også andre funksjonar.

Det følgjer av ovanståande at det er lagt sterkast vekt på dei typiske sjøfuglane. Det er likevel naturleg å trekke inn andre artsgrupper der desse finst saman med sjøfugl. Ein art som er gjeve spesiell merksemd er **grågåsa**. Dei viktigaste områda for grågås fell ofte saman med sjøfuglområda og i ein eventuell vernesamanheng vil grågåsa lettast kunne handsamast saman med sjøfugl.

2.3 SJØFUGLANE SITT LIVSMØNSTER

Sjøfugl skil seg i livsmønster nokså klart frå dei fleste landlevande fuglane. Tre særdrag er avgjerande med tanke på den langsiktige forvaltninga. Sjøfuglane har:

1. Låg årleg ungeproduksjon
2. Sein kjønnsmodning
3. Låg årleg døying hos vaksne fuglar

Vi kaller dette *bestandsdynamiske variablar*. Disse er for mange artar godt studerte og kan finnast i standardlitteraturen. For artane i Møre og Romsdal er verdiar gjevne i tabell 2.1. Sjølv om ekstremane i ungeproduksjon og døying kan vere større enn det som er vist, gjev tabellen likevel eit godt bilete av gjennomsnittsverdiane.

Tabell 2.1: Normalverdiar for nokre bestandsdynamiske variablar hos sjøfugl og grågås i Møre og Romsdal.

| Art | Kullstorleik (egg) | Årleg ungeproduksjon ¹⁾ | Alder ved første hekking (år) | Årleg døying hos vaksne (%) |
|---------------------|--------------------|------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------|
| Havsvale | 1 | ? | ? | ? |
| Stormsvale | 1 | ? | ? | ? |
| Havhest | 1 | 0,3 - 0,4 | 8 - 9 | 4 |
| Havsule | 1 | ? | 5 - 6 | 4 - 6 |
| Toppskarv | 3 | 1,5 | 3 - 4 | 10 - 15 |
| Grågås | 4 - 8 | 3 - 4 | 3 - 4 | 15 |
| Ærfugl | 3- 6 | ? | 3 | 10 |
| Tjuvjo | 1 - 2 | ? | 4 - 5 | 11 - 12 |
| Storjo | 1 - 2 | ? | 5 - 6 | 7 |
| Måsar ²⁾ | 3 | 1 - 1,5 | 3 - 5 | 5 - 15 |
| Krykkje | 2 - 3 | 1 | 3 | 10 - 15 |
| Makrellterne | (2) - 3 | 1 - 1,5 | 3 | 10 |
| Raudnebbterne | 2 - (3) | 0,5 - 1 | 4 - 5 | (7 - 8) |
| Lomvi | 1 | 0,6 | 3 - 4 | 9 - 13 |
| Polarlomvi | 1 | ? | 3 - 4 | ? |
| Alke | 1 | 0,6 | 3 - 4 | 8 - 11 |
| Teist | 2 | 1,5 | 2 - 3 | ? |
| Lunde | 1 | 0,5 | 4 - 5 | 5 |

1) Den årlege ungeproduksjonen er talet på ungar som forlet eit gjennomsnittss foreldrepår ein gjennomsnittssesong. På grunn av at artane har ulik åtferd vil det variere noko korleis talet er funne. For nokre artar vil det vere rett å rekne kor mange ungar som forlet reiret flygedyktig. Andre artar som t.d. måsar og ærfugl, forlet reiret lenge før dei flyg og ungeproduksjonen let seg berre finne gjennom langvarige undersøkingar.

2) Gjeld gråmåse, svartbak, fiskemåse, sildemåse og hettemåse.

Tabell 2.1 syner at ein typisk sjøfugl legg 1-3 egg, har årleg ungeproduksjon på 0,5 - 1,5 unge pr. hekkande par, første gongs hekking etter 3-5 år, og ei årleg døying hos vaksenfugl på 5 - 15 %. Kombinasjonen låg øksling, låg vaksendøying og sein kjønnsmodning er mest utprega hos dei artane som berre kjem til lands i hekketida. Av våre sjøfuglartar er havhesten den mest ekstreme i så måte. Ærfuglen, som heile året er bunden til kysten, gjev ytterpunktta i den andre retninga. Skilnaden er likevel stor når ein samanliknar med landlevande fugl av same storleik. Mange ender og hønsfuglar har ein kullstorleik på 10-15 egg, dei hekkar som årsgamle, og den årlege døyinga ligg i fleire tilfelle på langt over 50 %. Av tabellen ser vi såleis at grågåsa skil seg ut, særleg med omsyn til ungeproduksjon.

Livsmønsteret speglar levegrunnlaget for sjøfugl. Utanom rugetida kan dei sikre stabil næringstilgang ved å vandre etter åte og fisk på dei beste beiteplassane. Her er dei lite utsette for predasjon. Det er først og fremst på rugeplassane at rovdyr og rovfugl kjem til, og då med størst fare for egg og ungar. For vaksne sjøfuglar til havs reknar ein med at fysiske påkjenningar under kraftig uvér kombinert med knapp næringstilgang, er den viktigaste, naturlege dødsårsaka. Til tider kan sjukdom og giftige mikroorganismar gje

massedød blant sjøfugl, men dette er sjeldan. I tillegg må ein sjå på dei menneskeskaptede dødsårsakene.

Låg, årleg døying gjev sjølvsagt høg levealder. Hos albatross og havhest er levealderen faktisk blant dei høgaste ein kjenner hos varmbloodige dyr. Ein alder på 40 - 50 år er ikkje uvanleg og einskilde individ kan truleg verte mykje eldre (minst 80 år). Dei fleste vaksenfuglane får altså sjansen til å hekke gjennom mange sesongar. Den årlege rekrutteringa av unge individ til hekkebestanden er ikkje særleg stor. Dette gjer at sjøfuglane år om anna kan tole store tap av egg og ungar utan at det gjev synderleg store utslag i dei totale hekkebestandane. Dette er essensen i sjøfuglane sin livsstrategi.

Sidan dei likevel kan hekke igjen neste år kan sjøfugl avbryte hekkinga og forlate egg og ungar om tilhøva vert vanskelege. Det er særleg næringstilhøva som avgjer dette. Vaksenfuglane vil ikkje setje sin eigen overlevnad på spill og kan finne betre næringstilhøve annan stad. Med ein del unntak har landlevande fugl den motsette strategien. Dei produserer så mange ungar som råd, sjølv om foreldra vert sett i fare for eit kortare liv. Oppnåeleg alder er låg og den årlege døyinga er stor, både for unge og vaksne. Av dei store ungekulla er det likevel mange som overlever og dei hekkar allereie neste vår. Vi forstår difor at vaksne individ hos sjøfugl er verdfulle på ein heilt annan og meir avgjerande måte enn hos andre, landlevande artar med stor øklingsevne.

Utanom hekketida spreier sjøfuglane seg over store havområde, nokre i kystnære farvatn, andre lenger til havs. Artane har ulik matsetel og kvar sine måtar å hente maten på. Dei vil i stor grad dele matfatet mellom seg, sjøl om alle gjerne tek det som er lettast tilgjengeleg. I ungetida er krava større. Då må maten finnast nær kolonien og vere lett å bringe med seg. Rett nok kan havsvale, stormsvale, havhest og havsule hente næring 100 km eller meir frå rugeplassen, men dei fleste andre krev at beiteplassen ligg nærare kolonien enn 30-40 km. Måsar og ternar er særleg knytte til nærområda.

Nokre artar ber maten i kropsen eller matrøyret og gulpar han halvfordøyd opp att til ungene. For desse treng ikkje storleiken på byttet vere avgjerande, berre det er rikelege mengder. For ternar og alkefugl, som fraktar heil fisk i nebbet, er rett storleik vesentleg. Småfisk av feite fiskeslag er ideelt for dei fleste sjøfuglartane i ungeperioden. Dei kan då bringe heim ein praktisk handterleg «matpakke» med størst mogleg næringsverdi. Er det rikeleg tilgang på småsild, brisling, sil eller lodde er det oftast god hekking hos sjøfuglane. Er avstanden til koloniane kort nok og det finst store nok mengder, kan også yngel av magrare fiskeslag, t.d. torskefiskar, gje tilstrekkeleg næringsgrunnlag, men dette vil likevel alltid vere andrerangs som ungefôr.

Når dei er kjønnsmodne etter nokre år, vil ungene i regelen vende attende til fødekolonien for å hekke der. Men allereie fleire sesongar før dei legg egg første gongen, kan dei i kortare eller lenger tid halde til rundt koloniane. På den måten lærer dei seg dei sosiale kodane, dei lærer fiskeplassar, vandringsveggar og å finne fram til høvelege reirplassar. Flokkar av ungfugl som enno ikkje hekkar, utgjer ofte hovudtyngda av dei fuglane ein ser ved ein sjøfuglkoloni, særleg i siste del av hekkeperioden.

2.4 BESTANDSDYNAMIKK

Naturen er ikkje statisk. Alt levande skifter i takt med skift i omgivnadene. Dette kan ha form av periodiske svingingar, eller det kan vere ei utvikling i ei bestemt retning over lengre tid. Dette gjeld også sjøfuglbestandane. Dei er utsette for ulike

påverknader, miljøfaktorar, som verkar positivt eller negativt. Desse miljøfaktorane kan verke ulikt på ulike fasar i livssyklus. Summen av påverknader vil avgjere tendensen i bestandsutviklinga. Dei ulike miljøfaktorane verkar også i større eller mindre grad på kvarandre. Nokre er bestandsavhengige; verknaden endrar seg med bestandsstorleik eller tettleik medan andre er bestandsuavhengige. I mange tilfelle vil effekten av dei ytre miljøfaktorane forsterkast av indre (bestandsinterne) faktorar. Eit døme på det siste kan vere at ein er avhengig av ein viss tettleik for å oppretthalde tenleg kommunikasjon mellom individa (i dei mest ekstreme høva kan det vere vanskeleg å finne make).

Ein gjennomgang av dei viktigaste miljøfaktorane kan vere av interesse:

2.4.1 Dei naturgjevne faktorane

1. Klima: Sjøfuglane i Norge er godt tilpassa barske vértilhøve, og vanlegvis har dei små problem med vind, nedbør og låge temperaturar. Ekstreme vérsituasjonar kan likevel vere direkte årsak til tap og er rekna som den viktigaste, naturlege dødsårsak hos vaksne. På reirplassen vil storm, slagregn og seint snøfall kunne føre til tap av egg og ungar, men mest ser det ut til at periodar med uroleg vér kan skape vanskar for næringsøket. For egg og ungar vil sterk soloppvarming vere vel så risikabelt som nedkjøling. Dei primære konsekvensane av klimapåverknader er normalt ikkje bestandsavhengige.
2. Næringstilgang: Vaksne sjøfuglar har sjeldan problem med å finne nok mat til seg sjølve. Dei er mindre kresne og meir mobile enn ungene. Til ungene må dei derimot ha maten innafor rekkevidde frå kolonien, og ein reknar med at næringstilgangen er den viktigaste, regulerande faktor for ungeproduksjonen. Sild og lodde er nøkkelartar i så måte. Dei store årsklasseforskjellane hos desse to fiskeartane fører til stor naturleg variasjon i næringsgrunnlaget for sjøfugl. Næringstilgangen er bestandsavhengig når ein ser bort frå overflodssituasjonar. Periodar med overflod er likevel ikkje unormalt for sjøfugl.

Endringar i næringstilhøva som skuldast menneskeleg aktivitet vert omtala seinare.

3. Predasjon: Utanom hekketida er sjøfuglane lite utsette for predasjon. På hekkeplassen er dei derimot ettertrakta, og sjøfuglkoloniar vil vanlegvis tene som faste jaktområde for rovfugl og rovdyr. Dei viktigaste predatorane i sjøfuglkoloniar er rovfugl, måsar (også innanfor eigen art), ugler, kråkefugl, mink og rev. Kolonihekking er ein god strategi mot predasjon ved at predatorane lett vert oppdaga, ein kan halde felles forsvar og ein kan gøyme seg i mengda. Predasjonspresset er difor normalt bestandsavhengig.

Normalt er det ein fin balanse mellom sjøfuglane og deira skattkrevjarar. Katastrofale tap av egg eller ungar får ein vanlegvis først når noko skiplar denne balansen. Såleis kan store predasjonstap vere ein sekundæreffekt av andre negative påverknader, t.d. næringsmangel.

Hekking i tette koloniar gjer at store mengder byttedyr er tilgjengelege samtidig. Synkronisert hekking gjer likevel at tidsrommet vert kort og sjøfuglkolonien kan difor ikkje aleine gje grunnlag for tilsvarende store bestandar av predatorar. Normalt vil predasjon i koloniane gje små tap prosentvis. Eit problem kan det likevel verte dersom predatorane har tilsvarende rike byttedyrressursar resten av året. Til dømes meiner ein at både raudrev, kråke og dei store måsane har hatt nytte

av store avfallsmengder frå menneska. Når det gjeld mink er sjøfuglane dårleg tilpassa. Denne rovdyrarten har tidlegare ikkje har hatt nokon plass i norsk natur. Det har i særleg grad gått ut over ærfugl og teist.

4. Sosiale bindingar og åtferd: Sjøfuglane er sterkt sosiale og kommunikasjonen mellom individa er hyppig og mangfaldig. Parbinding, hekkedrift og koloniforsvar vert styrka gjennom åtferdsmønsteret både innan og mellom artane. Mot ytre fiendar vil eit varselsignal vere forståeleg for alle artane i kolonien. Måsar og ternar vil ofte vere eit vern for mindre aggressive artar som ender og alkefugl. Ein trur og at fuglane kan gje kvarandre informasjon om kvar og når det er mat å finne.

Dei einskilde reirplassane vil variere i kvalitet og det kan vere hard konkurranse om dei beste. Fuglane vil arbeide mot ein struktur i kolonien som gjev det beste hekkeresultatet både på individnivå og samla sett. Ulike typar ytre påverknader vil kunne endre føresetnadene for sosial kommunikasjon. Ein vil då kunne oppleve at bestandsinterne faktorar forsterker andre negative påverknader slik at resultatet vert enda dårlegare. I verste fall vil kolonien bryte saman.

5. Tilgang på hekkeplassar: Fuglefjellsfuglane har etter måten strenge krav til rugeplassen men når konkurransen er stor, kan dei tilpasse seg plassar med forbausande variert standard. Somme tider er det likevel tydeleg at mangel på reirplass hindrar kjønnsmodne individ i å gå til hekking. Dette er openbart ein funksjon av bestandsstorleik. Konkurranse om hekkeplass skjer både innan og mellom artane i fuglefjellet. Innan arten vert dei beste og mest sentrale plassane haldne av eldre, røynde fuglar, medan dei yngre må ta til takke med dårlegare plassar i utkantane av kolonien. Mellom artane vil krava til rugeplass vere ulike men overlappende. Store og sterke artar som havsule vil kunne trenge vekk krykkje og lomvi, medan havhesten med sitt illeluktande spytt er ein lite lite lysteleg nabo for alle andre.
6. Sjukdomar: Ein reknar med at vaksne sjøfuglar er lite utsette for sjukdom, særleg utanom hekketida. Sjansane for smitte er liten ute på havet, medan den er langt større på raste- og hekkeplassar der fuglane kjem tettare saman. Måsar som henter mat på søppelplassar er utsette for salmonellose. Innvollsparasittar som fuglane elles får i seg gjennom føda, er dei i høg grad tilpassa og ein reknar med at sjukdom betyr lite for vaksne sjøfuglar under naturlege vilkår, sjølv på hekkeplassane.

Ved svekka motstand, som t.d. ved næringssvikt, kan sjukdom blusse opp, men dette må oppfattast som ein sekundæreffekt. Det er mellom anna kjent at visse sjøfuglartar (t.d. havhest) kan ha ornitose (psittacose, papegøyesjuka). Dette skuldast eit virus som også kan overførast til menneske. Andre smittestoff er påviste utan at ein kjenner til at dei har særleg stor betydning for bestandane. Parasittåtak hos ungar av til dømes ærfugl kan vere epizootisk (= epidemi hos dyr) og føre til store tap, men det er uklart kor vidt også dette er sekundæreffektar.

7. Naturleg forgifting: I havet finst det fleire giftige mikroorganismar, og ved masseblomstring («Red Tide», «Black Tide») av slike kan det oppstå meir eller mindre lokal massedød hos sjøfugl. Dette er kjent mellom anna frå Storbritannia, Mexicogulfen og Japan, men førebels ikkje i særleg grad i vårt land.

2.4.2 Dei menneskeskapte faktorane

1. Jakt og eggsanking: Det har i generasjonar vore tradisjon å fange vaksenfugl og ungar på hekkplassen, særleg i fuglefjella nordpå. Etter dei reglane som utvikla seg, ramma denne fangsten først og fremst ikkjehekkande fugl. Regulær sjøfugljakt med skytevåpen har ingen lange tradisjonar, men i nyare tid har ein slik tradisjon utvikla seg i visse distrikt. År om anna har det difor vore felt mykje skarv og alkefugl (og grågås). Når jakt og fangst kjem i tillegg til andre negative påverknader er det liten tvil om at dette kan verte utslagsgjevande. For ei rekkje av sjøfuglartane våre er jakt i dag ikkje lovleg, nettopp av omsyn til dette. For andre artar, særleg skarvane, syner ringmerkingsfunn at jakt er blant dei viktigaste dødsårsakene.

Eggsanking har også lange tradisjonar og når visse reglar vert følgde, synest ikkje dette å ha negative følgjer for bestandane. Dette av di sjøfuglane som nemnd generelt er godt tilpassa tap av egg, men også av di dei gjerne legg nye egg dersom dei første vert plukka straks etter legging. Nokre av artane kan også legge heilt nye kull. Organisert eggsanking etter gamle tradisjonar har avteke sterkt i nyare tid. Den uorganiserte sankinga har oftare preg av plyndring og har ein større verknad på bestandane enn den tradisjonelle eggværsdrifta.

Når det gjeld grågås har det dei siste åra vore felt ein del skadegjerande individ, i vårt fylke særleg på Smøla. Lokalt kan dette påvirke bestanden.

2. Uroing i hekketida: Med unnatak for ærfugl (og grågås) rugar begge kjønn hos sjøfugl, og egga er såleis verna det meste av tida. Ungane er hos dei fleste artane temmeleg hjelpelause dei første dagane og er avhengige av varme/skygge og vern. Skulle egg eller ungar verte liggande uskjerma, vil dette straks gjere tilhøva lettare for predatorane, som like gjerne kan vere ein nabo. Ved sterkt solskin kan egg og ungar gå til grunne av overoppvarming og i kaldver kan avkjølinga verte kritisk. Omfattande uroing av sjøfuglkoloniar vil såleis lett føre til sterkt auka tap av egg eller ungar. Med auka ferdsel av fritidsbåtar har uroing i hekketida vorte eit alvorleg trugsmål mot sjøfugl, særleg nær tettbygde område.

3. Fiske - fiskereiskap: Det er i nyare tid ei rekkje døme på samanbrot i fiskebestandar der ein meiner årsaka ligg i overfiske. I vårt land er samanbrotet i sildestammen eitt døme. I etterkant har det vore ein gjennomgåande næringssvikt hos sjøfugl på kyststrekninga Stad-Lofoten. Samanhengen synest klår. Liknande problem for sjøfugl er registrert andre stader der ein meiner overfiske har redusert viktige fiskeslag, t.d. i Peru. Det er såleis grunn til å tru at moderne fiske kan redusere og eventuelt øydelegge næringsgrunnlaget for mange sjøfuglartar. På den andre sida er det ting som tyder på at avfall frå fiskeria, særleg frå trålarflåten, også har skapt betre næringsgrunnlag for nokre, t.d for havhest i Nord-Atlanteren.

Til alle tider har sjøfugl drukna i fiskereiskap. Moderne reiskap og bruksmåtar, særleg monofilamentgarn og drivgarn, synest å ha auka dette problemet vesentleg. Ringmerkingsfunn og opplysingar frå fleire kjelder gjev liten tvil tilbake om at dette er ei av dei viktigaste dødsårsakene hos skarv og alkefugl i dag. Det er også grunn til å tru at det kan gå ein del fugl i vegn som er tapt eller forlatt på botnen. Dette er vanskeleg å talfeste.

4. Havbruk: Med utviklinga av fiskeoppdrett og skjelproduksjon har det dukka opp nye problem for sjøfugl. Oppdrett kan slå positivt ut, gjennom fôrspill og samling av villfisk rundt slike anlegg. Dei negative verknadene har vore mest vinkla frå

oppdrettarane si side; kva skade gjer fugl i oppdrettsanlegga? Særleg store har konfliktene vore med ærfugl som beitar i blåskjelanlegg og skarv og hegre som tek (eller skadar) fisk i merdene. Ein er kjend med at det har vorte igangsett massiv nedskyting av sjøfugl, i ein målestokk som gjer dette til eit problem for bestandane, i det minste lokalt. Dette gjeld også artar som er totalfreda.

«Møremodellen» med vekselbruk mellom oppdrettslokalitetar har auka arealbehovet i havbruksnæringa. Ein må difor rekne med at konfliktane med sjøfugl vil auke dersom ein ikkje utviklar tekniske metodar som kan hindre at sjøfugl kjem til i anlegga. I tillegg kan ein rekne med auka press på areal i det heile, medrekna viktige hekke- eller rasteplassar for sjøfugl.

5. Oljesøl: Oljeskadar på sjøfugl er ikkje nytt, og før siste krig var tapa i visse område truleg større enn i dag. Aukande utvinning av olje frå havbotnen og sterk auke i transport på havet har likevel auka faren for store katastrofer, der i verste fall hundretusenvis av vaksne sjøfuglar kan stryke med på kort tid. Ein reknar likevel med at dei daglege småutsleppa er alvorlegare for totalbestandane. Ofte kan små flekkar av olje i fjørdrakta vere nok til at fuglen dør og i Nord-Europa er det lagt fram overslag på at dette gjeld 150.000-450.000 sjøfugl årleg.
6. Andre miljøgifter: Store mengder avfallsgifter vert årleg slept i havet, frå industri, frå kloakk og frå båtar. Dette skjer både med og utan kontroll. Havvatn inneheld frå naturen si side tungmetall og for nokre av desse, t.d. kadmium, har sjøfuglane som andre sjødyr, utvikla visse forsvarsmekanismer. Dei er ikkje så utsette for tungmetallforgiftingar som landdyr og ferskvassdyr. Syntetiske organiske stoff er langt alvorlegare, slike som DDT, PCB og dioxinar. Enda dei sjeldan finst i dosar som gjev akuttverknad, verkar dei sjølv i svært små konsentrasjonar negativt på dei mekanismene som styrer rugedrift, egg- og fosterutvikling og generell motstandskraft. Hav- og luftstraumar er effektive transportsystem som spreier desse giftstoffa til område langt unna kjeldene og nordlege område er særleg utsette.

Jamfør livsmønteret er det endra overleving hos vaksenfugl som sterkast vil verke på bestandane. Endringar i ungeproduksjonen er mindre og ofte knapt merkbare, når kulla kjem til kjønnsmoden alder. Om endringar i ungeproduksjonen skal merkast i bestandane, må dei såleis skuldast faktorar som gjer seg gjeldande over ei årrekke. Det er difor verdt å merke seg at nokre av dei viktigaste, negative faktorane som menneska har skapt overfor sjøfugl, nettopp er slike som aukar tapet av vaksenfugl eller reduserer ungeproduksjonen gjennom fleire år: fiskereiskap, oljesøl og akutte forgiftingar, overfiske og kjemisk nedsett fruktbarheit.

2.5 VERDIEN AV SJØFUGL

Norge forvaltar leveområda til ein stor del av sjøfuglbestandane i Nord-Atlanteren og har såleis eit særleg ansvar for vern av sjøfugl i internasjonal samanheng. Så har også vern av sjøfugl eldgamle tradisjonar her i landet. Frå tidlege tider har sjøfuglane hatt ein sentral plass i næringsgrunnlaget på kysten gjennom hausting av dun, egg og kjøt. Dermed vart sjøfuglane underlagt særlege omsyn. Freding av egg- og dunvær er av dei eldste former for naturvern i vårt land. Sjølv om motivet dels var å sikre grunneigarrettar, her dette vernet vorte innarbeidd i kystfolket og resultatet har vore gjensidig nyttig.

Det er ikkje berre i kystkulturen sjøfuglane spelar ei viktig rolle. Også i naturen kan ein liste opp fleire vesentlege funksjonar:

- Dei fraktar næringsstoff frå hav til land i eit krinsløp der sjølvaste tyngdekrafta verkar den motsette vegen. Dei er dermed vesentlege for den biologiske sirkulasjonen av ei rekkje næringsemne der fosfat er blant dei viktigaste. Hovudparten av dette kjem i form av gjødsel kring koloniane (guano).
- Gjødslinga gjer sjøfuglkoloniane til vekseplass for næringskrevjande planteartar og plantesamfunn (nitrofile artar og samfunn). Fleire av desse plantane er sjeldsynte og spesielle.
- Rik planteproduksjon gjer sjøfugllokalitetane til gode område for andre planteetande artar av fugl, pattedyr og ikkje minst lågare fauna.
- Sjøfuglkoloniar, og i særleg grad fuglefjell, gjødslar sjøen ikring og skaper på den måten grunnlag for rik åteblomstring og beiteplassar for fisk. Dette er ofte viktige fiskeplassar lokalt (både for folk og fugl). Sjølv om dette kan synest som eit «høna og egget»- argument, er det klart at gjødslinga i det minste gjev ei positiv tilbakeføring til næringscyklusen.
- Sjøfuglkoloniar er i hekketida eit viktig næringsgrunnlag for ei rekkje rovfuglartar, mellom dei også fleire av våre mest sjeldsynte og sårbare artar.
- Ei rekkje andre fugleartar finn likevel eit effektivt forsvar mot predatorar i kolonien og har tilhald her i hekketida.
- Sjøfuglbestandane skaper på ein særleg måte liv og variasjon i kystområda og er sentrale for naturopplevingar, turisme og rekreasjon i desse områda.
- Sjøfuglbestandane vil med sine tette samlingar vere godt eigna til å syne samanhengar i naturen og kan i særleg grad nyttast som målestav på tilstanden i havet når det gjeld t.d. næringsgrunnlag, miljøgifter og oljesøl. Difor vil dei vere av stor verdi for vitenskap og skule.

Legg ein til andre, menneskelege motiv kan ein setje opp mange, viktige grunnar for å verne sjøfuglbestandane. Ein kan samle desse inn i fire hovudgrupper:

1. Dei økologiske motiva tek utgangspunkt i den funksjonen sjøfuglane har i naturen. Det er dei livsformene som i særleg grad bind saman sjø og land i biologisk forstand. Dei er såleis viktige for å halde oppe det biologiske krinsløpet. Mange stader, særleg i nordlege og meir karrige område, er gjødsling frå sjøfuglkoloniar heilt avgjerande for plantevokster og dyreliv på land.

Om sjøfuglkoloniar og -bestandar vert borte vil også andre livsformer kunne forsvinne. Vår kjennskap til dei einskilde artane sin funksjon for heilskapen i økosystemet er avgrensa, og det er vanskeleg å seie på førehand kva følgjene av å utrydde ein art vil verte. Når ein art vert borte, vil ein annan art ikkje utan vidare kunne ta over den same funksjonen. Det er difor god grunn til å tru at ein balanse som er utvikla gjennom fleire tusen år vil verte skipla gjennom slike store endringar.

Til sist under dei økologiske motiva er det og verd å nemne dei genetiske ressursane. Variasjonen av gener er òg ein ressurs som det er vanskeleg å halde rekneskap på, men som mellom anna betyr mykje for korleis framtidige miljøendringar kan møtast.

2. Til dei etiske motiva høyrer spørsmålet om kva rett menneska har til å redusere andre artar sin overlevnad, eller til og med rydde dei ut. Eit anna spørsmål er kva rett *ein* generasjon har til å redusere mangfaldet og ressursrikdomen i den naturen som skal verte livsmiljø for komande generasjonar. Dei fleste vil truleg vere einig i at mennesket ikkje har uavgrensa rettar. Dermed vert det og ei moralsk plikt for oss

å syte for at artane vert sikra sjanse til å overleve og for at mangfaldet og produksjonen i naturen vert halde oppe på lang sikt.

3. Til dei kulturelle motiva høyrer erkjenninga av at mangfaldet i naturen er med på å auke menneska sin livskvalitet. Sjøfugl skaper liv langs kysten og gjer desse områda meir tiltrekkande for avkopling enn dei elles ville ha vore. Ikkje minst kan sjøfugl vere inngangsporten til naturinteresse generelt. Naturen med all sin formrikdom er ein del av kulturarven som vi byggjer vår sjølvkjensle og identitet på.

For sjøfugl gjeld at utnytting av egg, kjøt og dun gjennom generasjonar har utvikla variasjoner i bruksformer mellom dei ulike artane og landsdelane. Sjøfugl er såleis ein del av det historiske levestruktur for folk, i enkelte øysamfunn ein svært viktig del. Dette speglar seg sjølsagt i det kulturelle uttrykket, gjennom litteratur, biletkunst, forteljartradisjon og andre kunstformar. Det skulle vere nok å nemne eventyret om «Skarvane på Utrøst» eller biletkunstnaren Kåre Espolin Johnson.

4. Dei økonomiske motiva kan vere direkte eller indirekte. Haustinga av sjøfuglressursar har mange stader vore ein vesentleg del av næringsgrunnlaget. Endringar i samfunn og levekår har gjort at hausting i ein periode ikkje strengt tatt er naudsynt. Framleis vert det likevel plukka egg på hekkeplassane og felt sjøfugl i jakttidene, sjøl om dette no mest er i form av rekreasjon. Den totale produksjonen av sjøfugl kan under gode tilhøve vere betydeleg og er framleis ein reserve for komande situasjonar.

Med indirekte verknader tenkjer ein meir på ringverknader som sjøfugl skaper t.d. ved gjødsling av land og gruntvassområde i og kring koloniar og samlingsplassar, og den verknaden dette kan ha for mellom anna fiskeri og landbruk. Ein kan heller ikkje sjå bort frå det faktum at fleire av våre fuglefjell har vorte reisemål for ei veksande turistnæring. Lokalt kan dette vere av stor, økonomisk verdi.

Sjøfuglbestandane er ein avgrensa naturressurs. Inngrep i bestandane og deira leveområde bør berre gjennomførast når det synest rett ut frå ei langsiktig og allsidig ressursdisponering.

Arbeidet med å verne dei viktigaste sjøfuglressursane har verdi langt utafor den einskilde kommunen eller fylket sine grenser. Det er ein lekk i eit systematisk arbeid for å sikre eit representativt utval av naturområde for framtida, og å gje både sjøfuglbestandane og livsformer som er avhengige av dei, ein sjanse til å overleve.

Freding etter naturvernlova er ein måte å verne desse på, men dette vil likevel berre kunne sikre ein del av bestandane, varierende frå art til art. For dei mest utprega kolonihekkarane vil store delar av bestandane kunne dekkast på denne måten, medan dette ikkje er verken mogleg eller ynskjeleg for ei rekkje av dei meir vanleg utbreidde artane, særleg dei som hekkar enkeltvis eller i småkoloniar. Det er difor viktig at den einskilde grunneigar og kommune i den daglege arealforvaltninga tek omsyn til sjøfuglane og verdiane som er knytte til dei.

Også i Møre og Romsdal er sjøfugl under trugsmål frå menneskeleg verksemd, jamfør kapittel 2.4. For fleire artar er bestandane kraftig reduserte. Likevel finst framleis viktige sjøfugllokaltetar att, som er lite påverka av menneskelege inngrep. Ved omsyn og fornuftig bruk av naturen kan ein utan tvil bygge opp nye hekkebestandar av nokre av dei artane som har gått attende.

3. SJØFUGLBESTANDANE

3.1 BESTANDANE I NORD-ATLANTEREN

Gjennom den tida det finst opplysningar frå, har det vore vesentlege endringar i sjøfuglbestandane. Visse artar har gått fram, andre har gått attende og nokre er forsvunne. Geirfuglen er såleis utrydda i historisk tid som eit direkte resultat av jakt og overutnytting på hekkeplassane. Ofte vart det halde nøye rekneskap med kva som vart hausta får år til år i egg- og dunværa. Ut frå slike opplysningar meiner ein på Færøyane å kunne spore ein tilnærma 100-årssyklus når det gjeld variasjonar i ein del av sjøfuglbestandane. Årsakene til dette er ukjende.

Påfallande er likevel den framgangen nokre sjøfuglartar har hatt i vårt århundre. Havhest og havsule har auka sterkt i tal og har utvida hekkeområdet. For begge artane er det liten tvil om at fredingstiltak på hekkeplassane i Storbritannia har vore viktig. For havhest har ein og søkt forklaring i auka tilgang på avfall frå fiskeflåten til havs. I dei sørlege bestandane har ein påvist endringar i arveegenskapar som kan ha hatt betydning for utbreiinga.

Krykkja er ein annan art som generelt har auka. Her har ein ikkje klare teoriar om årsakene. I nokre delar av Nord-Atlanteren har gråmåse og svartbak auka sterkt. Det er liten tvil om at dette har samband med auka næringstilgang frå avfallsplassar og annan menneskeleg aktivitet.

For andre artar er biletet meir samansett. Storskarv og toppskarv hadde ein kraftig tilbakegang i første del av vårt århundre. Nokre stader synest dette å kunne ha samband med jakt og uroing frå menneske. Vernetiltak, men truleg også naturgjevne årsaker, har ført til auke i bestandane att i delar av utbreiingsområdet.

I sørlege del av utbreiingsområdet har ærfuglen gått sterkt fram i nyare tid, såleis i Nederland, Tyskland og Danmark. Dette er sett i samband med vernevedtak og at bestanden vart halden kunstig låg då det var hard jakt og eggplukking. I den same perioden har ærfuglen gått attende i vårt land. Under siste krig vart ærfuglen hardt nytta til mat samstundes som eit stort tal gjekk tapt som følgje av oljesøl. Nedlegging av dunværsdrifta har også truleg hatt negativ verknad og på somme lokalitetar er det tydeleg at ærfuglen er hardt skatta av villmink. Om nedgangen kan ha samband med endringar i næringsgrunnlaget, er uklart for ærfuglen sitt vedkomande. Dei aller siste åra har biletet blitt noko annleis også i Norge. Nokre stader er ærfuglbestanden i ein viss framgang medan det framleis er rapportert om negative tendensar andre stader, særleg i tradisjonelt gode ærfugldistrikt nordpå.

Liknande utvikling kan noterast for grågås (som altså ikkje er ein sjøfugl), med sterk nedgang i første del av vårt århundre, truleg mest på grunn av sterk hausting, men med ein auke att etter omlag 1960. På 90-talet er grågåsbestanden aukande i heile Nordvest-Europa.

Sildemåse og fiskemåse syner også eit samansett bilete. I sørlege del av utbreiingsområdet har dei gått fram medan tendensen på Norskekysten gjennomgåande har vore negativ, i alle fall i områda nord for Stad.

Omlegging av jordbruksdrifta har utan tvil gjeve eit alternativt næringstilbod for måsane, med det resultat at fiskemåse i større grad enn tidlegare hekkar i tilknytning til jordbruksområde. Hekking av fiskemåse langs vassdrag og fjellvatn er likevel ikkje noko nytt fenomen. Periodar med innlandshekkande fiskemåser er dokumentert fleire gonger i tidlegare tider når næringsgrunnlaget har svikta ved saltvatn. For sildemåsen er ikkje innlandsalternativet like attraktivt, og den nordlege underarten er no rekna som direkte truga av utrydding.

Situasjonen for dei to terneartane er liknande. Tilbakegangen er sterkast i nordlege del av landet og kan truleg setjast i samband med svikt i næringsgrunnlaget (småsild). For begge artane, men først og fremst for makrellterne, meiner ein dessutan at utbreidd snarefangst i overvintringsområda i Afrika har hatt sitt å seie for nedgangen i bestandane.

For alkefuglane vekslar situasjonen frå område til område. Det har vore sterk nedgang i dei sørvestre utkantområda i Storbritannia og Frankrike, medan det inntil nyleg har vore stabilitet og til dels auke langs Nordsjøkystane av Storbritannia. Dei aller siste åra har det likevel vore sviktande ungeproduksjon og avtakande bestandar også her. Endringane synest dels å ha si årsak i skiftingar i næringsgrunnlaget, men den sterke tilbakegangen i sørvest kan også førast attende til dei mange og store oljekatastrofene i desse havområda i nyare tid (t.d. «Amoco Cadiz» og «Torrey Canyon»).

I vårt land har det vore nedgang for dei fleste alkefuglane sør for Stad og i ein del store koloniar i Nord-Norge. Dette vert sett i samanheng med bestandstilhøva i den atlantiskandiske sildestammen som vart overfiska fram mot 70-talet. Lundekoloniane på Røst er eit skræmmande døme på dette. På Runde har situasjonen vore noko betre. Loddebestanden i Barentshavet braut saman i 1986-87 og av dett følgde ein katastrofeprega nedgang i hekkebestanden av lomvi i Finnmark og Troms, truleg som følge av at også vaksenfuglane svalt ihel. Det er i tillegg påvist store tap av vaksen alkefugl gjennom fiskereiskap. Sterk tilbakegang for teist i mange kystdistrikt synest å kunne setjast direkte i samband med utbreiing av villmink.

3.2 MØRE OG ROMSDAL SOM LEVEOMRÅDE FOR SJØFUGL

Kysten i Møre og Romsdal kan delast mellom indre og ytre. Eit karaktertrekk i det ytre er den flate kystbremmen, som skaper store og oppdelte gruntvassområde. Kystbremmen utgjir også ein viktig del av øyrekkja langs kysten, i nokre tilfelle heile øyar som Gossen, Vigra og Smøla. Kystbremmen er difor overgangen mellom fjell og hav, samstundes som det er terskelen mellom havet og fjordane i den indre delen av kysten. Fjordane er djupe, har etter måten få øyar og holmar og er prega av bratte skoglier eller fjellsider, berre stadvis brotne av flatare landskap, særleg kring dalbotnar og elveos. På dei flatare stadene er det også oftast busetnad. Dei store fjordbassenga må fyllast og tømast i takt med flo og fjøre. I terskelområda kring munningen vert det difor rik straumsetjing og god omrøring i vatnet.

Den norske kontinentalhylla er på det breiaste utanfor Møre og Romsdal, med Storegga og Buagrunnen. Frå sør stryk kyststraumen langs øyar og strender nordover. På Sunnmørskysten råkar den Golfstraumen med full tyngde. Golfstraumen pressar varmare og saltare havvatn inn mot kysten og skaper omrøring og auka næringstilgang. Dette fører med seg gode vekstvilkår og rik biologisk produksjon. Mørskysten er frå tidlege tider kjend som eitt av dei viktigaste gyte- og oppvekstområda for fleire fiskeartar i vårt land. Næringstilhøva gjev med andre ord grunnlag for ein rik sjøfuglfauna. Dei topografiske tilhøva ligg fysisk til rette for mange og gode hekkeplassar. Til saman er dette årsaka til at Møre og Romsdal gjennom tidene har hatt store bestandar av sjøfugl.

Særleg Sunnmørskysten kan by på brattlendte øyar med fjellstup heilt i havkanten. Dette er høvelege stader for fuglefjellsartane. Runde er den best kjende av desse øyane og huser dei største koloniane. Runde er også det einaste store fuglefjellet i Sør-Norge. Det har elles vore etter måten store koloniar også på naboøyar i Herøy og Sande og på Nordøyane i Haram. Mindre koloniar finst fleire andre stader, men desse er gjerne meir ustabile over tid. Slik kan ein finne til dømes toppskarv- og krykkjekoloniar spreidd på kysten av Romsdal og Nordmøre.

Andre sjøfuglartar, særleg måsar og ternar, hekkar både i koloniar og parvis langs heile fylket, men tettare i dei straumrike områda kring fjordmunningane enn inne i fjordane. Inne i fjordane er utvalet av eigna hekkeplassar mindre. Så godt som alle skjer, holmar eller småøyar i fjordane har sjøfugl hekkande, men villminken har i løpet av dei siste tiåra medverka til at måsar og ternar har funne det tenleg å flytte koloniane anten innover i lyngheia eller til dei ytste skjera. Strandenger eller småholmar i fjordsystema gjev ikkje lenger like godt resultat i hekkinga.

For det meste er sjøfuglkoloniane temmeleg konsentrerte og legg beslag på små areal. Eit unnatak er dei nye koloniane hos måsar og ternar som ligg i lyngmark og myr samt koloniar av tjuvjo, etter kvart truleg også storjo. Desse kan ha temmeleg stor avstand mellom reira og dekkjer heller store område.

3.3 UNDERSØKINGAR I MØRE OG ROMSDAL

Undersøkingar retta spesielt mot sjøfugl i Møre og Romsdal har pågått sidan 1950-åra. Den første tida galdt dette ringmerking i fuglefjella på Runde, mest som fritidsaktivitet. Frå 1970 er meir vitskapelege undersøkingar gjennomførde. Mykje av undersøkingane etter dette er gjennomførde som prosjekt eller delar av prosjekt, finansiert av tilskott frå ymse instansar; Miljøverndepartementet, Møre og Romsdal Fylke, Verdens Villmarksfond og Width Endresens fond. Frå 1979 vart aktiviteten i Møre og Romsdal fanga opp i eit nasjonalt system gjennom «Sjøfuglprosjektet» i regi av Direktoratet for vilt og ferskvassfisk (DVF, seinare DN).

Feltarbeidet er i stor grad utført av medlemmer i Norsk ornitologisk foreining (NOF), som skipa fylkesavdeling i Møre og Romsdal i 1968. Den meir vitskapelege aktiviteten i foreininga har vore organisert gjennom Ornitologiske undersøkingar i Møre og Romsdal (OUM, tidlegare Orn. stasjon Vigra, er ein del av NOF avd. Møre og Romsdal). Opplysingar frå einskildpersonar eller grupper innan NOF si fylkesavdeling er eit viktig supplement til prosjekta og dels har NOF sin aktivitet vorte støtta gjennom viltfondet (totalundersøkingane på Nordmøre 1990, Romsdal og Sunnmøre 1994 - 95). Av prosjekt kan nemnast:

- *Registrering av ornitologisk viktige våtmarker i Norge*, A.O.Folkestad, 1972, på oppdrag frå Miljøverndepartementet.
- *Landsoversikt over verneverdige områder og forekomster*, 1974-75, Miljøverndep.
- *Registrering av område som er av verdi for friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal*, 1974-76, Fylkesmannen i Møre og Romsdal .
- *Sjøfuglprosjektet*, 1979-84, Miljøverndepartementet/Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk.
- *Konsekvensvurderingar for sjøfugl i samband med oljeledning/-utvinning på Møre I*, 1984-85, Olje og energidep./Miljøverndep. (fleire rapportar).
- *Det nasjonale overvåkingsprogrammet for sjøfugl*, 1988-(og framleis), Direktoratet for naturforvaltning/Norsk inst. naturforskning.
- *Effektstudier av oljesøl på sjøfuglbestandane*, 1992, (etter forliset av «Arisan» og «Sonata»).

Gjennom åra er heile fylket etter måten godt undersøkt for sjøfugl, dei fleste stader meir enn ein gong. I tabell 4.2 er gjeve eit oversyn over dei fleste lokalitetar der hekkinga har eller har hatt kolonipreg. Undersøkingane er gjorde i perioden 1970 - 98. Smøla kommune er verd å nemne særskilt. Her vart det i 1998 sett igang eit prosjekt «Smølaprosjektet» med tanke på å samordne dei omfattande og store verneinteressene i kommunen. I «Smølaprosjektet» inngår også ei vurdering av sjøfuglressursane.

Den geografiske avgrensinga av dei einskilte lokalitetane er meir eller mindre naturleg. I mange høve er fleire mindre koloniar på ulike holmar eller skjær samla under eitt lokalitetsnamn. Dette gjer materialet meir handterbart i alle samanhengar, også med tanke på at artar som ternar og måsar kan flytte holmar imellom frå år til år.

Digital lagring av sjøfugldata gjev betre moglegheiter til systematisk oppgradering og bruk. Det finst to databasar der slike opplysingar er lagra og begge databasene knyt bestandsdata til digitale kart (GIS).

For det første vart det i samband med sjøfuglprosjektet (sjå ovanfor) etablert ein sentral database med opplysingar frå heile landet. Det er no Norsk institutt for naturforskning (NINA) som eig databasen og den vert årleg komplettert med data frå overvåkingsprogrammet deira. I Møre og Romsdal vert følgjande artar og stader overvaka: toppskarv, havsule, krykkje, lomvi og lunde på Runde i Herøy kommune, sildemåse på Sortna i Smøla kommune og havhest på Erkna i Giske kommune.

For det andre har Direktoratet for naturforvaltning utvikla «Naturbasen», som fylkesmennene nyttar mellom anna til lagring av bestandsdata for ulike viltartar, sjøfugl inkludert. Denne databasen vert i Møre og Romsdal oppdatert etterkvart som nye undersøkingar ligg føre, til dømes som gjennom denne rapporten. «Naturbasen» er meir detaljert enn sjøfugldatabasen.

3.4 METODISKE PROBLEM

Det er ofte vanskeleg å skaffe godt oversyn over faunaen i eit område. Sjøfuglane høyrer med nokre unnatak ikkje til dei vanskelegaste. Dei er etter måten store, lever lett synleg og markerer hekkplassane godt. Undersøkingane er i første rekkje retta mot hekkelokalitetane. Registreringar eitt år gjev eit situasjonsbilete. Det er nemnd tidlegare at storleiken av sjøfuglbestandane vil variere med ei rekkje faktorar der næringsstilgang ofte er den viktigaste. For fleire av artane kan det difor vere stor variasjon frå år til år. Dette kan gjelde talet på fugl som går til hekking, i kva grad hekkinga vert vellukka eller om delar av koloniane vert flytta til andre lokalitetar. Det siste gjeld først og fremst for ternar. På overnattings-, raste- eller overvintringslokalitetar er gjerne fuglane tett samla og lett synlege. Sjølv om teljingane er noko enklare vil det også her vere tale om situasjonsbilete.

For å kunne trekke sikre konklusjonar om trendar og tendensar treng ein difor undersøkingar over fleire år. I praksis er det vanskeleg å gjennomføre dette innafor rimeleg tid og til rimelege kostnader. Ein er difor nøydd til å gjere eit utval av tidsperiodar og lokalitetar. Ei god hjelp er det likevel å halde eigne undersøkingar saman med tilleggsopplysingar frå folk som bur nær dei ulike lokalitetane. Med bakgrunn i dette kan ein slå fast at kjennskapen til lokalitetane er best i den sørlege delen av fylket av di desse har vorte vitja oftast.

Sjòlsagt vil det også utanfor dei namngjevne lokalitetane (tabell 4.2) hekke eller ha hekka sjøfugl eller grågås. Dette gjeld einskildpar i stor utstrekning, men også mindre koloniar. I omfang er dette problemet størst for måsefuglane; ternar, måsar og joar, samt for grågås og ærfugl. Ein kan til dømes nemne at det i Aukra kommune i 1975 vart registrert fiskemåsekoloniar med tilsaman fleire hundre par i ulike myrområde på øya. Ved undersøkingane i 1994 er det ikkje gjeve opplysingar om desse. Sjølv om alle tegn tyder på nedgang i bestandane er det god grunn til å tru at det framleis hekkar ein del fiskemåse i myrområda. I mange tilfelle vil slike myrområde vere endra sidan 1975. Dette er eit bilete på at det ofte er knytt store brukarinteresser til slike område. Dei er difor berre i liten grad omtala vidare.

Eit anna problem er knytt til sjølve registreringsmetodikken. Dei fleste undersøkingane er gjorde av amatørornitologar. Sjølv om desse er godt skolerte når det gjeld artskjennskap og undersøkingemetodar, vil det likevel vere noko forskjell mellom måten det er gått fram på. Den sikraste måten er å gå systematisk gjennom koloniane og registrere alle reir som er i bruk. Graden av sikkerheit vil variere mellom artane. Ein annan men mindre presis måte, er å registrere frå avstand talet på individ som ligg på reir. For nokre artar vil dette vere uråd, til dømes for lunde. Den minst sikre måten er å registrere talet på vaksne individ i kolonien, og deretter nytte dette til å estimere hekkebestanden (føresett at ein har påvist hekking sikkert). Også her vil nokre artar vere lettare enn andre. Det er vanskeleg ut frå rådata aleine å slå fast kva metode som er nytta og i kva grad same metode er nytta ved nye vitjingar i kolonien. Det er mellom anna nytta fleire ulike typar feltskjema. Noko av denne feilkjelda er redusert gjennom dialog med medarbeidarane.

Det tredje problemet er knytt til overgangen mellom rådata og digitaliserte data. Det har vore ulike personar som har lagt opplysingane inn i databasene og desse kan ha tolka feltskjema ulikt. Slike forskjellar er dokumentert gjennom samanlikning og er særleg eit problem i fylkesmannen sin Naturbase. I denne rapporten vil feilen vere størst for det nyaste datasettet av den enkle grunn at Naturbasen ikkje lagrar tidsseriar. Alle eldre data er difor plukka ut frå rådatabanken av ein og same person.

Trass i feilkjeldene ovanfor meiner vi likevel at undersøkingane gjev eit brukbart bilete av sjøfuglsituasjonen i fylket og at dei viktigaste lokalitetane er fanga opp under omtalen i kapittel 4.

3.5 BESTANDANE I MØRE OG ROMSDAL

Utgravingar i Dollsteinhola (Sandsøya) og Skjonghellaren (Valderøya) har skaffa dokumentasjon når det galdt artsutvalet av sjøfugl fleire tusen år attende i tida. Opplysningar frå prestane Reutz (1748) og Strøm (1762) har gjeve oss visse haldepunkt om kva artar som var vanlege eller sjeldsynte på den tid. Såleis nemner Hans Strøm i sin «Beskriffuelse over Fogderiet Søndmøre» frå 1762 geirfuglen som velkjend blant fiskarane. Dette var ein alkefugl som no er heilt utrydda. Utover dette finst det liten kunnskap om korleis tilstanden var i tidlegare tider. Særleg veit ein lite om dei talmessige tilhøva.

Kring 1920 hekka storskarven i koloniar på Runde og fleire andre stader. Så seint som i 1960 skal det ha vore ein koloni på Gallerskjera på Hustadvika, men no hekkar han ikkje lenger i Møre og Romsdal. I staden har vi fått i alle fall tre nye artar som hekkefuglar i vårt århundre: Havhest, havsule og storjo. Om havsvale og stormsvale er nye som hekkefuglar er uvisst, for det kan vere levesettet som gjer at hekking vart stadfesta først i 1996.

Innan ein skildrar utviklinga for dei einskilde artane er det på sin plass med eit samla oversyn over bestandane og kva årsaker ein meiner ligg bak endringane. Dette er samanfatta i tabellane 3.1 og 3.2.

Nedgangen i mange av bestandane frå 1970 og utover var utgangspunkt for fleire undersøkingar om kva årsakene kunne vere. Ein del undersøkingar fokuserte på miljøgifter, predasjon og sjukdomar. Ingen av desse såg ut til å forklare dei unormalt låge hekkeresultata som ein observerte. Rett nok må ein ta atterhald for minkpredasjon hos eit par av artane, men det vart ikkje funne teikn på sjukdomar. Miljøgiftinnhaldet var høgast hos artar som hadde framgang; svartbak og havhest, medan det var relativt lågt hos dei artane som hadde størst problem. Toleransen kan vere ulik, men det var naturleg å fokusere meir på næringstilgangen.

Tabell 3.1: Estimert over hekkebestandar av sjøfugl i Møre og Romsdal.

| Art \ Årstal | 1975 | 1981 | 1986 | 1995 - 96 |
|---------------------------------------|------------------------------------|-----------|----------|-------------|
| Havhest | 1700-2000 | 2500 | 3000 | 5500 |
| Havsvale | - | - | - | 15+ |
| Stormsvale | - | - | - | 2+ |
| Havsule | 500 | 700-750 | 1500 | 2000+ |
| Toppskarv | 6500-7000 | 2600-2700 | 2500 | 2400 |
| Grågå | 350-400 | 4-500 | 400+ | 500+ |
| Ærfugl ²⁾ | 3-4000 | oppgang? | 8000 | 8000 |
| Tjuvjo | 500 | nedgang? | 4-500? | 400? |
| Storjo | 0 | 2 | 15 | 50 |
| Hettemåse | 50 | 100 | 120 | 120 |
| Fiskemåse | 15-20 000 | uendra? | nedgang | 10 - 15 000 |
| Sildemåse | 1000 | nedgang | nedgang | 7 - 900 |
| Gråmåse | 10 000 | nedgang? | nedgang? | 9000 |
| Svartbak | 6000 | uendra | uendra | 6000+ |
| Krykkje | 100 000? | 60 000? | 55 000? | 55 000? |
| Makrellterne | 2000 | nedgang? | nedgang? | 1500? |
| Raudnebbterne | 10-15000 | nedgang? | nedgang? | 8 - 10 000? |
| Lomvi | 7600 ¹⁾ | 8-10 000 | 10 000? | 8 - 9000 |
| Polarlomvi | - | 1-5 | 1-5 | 1 - 5 |
| Alke | 3200 ¹⁾ | 3-4000 | 3-4000? | 3000 |
| Teist | 7-800 | uendra? | uendra? | 5 - 600 |
| Lunde ²⁾ | 40 000 ¹⁾ | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Totalt for 22 artar: ²⁾ | 208 000 - 220 000 ²⁾ | 225 000 | 230 000? | 210 000? |

- = ingen data

? = usikkerheit

S = arten er heilt eller delvis solitær, dvs. hekkar ikkje i koloniar

1)=opplysingar frå litteraturen

2)=For ærfugl og lunde er grunnlaget for estimat betra frå 1981 til 1986. Bestandsauke er difor ikkje sikkert dokumentert. Dette speglar seg også i totaltala.

+ = minimumstal

Det syner seg at hekkensvikten hos mange av artane fell saman med samanbrotet i den Atlantoskandiske sildestammen. Silda som tidlegare fanst i store mengder utanfor Mørkysten, vart fram mot 70-åra så kraftig overfiska at det naturlege vandringsmønsteret opphørte. Nokre av artane har i ein viss grad greidd å kompensere tapet av sild med andre fiskeartar, som til dømes brisling, torskefisk og sil. Såleis starta den alvorlege nedgangen for toppskarv først etter at også seistammene hadde vorte kraftig redusert rundt 1975. Når rekrutteringa til koloniane sviktar vil faktorane som påverkar vaksendøying verte tilsvarande viktige. Jakt og garnfangst har såleis auka problemet for toppskarven.

Også den vidare utviklinga kan setjast i samanheng med utviklinga i sildestammen. Etter at fisket opphørte fekk sildestamma nokre år på seg til ny oppbygging. Frå 1978 synte dette seg i nokon grad hos sjøfugl. Innsiget av gytande sild var særleg stort i 1983, dette vart og eit svært godt sjøfuglår. Dei neste åra var mindre gode, men ein kunne vente godt sildeinnsig igjen i 1988, på grunnlag av 1983-klassen. Dette viste seg å stemme, både for sild og sjøfugl.

Tabell 3.2: Oversyn over bestandsendringar hos sjøfugl i Møre og Romsdal, bygd på litteraturopplysningar og feltarbeid i perioden 1955-1998

| Art | Hekka første gong ¹⁾ | Bestandsutvikling | | Årsak til endring |
|---------------|---------------------------------|-------------------|---------------|---------------------------------|
| | | 1955 - 70 | 1970 - 98 | |
| Havhest | 1920(1900?) | oppgang | oppgang | vern/betra næringstilgang |
| Havsvale | ikkje kjend | ikkje kjend | ikkje kjend | ikkje kjend |
| Stormsvale | ikkje kjend | ikkje kjend | ikkje kjend | ikkje kjend |
| Havsule | 1946 | oppgang | oppgang | vern/ukjend |
| Storskarv | ukjend | nedgang | ingen hekking | jakt/uroing |
| Toppskarv | ukjend | oppgang | nedgang | næringssvikt/ jakt/fiskegarn |
| Grågås | ukjend | nedgang/oppg. | oppgang | vern |
| Ærfugl | ukjend | nedgang | oppgang? | villmink/vern |
| Storjo | 1980 | ingen hekking | oppgang | ikkje kjend |
| Tjuvjo | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt? |
| Hettemåse | 1930 | oppgang | oppgang | ikkje kjend |
| Fiskemåse | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt? |
| Sildemåse | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt |
| Gråmåse | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt? |
| Svartbak | ukjend | truleg stabil | oppgang | ikkje kjend |
| Krykkje | 1700-tallet? | oppgang | nedgang | næringssvikt |
| Makrellterne | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt |
| Raudnebbterne | ukjend | truleg stabil | nedgang | næringssvikt |
| Lomvi | ukjend | nedgang? | oppgang | ikkje kjend |
| Polarlomvi | ukjend | ikkje kjend | ikkje kjend | ikkje kjend |
| Alke | ukjend | nedgang? | oppgang? | ikkje kjend |
| Teist | ukjend | nedgang | nedgang | villmink |
| Lunde | ukjend | truleg stabil | stabil? | ikkje kjend |

1) dei fleste artane har hekka sidan tidlegare tider. Ein har difor angitt tidspunktet som «ukjend», i motsetnad til «ikkje kjend» for havsvale og stormsvale.

Med stort feittinnhald og tette, kystnære bestandar har silda truleg vore hovudgrunnlaget for sjøfugl i vårt fylke i hekketida, anten direkte eller indirekte. Skal bestandane av sjøfugl i Møre og Romsdal kome attende til tidlegare toppnivå, synest det difor klart at sildestammen må få bygge seg opp att.

3.5.1 Dei einskilde artane

3.5.1.1 HAVHEST

Dialektnamn: kjalk(tjalk) (Sunnmøre).

Første dokumenterte rugefunn i Norge er frå Runde i 1920, men etter det som er opplyst om bestanden då, må kolonien ha vore grunnlagt nokre år før, truleg nærare 1900. Arten har vore i framgang sidan. Årsakene til dette er truleg først og fremst stans av fangst på hekkeplassane i Storbritannia, men og auka næringstilgang i form av fiskeavfall frå havfiskeflåten. Totalbestanden i fylket er rekna til omlag 5.500 par. Av dette hekkar kring 5000 på Runde. Dette er hovudtyngda av den norske bestanden,

sjølv om arten dei seinare åra er funnen hekkande ei rekkje stader frå Rogaland til Vest-Finnmark.

- Utbreiing: Opprinneleg var havhesten ein høgarktisk art. I nyare tid har han breidd seg sørover, ned til Storbritannia, og bestanden har auka sterkt. Havhesten finst i to fargevariantar, ein lys og ein mørk. Den lyse er vanlegast i Norge.
- Hekking: Helst på skjerna gras- eller jordhyller i bratte fjellveggar, men og under stein og i urer med fritt tilflog. Alltid nær sjøen. Reiret er berre ei grop, eller er oppbygd av småstein, planter, tang eller torv der slikt er tilgjengeleg. Det eine egget er svært stort og vert ruga omlag 50 døgn. Etter nær 2 månader er ungen fullfjora og går på sjøen. Han må då greie seg sjølv og tærer i den første tida på eit tjukt feittlag.
- Næring: Åte av ulikt slag, helst feite krepsdyr eller små blekksprut. Gjerne også fiskeavfall på havet, særleg lever. Åtsel av kval og sel er ettertrakta. På hekkeplassen kan han ta litt grøne planter og ein sjeldan gong fugleungar. Ungane vert fora med mat som dei vaksne gulpar opp.
- Trekk: Er utanom hekketida ein utprega havsfugl som sjeldan er å sjå nær land. Han spreier seg over heile Nord- Atlanteren og er velkjend for å følgje skip.

3.5.1.2 HAVSVALE

Havsvala er den minste av sjøfuglane, mindre enn ein stare. Fuglen er av gode grunnar lite kjend mellom folk flest. Havsvala kjem til land berre i hekketida og berre om natta. Systematiske undersøkingar dei siste åra tyder på at havsvala må hekke på fleire av dei ytste øyane i fylket. Fuglar er såleis fanga og ringmerkte i hekketida på Runde, Grasøyane, Flø, Erkna, Giske, Male (Hustad) og Kvitholmen. Fleire av desse har fullborne egg i seg, store rugeflekkar eller teikn på at dei nett har mata ungar. I Norge vart hekking først påvist på Røst, men seinare også andre stader. I Møre og Romsdal vart dei første og hittil einaste sikre hekkfunna gjort på Erkna i 1996. Det ligg ikkje føre data om bestandssituasjonen i Norge. I England og Middelhavet er det rapportert om nedgang dei seinare åra.

- Utbreiing: Hovudutbreiinga er rekna å vere Island, Storbritannia og Færøyane. Det uvisst i kva grad arten har hekka i Norge tidlegare.
- Hekking: Reiret er godt gøymt i bergsprekker, under steinar og i ur, eller i lundeholer. Når havsvala berre er i aktivitet på hekkeplassen om natta, må ein sjå dette som ei tilpassing til at ho er temmeleg hjelpelaus på land og lett vil kunne falle som offer for bl.a. dei store måsane. Lystilhøva gjer difor at havsvala hekkar svært seint i vårt land. I Storbritannia er det egglegging i juni, medan egglegging på Røst først skjer etter at midnattsolperioden er over i august. Rugetida er innpå halvannen månad og reirtida for ungene rundt 2 månader.
- Næring: Først og fremst feittrik åte og større plankton av ymse slag som fuglen plukkar ved å springe på havflata. Ungane får mat som foreldra gulpar opp.
- Trekk: Fangst og ringmerking dei siste åra har gjeve ny kunnskap om havsvala. Det er tydeleg at havsvala kan vandre raskt og langt også under hekketida. Fleire hundre kilometer pr. døgn er konstatert. Utafor hekketida vandrar havsvala i ope hav. Ungfugl er påvist så langt sør som ved Sør-Afrika.

3.5.1.3 STORMSVALE

Denne arten liknar på havsvala, men er litt større. Leveviset er nær det same. Det er klare teikn på at også denne arten må vere hekkefugl enkelte stader på Mørkekysten. Arten vart først funne hekkande på Røst men er observert i hekketida fleire andre stader i landet. Vaksne fuglar er fanga og ringmerkte på Runde i hekketida, der arten også er høyrd spelande nattetider på høvlege hekkeplassar. I tillegg er såvidt flygedyktige ungar ved fleire tilfelle fanga på Sunnmørsøyane seinhaustes. Dei første

og hittil einaste sikre hekkefunna i vårt fylke vart gjort på Erkna i 1996. Det ligg ikkje føre data om bestandstendensar i Europa, men i USA er det påvist negativ utvikling som skuldast uroing og auka predasjon på grunn av dette.

- Utbreiing: Stormsvala hekkar på begge sider av Nord-Atlanteren og på asiatiske side av Stillehavet sør til Japan. I våre næraste farvatn er Skotland og Færøyane dei viktigaste hekkområda.
- Hekking: Stormsvala kan grave ut holer i jorda sjølv. Elles er hekkinga temmeleg identisk med det som gjeld for havsvale.
- Næring: Som for havsvale er dette feittrik åte som ho plukkar på tilsvarende måte.
- Trekk: Europeiske stormsvale spreier seg over store havareal utanom hekketida, men trekkjer i hovudsak til det tropiske Atlanterhavet vinterstid.

3.5.1.4 HAVSULE

Havsula er den største av dei typiske fuglefjellsartane. Første rugfunn i Norge vart stadfesta på Runde i 1946 med 4 par. Opplysingar som ikkje er stadfesta fortel at havsula skal ha hekka på Storholmen utafor Vigra fram til fyret vart bygd der i 1907-1908. Bestanden på Runde har auka jamnt sidan etableringa og idag er det i overkant av 2000 par der. Dette er framleis landets største koloni. Arten rugar 5 andre stader på kysten lenger nord og totalbestanden er kring 4000 par. Årsaka til auken finn ein truleg i vernetiltak i hekkekoloniane i Storbritannia.

- Utbreiing: Innvandringa til Norge samsvarer godt med bestandsutviklinga elles i Nord-Atlanteren, der havsula har auka gjennom heile 1900-talet. Dei største koloniane er på Island, Færøyane og Storbritannia, men arten har og spreidd seg til småkoloniar i Frankrike og USA/Canada.
- Hekking: Reiret er bygd av drivgods som tang og bitar av trålposar(!), vanlegvis på hyller i stupbratte bergveggar. Der slike ikkje er tilgjengelege, kan ho hekke i skarvekoloniar på låge skjær. Det einaste egget vert ruga i vel 6 veker, og først etter rundt 3 månader er ungen fullvaksen og må greie seg sjølv. Han tærer den første tida på opplagra feitt.
- Næring: Fisk av ymse slag, helst feite stimfiskar som sild, sil, lodde og makrell. Stupdukkar, ofte frå stor høgde. Ungane vert fora med oppgulpa fisk frå kroposen.
- Trekk: Utafor hekketida følgjer havsula fiskestimar over store havområde. Ungfuglane dreg likevel helst sørover i Atlanteren og vender først attende til hekkeplassane etter 2-3 år.

3.5.1.5 TOPPSKARV

Runde er den største toppskarvkolonien verda har kjend, med meir enn 5.000 par i 1975. Totalt rekna ein 6-7000 par i fylket på den tida. Etter dette har bestanden gått kraftig attende og var i 1981 nede på 2.600-2.700 par, dvs. ein nedgang på 60 % i løpet av 6 år. Dette var framleis stoda i 1992. Då var hovudkolonien på Runde nede i 1600 par medan dei fleste andre koloniane synte ein viss auke etter at næringssituasjonen vart noko betre. Utviklinga etter 1992 har vore varierende (i M & R) og i 1998 var det framleis omlag 1500 par, av totalt 2400 i fylket. Svært mykje skarv er ringmerka i vårt fylke og to og eit halvt tusen av desse er attfunne. Dette gjev eit svært godt bilete av vandringer og dødsårsaker. Årsaka til nedgangen er tydelegvis ein kombinasjon av hekkesvikt (=næringssvikt) og svært høgt uttak av både vaksne og ungfugl gjennom fiskereiskap og jakt.

- Utbreiing: Vår underart av toppskarv finst berre langs vestkysten av Europa og i Island med ein totalbestand på nokre få titusen par. Omlag halvparten hekkar i

Storbritannia og fjerdeparten i Norge. I 1975 fanst halvparten av den norske bestanden i Møre og Romsdal.

- **Hekking:** Reiret vert bygd av gras, tang eller kvistar, oftast skjult i ur, holer, bergsprekkar, men av og til heilt ope. Toppskarven legg nesten alltid 3 egg som vert ruga omlag ein månad, og reirtida er halvannen til to månader. Arten er vår for forstyrningar i hekketida men legg gjerne eit nytt kull egg om det første går tapt. Seine kull kan difor finnast til ut i september.
- **Næring:** Dukkan etter stimfisk av ymse slag. Sild, sil og småsei har vore viktigaste næring i Møre og Romsdal. Ungane vert fora med oppgulpa fisk frå kropsen.
- **Trekk:** Toppskarven vandrar etter gode fiskeplassar langs kysten, og fuglar frå Møre og Romsdal overvintrar frå Froan til Rogaland. Hovudområdet ligg frå Hustadvika til Frøya.

3.5.1.6 GRÅGÅS

Etter ein nedgang gjennom første halvdel av vårt århundre har grågåsbestanden i Møre og Romsdal på nytt auka, og arten finst no langs heile kyststrekninga i fylket. Tilgjengelege opplysningar gjev grunnlag for å tru at hekkebestanden må vere på minst 500 par, men grågåsa er langt vanskelegare å kartlegge enn dei fleste sjøfuglane av di ho hekkar spreidd. Hovudtyngda finst i lyng- og myrlandskapet på dei flate øyane i nordlege del av fylket, med Smøla som det viktigaste området. Der har det og vore samlingar på minst 1.000 grågås i myteperioden seinsommars. Bestanden i ytre Romsdal er også god, medan tettleiken på Sunnmøre er mindre.

- **Utbreiing:** Hekkeområdet dekkjer store delar av Europa sør til mellom-Europa, men tyngdepunktet er Island, Norge og Danmark. Etter ein nedgangsperiode har arten vore i framgang over heile utbreiingsområdet dei siste 30 åra. I Norge finst arten langs det meste av kysten, men fåtallig og spreidd aust for Rogaland, og med dei tettaste bestandane frå Møre og Romsdal og nordover. Særleg er bestanden tett i Nordland.
- **Hekking:** Grågåsa gøymer reiret i vegetasjonen og hekkar ikkje i koloniar. Dei 4-8 eggja vert ruga i 4 veker, og ungene er flygedyktige etter 9-10 veker. Sjølv om kulla held saman kvar for seg kan dei opptre i større flokkar under beiting.
- **Næring:** Grågåsa er planteetar. Ungane tek ein god del blomsterknoppar, blomster og blad av ulike urter. Dei vaksne beiter i større grad på gras men med tilskot av mange andre planteartar. Om hausten et dei bær, korn og frø, og om vinteren dessutan røter og knollar av ymse slag.
- **Trekk:** Våre grågjæser overvintrar for ein stor del i Sør-Spania (Marismas del Guadalquivir) og Nord-Spania, som også er viktigaste vinterkvarter for andre nordeuropeiske grågjæser. Ein del fuglar kan og overvintre langs kysten i Sør-Norge, også i vårt fylke.

3.5.1.7 ÆRFUGL

Dialektnamn: æd (Sunnmøre).

Dette er den einaste typiske sjøfuglen blant dei endene som hekkar i Norge, og arten er vanleg som rugefugl over alt langs kysten i Møre og Romsdal. Dei indre fjordstrøka har likevel små og spreidd bestandar og tyngdepunktet ligg i skjergardsområde med store gruntvassareal. Tidlegare var bestanden langt større, men store tap under siste krig (jakt og oljesøl), saman med innvandring av mink, er truleg årsaka til nedgangen. Generelt er arten særst utsett for oljesøl. Dei siste åra synest likevel bestanden å vere på veg opp att.

Ærfuglen har tradisjonelt vorte verna av kystbuarane, sjølv om den eigentlege egg- og dunværsdrifta synest å ha vore mindre utbreidd i Møre og Romsdal enn lenger nord. Ut frå tilgjengelege opplysingar kan ein rekne hekkebestanden i fylket til minst 8.000 par, men av di ærfuglen i stor grad hekkar spreidd er det vanskeleg med sikre teljingar. I 1985 vart det opptalt 12.000 fjørfellande hannar på Mørkysten.

- **Utbreiing:** Arten finst langs kystane i heile det arktiske området og er oppdelt i fleire underartar. I Europa har han breidd seg sørover til Frankrike og har hatt jamn auke i sørlege delar av utbreiingsområdet i nyare tid. Dei siste åra er det likevel rapportert om stagnasjon/nedgang i desse sørlege bestandane. I Norge finst ærfuglen langs heile kysten, men hovudtyngda er nord for Trondheimsfjorden.
- **Hekking:** Hekkar spreidd eller i lause koloniar, og med reira godt gøymde eller heilt opne. Koloniruging er mest typisk der næringstilgangen er god (store gruntvassområde), og i vårt fylke hekkar arten mest spreidd. Dei 4-6 egga vert lagde i eit reir av dun og vert ruga 4 veker. Ungane går snart på sjøen og vert passa av mora. Etterkvart slår fleire kull seg saman til større eller mindre ungeflokkar, passa av fleire hoer. Ungane kan flyge etter vel to månader.
- **Næring:** Femner eit stort stort utval botndyr. I hekketida også litt plantekost, men blåskjel, strandkrabber, sjøstjerner og kråkeballar er særleg ettertrakta. Ungane lever av tanglopper og andre smådyr. I hamnene kan dei vaksne vinterstid livnære seg på fiskeavfall.
- **Trekk:** Ærfuglen er av dei meir stasjonære sjøfuglartane og overvintrar i stor grad nær hekkeområda. Langs Mørkysten kjem det likevel trekkande fugl frå hekkeområde lenger nord og aust.

3.5.1.8 TJUVJO

Dialektnamn: levrejo og kive

Fuglen er ein velkjend sommargjest langs heile kysten. Han finst i to fargevariantar, ein lys og ein mørk. Den lyse vert vanlegare nordover. Tjuvjoen er mest talrik på dei låge, myrlendte øyane. I 1975 vart totalbestanden i fylket vurdert til rundt rekna 500 par, men det er vanskeleg å telje opp bestanden fullgodt. Det torer vere liten tvil om at arten var meir talrik tidlegare. Nedgangen må setjast i samanheng med nedgangen i måsebestandane som i stor grad forsyner tjuvjoen med næring i hekketida (sjå nedanfor).

- **Utbreiing:** Tjuvjoen finst kring heile Nordkalotten, men er i Europa mest talrik i vårt land og i Island.
- **Hekking:** Arten hekkar mest som spreidde enkeltpar og helst i flatt terreng med godt oversyn. Nokre stader kan han opptre i lause koloniar. I vårt fylke er dette kjent frå tidlegare, i dei store, flate torvområda på Smøla, Vigra, Fjørtofta, Harøya og Gossen. Dei to egga vert lagde rett på bakken utan noko eigentleg reir. Rugetida er 4 veker og ungene flyg etter 4-5 veker.
- **Næring:** Næringa er allsidig, med fisk, åte, insekt og småkryp, dessutan litt bær. I hekketida skaffar han seg i stor grad mat ved å jage andre sjøfuglar (jamfør namnet), særleg dei mindre måsefuglane, til dei misser maten frå nebbet.
- **Trekk:** I vinterhalvåret er tjuvjoen ein havsfugl som trekker til dei sørlegare delane av Atlanterhavet.

3.5.1.9 STORJO

Dialektnamn: shetlandskråke

Dette er ein velkjend fugl blant fiskarane, men vart knapt sett frå land i Norge. Aukande førekomstar gjennom dei seinare åra enda til slutt med at det første paret

hekka på Loppa i 1975. På Runde har han hekka sidan 1980. I 1992 var det 9 par med reir på Runde, dessutan fleire par utan fast territorium. Andre stader i Herøy var det minst 9 par med reir, i Sande minst 5 par. Såleis var det i 1992 minst 23 hekkande par i fylket. I 1998 var talet på hekkande par kome opp i over 50. Hekkesuksessen har likevel vore svært varierende.

- Utbreiing: På den nordlege halvkula hekkar denne arten berre på Island, Færøyane, Skotland og Norge m/Svalbard. I tillegg hekkar han (eller ein svært nærstående art) kring Antarktis. Frå eit tidlegare tyngdepunkt på Island, har arten breidd seg austover og er i dag mest talrik på Shetland. I Norge er det i dag truleg rundt 100 hekkande par storjo, med Sunnmøre og Vest-Finnmark som hovudområda, dessutan noko større bestandar på Bjørnøya og Svalbard.
- Hekking: Dei 2(1) egga vert lagde i ei grunn grop, fora med litt gras, og plassert i ope hei- eller myrlandskap og med godt oversyn over terrenget ikring. Der bestanden er stor, kan arten hekke i lause koloniar. Ungane flyg etter 6-7 veker.
- Næring: Storjoen jager etter sjøfugl på same måte som tjuvjoen, men då først og fremst etter større fuglar som t.d. havsule. Dessutan opptre han vanleg som rovfugl og åtseletar, særleg i større koloniar av andre artar.
- Trekk: Den norske hekkebestanden er rekruttert frå Skotland og ein trur fuglane følgjer dei same vanene. Dei spreier seg i Nord-Atlanteren etter hekking, men har likevel ein tendens til å vandre sørover vinterstid.

3.5.1.10 HETTEMÅSE

Denne fuglearten har vandra inn i Vest-Europa gjennom dei siste 100-200 åra og auka sterkt i tal. Han har likevel aldri vore særleg talrik i Møre og Romsdal. Allereie i 1930-åra var det ein liten koloni ved Valderøya, og sjøl om det seinare er funne einskildpar eller nokre få par saman fleire stader i fylket, er det i dag få eigentlege koloniar. Vindfarholmen i Volda har vore den største, med rundt 100 par sist på 1980-talet. Dette var borte i 1995. Det er likevel vanleg å sjå hettemåse også i vårt fylke, kring hamner, gruntvassområde og næringsrike ferskvatn.

Utbreiing: Arten er vidt utbreidd i Europa og Asia og har auka sterkt i tal og utbreiing dei siste 200 åra. Det ser likevel ut som bestanden har passert ein topp mange stader. Hettemåsen er eigentleg ein ferskvassfugl, men i Europa hekkar han til ei viss grad langs kystane.

Hekking: Hettemåsen byggjer eit stort reir av kvist eller grove strå, helst plassert på våte stader med rik vegetasjon, til dømes i sivbeltet langs innsjøar. Det kan og vere plassert på tørrare og vegetasjonsfrie underlag på dei ytste skjera. Vanlegvis er der 3 egg, stundom 4 eller 5, og rugetida er vel 3 veker. Ungane er fort på føtene men held seg i reirområdet til dei flyg etter 5-6 veker. Arten er meir påverka av ver og temperatur enn dei andre måsane og kan legge egg allereie tidleg i april når det er tidleg vår.

Næring: Dette er først og fremst smådyr av ulike slag. På land og i ferskvatn er det særleg insekt, i sjøen er det krepsdyr, makk og småmuslingar i strandsona. Unntaksvis kan også hettemåsen plukke åte og småfisk i ope farvatn.

Trekk: Dei fleste av våre hettemåsar overvintrar kring Nordsjøkystane.

3.5.1.11 FISKEMÅSE

Dialektnamn: småmåse, seing eller sing

Ser vi bort frå krykkja, er dette den talrikaste av måseartane våre og han er vanleg over heile fylket, frå kysten til fjellet. Arten har likevel vore i tilbakegang sidan slutten av

60-talet. Dette skuldast truleg dårlegare næringstilgang i hekketida samt auka minkpredasjon. Fiskemåsen har i ein viss grad vore i stand til å kompensere problema ved auka innlandshekking. Auken i innlandet har ikkje motsvara nedgangen ved kysten og tyngdepunktet er framleis i ytre strok.

- Utbreiing: Fiskemåsen finst utbreidd over dei nordlege delar av Europa og Asia. I Amerika finst han berre lengst i nordvest. I vårt land, som har meir enn firedelen av bestanden i Europa, hekkar han tettast frå Rogaland til Nordland.
- Hekking: Fiskemåsen hekkar på holmar og småøyar, ofte i store og tette koloniar. Dei siste tiåra har likevel arten i større grad etablert opnare koloniar i heiar og torvmyrar eller han hekkar spreidd i tettbygde strok og lenger inn i landet. Her er det ikkje sjeldan å finne reira i tre eller på hustak. Det siste er truleg eit vern mot villmink. Reiret er bygd av gras og mose og dei tre eggja vert ruga i vel tre veker. Ungane flyg etter fem veker.
- Næring: Er som dei fleste måsane allsidig. Langs kysten lever fiskemåsen i stor grad av åte og småfisk som brisling, småsild og sil, men også smådyr i strandsona. På landjorda tek han alle slags småkryp samt frø og bær og han har gode vilkår i det moderne jordbrukslandskapet. I tillegg tek han gjerne hushaldsavfall (husmåsar, bymåsar).
- Trekk: Våre fiskemåsar trekker i juli - september til Nordsjølanda, særleg Storbritannia. Småflokkar og einskildindivid kan overvintre langs kysten der det er mat å finne.

3.5.1.12 SILDEMÅSE

Dialektnamn: mellommåse enkelte stader, singsmåse, sing

Denne måsen liknar på svartbak, men er mindre, meir elegant og har gule føter. Koloniane har vore ustabile og flytta ein del fram og tilbake. Arten var nok tidlegare langt meir talrik enn i dag og var fleire stader av dei viktigaste måsane i eggværa. To underartar av sildemåse hekkar regulært i Norge og Møre og Romsdal har vore i grenselandet mellom dei. Det er omlag 20 koloniar i fylket. Den nordlegaste underarten har gått sterkt attende dei seinare åra og vert i dag rekna som truga. Også den sørlege underarten har gått noko tilbake i vårt fylke. I begge tilfelle må tilbakegangen direkte kunne førast attende til samanbrotet i sildestammen. Sildemåsen er den av måsane (utanom krykkja) som er mest avhengig av fisk og som er mest bunden til kysten og havet, sjølv om han tidvis søker næring på dyrkamark. Det siste gjeld særleg individ som ikkje er i hekking.

- Utbreiing: Sildemåsen inngår i eit sirkumpolart artskompleks med gråmåsen og har fleire underartar. Skjematisk kan ein seie at han blir lysare mot aust medan gråmåsen vert mørkare mot vest. I overgangssona er artsskilnaden uklar. I Nord-Europa finst sildemåsen sør til Den engelske kanal, fordelt på tre underartar. Som nemnd hekkar to av desse regulært i Norge. Den tredje finst jamnleg utanom hekketida, men kan hekke sporadisk. Totalt har arten auka i tal og utbreiing i nyare tid. I vårt land har arten auka i sørvest, medan det har vore nedgang nordover.
- Hekking: Utprega kolonihekkar som helst vil ha flate, låge holmar og øyar, anten med grasmark eller myr, eller stundom også snauare svaberg- eller rullesteinsholmar. Reiret er bygd av gras og mose. Dei tre eggja vert ruga i fire veker, og ungene er liksom hos dei fleste måsane raske til å gå, men held seg i reiområdet. Dei flyg etter omlag sju veker.
- Næring: Sildemåsen er meir avhengig av fisk enn dei andre måsane og tek først og fremst stimfisk av ymse slag, særleg sild, brisling og sil. I nyare tid har også sildemåsen i ei viss grad funne næring på dyrkamark, og i sjeldne tilfelle kan han ta

egg og ungar frå andre fuglar. Han går i mindre grad på avfall, bortsett frå slikt som blir dumpa frå båtar.

- Trekk: Sildemåsen er den mest utprega trekkfuglen blant våre måsar, med overvintring i Afrika nord til Middelhavet. Overvintring i Norge er sjeldan.

3.5.1.13 GRÅMÅSE

Dialektnamn: stormåse og blåmåse

Gråmåsen er også vanleg som rugefugl langs heile fylket, men er mindre talrik enn fiskemåsen, og mindre vanleg innover i fjordane. Også denne arten har gått merkbart attende dei seinare åra, sjølv om det enno er fleire etter måten store koloniar. Nedgangen kan skuldast at bestanden tidlegare vart halden opp av eit stort utval sildoljefabrikkar og annan fiskeindustri som ga rikt tilkome på sild og avfall. Dei fleste av sildoljefabrikkane er no nedlagde og krava til avfallshandsaming er skjerpa.

Som for fiskemåse har det etterkvart vorte etablert ein del koloniar i lynghei og myrar noko unna kysten. Dette har likevel ikkje vege opp for nedgangen i dei gamle koloniane.

- Utbreiing: Sjå også kapitlet om sildemåsen. Arten er vidt utbreidd, og med mange underartar i Europa, Asia og Nord-Amerika. I vårt land hekkar han langs heile kysten, men er mest talrik og har dei største koloniane i Nord-Norge.
- Hekking: Gråmåsen legg helst reiret på grasmark, anten på hyller og steinar i fjellsidene eller på flatare øyar, holmar og nes. Oftast hekkar han i koloniar, men kan og hekke spreidd. Dei seinare åra har det vorte etablert ein del lause koloniar i lyngmark og myr noko unna sjøen. Hekkinga elles er som hos sildemåsen.
- Næring: Særs allsidig. Av naturleg næring er det fisk av ymse slag, elles botndyr som krabbar og muslingar. Han tek gjerne åtsel, egg og fugleungar, og samlar seg gjerne i store tal rundt fiskehamner og søppelplassar for å plukke alt slags avfall.
- Trekk: Ein del av våre fuglar reiser til Nordsjølanda, særleg Danmark, men og til Storbritannia. Ein del overvintrar, og totalt sett er gråmåsen den minst utprega trekkfuglen blant måsane våre.

3.5.1.14 SVARTBAK

Dialektnamn: stormåse

Arten er vanleg i heile fylket, men hekkar fåtalig innover i fjordane. Dette er den einaste av måsane som til ei viss grad har auka i tal dei seinare åra i vårt fylke. Så er også svartbaken den mest utprega generalisten og kjem som den største og sterkaste først til matfatet. Han har såleis kunne erstatta manglande marin næring med annan mat, til dømes egg og ungar frå andre måsar, avfall frå menneske m.v. Kanskje har rovfuglrolla også hatt sitt og seie for at svartbaken tidlegare vart halden nede av systematisk eggplukking og jakt.

- Utbreijing: Hekkeområdet dekkjer Nord-Europa sør til Frankrike, Grønland og heile austkysten av Nord-Amerika. I vårt land er han ein vanleg rugefugl langs heile kysten, men mest talrik i ytre strok frå Møre og Romsdal og nordover.
- Hekking: Hekkar enkeltvis eller i mindre koloniar. Svartbaken krev godt utsyn frå reiret og rugar såleis på toppen av holmar og nes, eller på lyngkledde høgdedrag og åsryggar, gjerne i kontakt med koloniar av andre artar. På dei største øyane kan han og finnast på fjellplatå opptil 6-700 m.o.h., men like ofte er han einaste hekkefugl ytst i fallgarden. Reiret er stort, men elles er eggstal, ruging og ungeperiode stort sett som hos sildemåse og gråmåse.
- Næring: Særs allsidig. Han fangar ein del fisk og andre sjødyr sjølv, både stimfiskar ute på ope vatn og t.d. rognkjeks på grunt vatn på fjøre sjø. I stor utstrekning plukkar han og kråkeballar. Svartbaken opptreir elles som utprega åtseletar, tek egg og ungar frå andre sjøfuglar og nyttar i stor grad avfall frå menneske, både fiskeavfall og frå søppelplassar.
- Trekk: Svartbaken er ingen utprega trekkfugl, men trekkjer gjerne i sørleg retning mot vintersesongen. Mykje av den norske hekkebestanden overvintrar langs Nordsjøkystane, men ein god del overvintrar i Norge.

3.5.1.15 KRYKKJE

Saman med lunde er krykkja langt den talrikaste av sjøfuglane våre. Den skil seg frå dei andre måsane i utsjånad, men ikkje minst i levesett. Krykkja er av dei artane som vanlegvis berre er å finne hekkande på dei ytste øyane og som utanom hekketida stort sett held til på ope hav. Sommarstid kan ho likevel følgje etter åte og småfisk langt inn i fjordane. I vårt fylke er det ein stor koloni på Runde, samt ei rekkje mindre koloniar. På Runde var det truleg kring 100.000 hekkepar under toppåra sist på 1960-talet. Dette var nokså uendra fram til 1975. Dei neste ti åra gjekk bestanden attende med nær 50 %. Dette har utan tvil samanheng med næringsssvikt i hekketida. Mot slutten av 80-talet vart næringsssituasjonen noko betre. Trass i dette har krykkja forsett tilbakegangen på Runde. Det er og verd å nemne fuglefjellet i Ålesund, som vart sprengt vekk tidleg på 70-talet. Her hekka 5 - 700 par krykkje.

Småkoloniar finst i dei fleste av dei ytre kystkommunane. Desse koloniane kan dels vere eit utslag av dårlege tilhøve på Runde, dels ha samanheng med at hekkeplassane i Ålesund forsvann. På Vindfarholmen i Volda var det i ei årrekkje ein krykkjekoloni som den første fjordkolonien i fylket, men seinare er slike koloniar også etablerte i Nesset og Tingvoll. Dei små koloniane har synt seg noko ustabile over tid.

- Utbreijing: Arten finst langs kystane av Nord-Atlanteren sør til Bretagne og Newfoundland. Dessutan finst ein annan underart i det nordlege Stillehavet. Hovudtyngda av bestandane ligg i dei nordlege områda. I Norge rugar arten frå Rogaland til Russegrensa, men koloniane sør for Stad er små, og dei fleste

koloniane ligg nord for Lofoten. Kolonien på Runde har vore ein av de to største i landet. Arten har breidd seg mot sør i nyare tid.

- **Hekking:** Reiret er samanklistra av gras, mose, jord og ekskrement, oftast på ørsmå hyller og utspring i fjellveggar, gjerne under overheng og alltid nær sjøen. Der naturlege fjellveggar vantar, kan krykkja ta til takke med skjæringar, vegbruer eller flatare terreng. I hammene hekkar krykkja ofte på utspring på bygningar. Dei to eller tre egga vert ruga i 25 dagar og reirtida for ungane er omlag seks veker. Det følgjer av reirplasseringa at krykkja til skilnad frå dei andre måsane, må vere i reiret til ho kan flyge.
- **Næring:** tek åte og småfisk i vassoverflata, særleg rauåte, krill, småsild, brisling og sil. Dessutan samlar krykkjene seg gjerne kring fiskebåtar og plukkar fiskeavfall, først og fremst lever. Foreldra gulpar opp mat til ungane frå kroposen.
- **Trekk:** Vår krykkjebestand spreier seg utafør hekketida over store havområde, men ein stor del trekker over Atlanteren til områda mellom Grønland og Newfoundland. Ungfuglane vender vanlegvis ikkje attende til hekkeplassen før etter 2-3 år. Ein del av bestanden flytter og sørover langs kystane av Europa, og ein del overvintrar i våre farvatn.

3.5.1.16 MAKRELLTERNE

Dei to terneartane er vanskeleg å halde frå kvarandre i felt, men makrellterna er litt tyngre og ikkje så elegant som raudnebbterna. I vårt fylke er makrellterna den minst talrike, men til gjengjeld er ho den jamnast utbreidde, både langs kysten og inn i fjordbotnane, dessutan ved ein del vatn og vassdrag. Hekkebestanden i Møre og Romsdal har vore varierende år i mellom men hovudtrenden ser ut til å vere ein tilbakegang sidan slutten av 60-talet.

- **Utbreiing:** Makrellterna hekkar frå Nord-Afrika og Europa tvers gjennom Asia, dessutan i austlege og sentrale delar Amerika sør til Venezuela. Ein meiner at arten opprinneleg var ein ferskvassfugl som har tilpassa seg kystmiljøet. I vårt land hekkar makrellterna nord til Vest-Finnmark, sjeldan lenger aust, men tyngdepunktet ligg i Sør-Norge.
- **Hekking:** Arten er vanlegvis kolonirugar, men gjennomgåande i mindre koloniar enn raudnebbterna. Ofte hekkar dei to artane i blanda koloniar. Somme tider hekkar ho også solitært. Koloniane er ikkje stabile over tid og kan år om anna flytte til nye lokalitetar. Vanlegvis ligg koloniane på flatlendte holmar, skjer og nes med kort avstand til stranda, men hekking langs bergryggar inne i lynghei og torvmyr er kjend frå dei seinare åra. Dette er truleg ein reaksjon mot villminken. Reiret kan vere velbygd eller nesten ingen ting. Det er 3(2) egg som vert ruga i vel tre veker. Ungane er flygedyktige etter omlag ein månad.
- **Næring:** I hovudsak småfisk av ymse slag. I hekketida er det helst feite stimfiskar som småsild, brisling og sil, men elles gruntvassfisk både i salt og ferskt vatn som den stupdukkar etter. Den tek også store ferskvassinsekt og larvar av desse, men i mindre grad andre insekt.
- **Trekk:** Makrellterna er utprega trekkfugl som overvintrar langs kystane av Afrika frå Senegal til Cape Town.

3.5.1.17 RAUDNEBBTERNE

Dette er den minste, men mest elegante av våre terner, og langt den mest talrike. Sjølv om også denne arten kan følgje etter næring inn i fjordane og kan jakte i ferskvatn, er han ein meir utprega kystfugl og hekkar gjerne på dei aller ytste skjera i vårt fylke. Lik makrellterna har bestandane variert, men med ein langsiktig nedgang sidan omlag 1970.

- Utbreiing: Raudnebbterna er ein sirkumpolar fugleart som i Europa hekkar sør til Bretagne. I Norge hekkar ho langs heile kysten, men er svært fåtalig sør og aust for Rogaland. Langt dei største bestandane er i Nord-Norge. Arten synest å ha breidd seg mot sør i nyare tid.
- Hekking: Raudnebbterna har i det store og heile større og tettare koloniar enn makrellterna, men kan hekke åleine. Blanda koloniar er vanlege. Koloniane er normalt plasserte på flatlendte holmar, skjer, strandengar, eller i seinare år også inne på myrar og bergrabbar eit stykke frå sjøen. Særleg i Nord-Norge hekkar arten også ved vatn i innlandet. Dette har til tider også vore tilfelle lenger sør, bl. a. i Møre og Romsdal. Koloniane kan år om anna flytte til nye lokalitetar. Reiret vert plassert på område utan eller med kort vegetasjon og er vanlegvis berre ei grop. Ruge- og ungetida er noko kortare enn hos makrellterna. Dette er ei god tilpassing til kort hekkesesong, og raudnebbterna er den fuglearten som er funnen rugande lengst mot nord.
- Næring: Raudnebbterna beitar på åte av ymse slag, saman med småfisk og insekt. I hekketida er sil, småsild og brisling viktige, i ferskvatn m.a. stingsild og ørekyt. Raudnebbterna kan ta insekt i lufta og kan plukke smådyr frå vassflata mens den står stille i lufta. Stupdukking er likevel vanlegast.
- Trekk: Raudnebbterna er den fuglearten i verda som trekkjer lengst. Ho vandrar i vinterhalvåret etter næring i Sørishavet heilt sør til Antarktis.

3.5.1.18 LOMVI

På næringsøk er lomvien vanleg langs heile kysten av Møre og Romsdal og kan til tider gå langt inn i fjordane. Som hekkande er arten berre påvist på Svinøya, Runde og Storholmen. Storholmen og Svinøya er knapt i bruk årleg og talet på fugl er svært lågt. I Nordland, Troms og Vest-Finnmark vart det registrert ein dramatisk nedgang i bestandane i 1986-87 og på Røst har det vore langvarig nedgang. På Runde såg ein tvert om ein viss oppgang både på 70-talet og fram mot 1985. Kolonien vart estimert til 8-10.000 hekkepar i 1981. Slik det ser ut, hadde lomvien i vårt fylke ei stund brukbare næringsalternativ til sild i andre fiskeartar som sil, makrell og brisling. Etter 1985 har det likevel vore stor reduksjon i dei overvaka felta på Runde. I Norge totalt sett må situasjonen vurderast som vanskeleg.

- Utbreiing: Lomvien finst hekkande både i det nordlege Stillehav og i Nord-Atlanteren sør til Portugal vs. Newfoundland. I vårt land finst han rugande frå ytre Sogn til Varanger, men bestanden sør for Stad er liten og minkande. Sett bort frå Runde, ligg alle dei store koloniane frå Lofoten og nordover.
- Hekking: Arten hekkar vanlegvis på snaue fjellhyller i bratte stup og overheng mot havet. Der slike stader ikkje er tilgjengelege, kan han hekke mellom steinar i flatare terreng. Det einaste egget er stort og pæreforma og vert ruga nær 5 veker. Ungen hoppar på sjøen etter rundt tre veker, men er langt frå utvaksen og flygefør.
- Næring: Lomvien kan dukke nokså djupt og tek små stimfisk av ymse slag, helst feite artar som sild, brisling og sil.
- Trekk: Ringmerkingsfunn har synt at årsungane frå Runde vanlegvis trekker mot nord, men dette er påverka av nærings situasjonen, og frå tid til anna kan dei også trekke andre stader. Første del av trekket skjer symjande. Neste vår er ungfuglane oftast å finne utafor Nord-Norge heilt til Aust-Finnmark. To-tre år gamle vander dei attende til heimlassen. Vaksne fuglar er om vinteren mest å finne sør for rugelassen.

3.5.1.19 POLARLOMVI

Sjølvs om polarlomvi er nemnd av presten Hans Strøm som hekkefugl på Runde kring midten av 1700-talet, vart ikkje dette stadfesta før i 1980. Då vart det påvist ein fugl som utan tvil sat på egg, truleg i par med lomvi. Tidlegare er det gjort fleire observasjonar av arten i hekketida. Ein må såleis gå ut frå at arten frå tid til anna går til hekking også på Runde, men om dette skjer årvisst, er usikkert. I alle fall må det vere snakk om eit fåtal par eller individ.

- Utbreiing: Polarlomvien er ein høgarktisk fugleart som dominerer fuglefjella i Nordishavet og Barentshavet, dels i svært store koloniar. I vårt land er arten regulær hekkefugl i fleire koloniar i Aust-Finnmark, men er meir fåtalig mot vest, og på Røst hekkar berre få par.
- Hekking: Hekkinga er nær identisk med lomvi, men arten synest å kunne gå meir inn på område med grastorv og vegetasjon.
- Næring: Også i næringsval liknar han lomvi, men fangar i større grad krepsdyr og andre smådyr, i alle fall i hekketida.
- Trekk: Frå nordlege område trekker polarlomviane alt vesentleg til bankane utafor Sør-Grønland, der dei samlast i myteperioden. Langs våre kystar er polarlomvien meir sjeldan, sjølv om det er svært vanskeleg å få fullgodt oversyn over dette utafor hekketida.

3.5.1.20 ALKE

Alka er vanlegvis mindre talrik enn lomvien, men er elles jamnt å sjå i dei same områda. I og like etter hekketida er arten meir vanleg å sjå på næringsøk innover i fjordane enn lomvien. Også for alka gjeld at Runde er den einaste eigentlege kolonien i fylket, sjølv om hekking frå tid til anna er rapportert frå Svinøya og Storholmen. Kolonien på Runde vart i 1963 rekna til 3.200 par med tendens til nedgang. Først på 80-åra var det slik som for lomvien, liten tvil om ein viss framgang, men det var ikkje grunn til å tru at bestanden var større enn 3-4.000 par. I dag reknast han å vere kring 3000 par. I ein del av koloniane i Nord-Norge er det rapportert om sterk nedgang. Etter det som ligg føre av opplysingar er Runde den femte største kolonien i landet.

- Utbreiing: Arten finst i det nordlege Atlanterhavet, i Europa sør til Bretagne og i Amerika sør til Maine. I vårt land hekkar alka frå Lindesnes til Varanger, men koloniane sør for Stad er svært små og truleg minkande. Det meste av bestanden er å finne frå Lofoten og nordover.
- Hekking: Reiret ligg vanlegvis i bergsprekkar, under steinar og i urer, sjeldan i tette og store samlingar. Einskilde reir kan ligge ope. Dette mønsteret kan gjere det vanskeleg å få nøyaktige tal for hekkebestanden. Bortsett frå nokre småpinnar og stein, vert det eine egget lagt direkte på underlaget. Rugetida er omlag fem veker, reirtida for ungen bortimot tre veker, og også alkeungen hoppar på sjøen før han er utvaksen og flygefør.
- Næring: Dette er først og fremst småfisk i stim som sildeyngel, brisling og sil, men og litt krepsdyr og andre smådyr i sjøen. Også alka følgjer etter fiskevandringane og kan dukke djupt.
- Trekk: Sjølv om arten overvintrar langs heile kysten, er det i hovudsak eit trekk mot sør, og fuglar frå Runde er attfunne på Sørlandet og i Danmark, samt i Storbritannia og ved Frankrike.

3.5.1.21 TEIST

Teisten er, med unnatak av polarlomvi, den minst talrike av dei hekkande alkefuglane i fylket, men har den største utbreiinga. Arten hekkar over heile fylket, også inne i fjordane, for det meste i spreidde par. Berre på nokre av dei mest avsidesliggende

Rapport 1998:4, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga

øyane og holmane er det framleis att koloniar av nokon storleik, t.d. på Runde, Grasøya, Erkna og Sveslingan. Tidlegare var teisten langt meir talrik både på øyane og innover i fjordane. Problemet for teisten er at villminken trivst best på dei same stadene som teisten legg reira; i ur, bergsprekker og under steinar, og teisten nyttar i mindre grad kolonien som forsvar mot predasjon. I dei koloniane som finst synest ikkje næringsmangel å vere noko problem. Derimot kan det hende at drukning i fiskereiskap er eit aukande problem.

- Utbreijing: Arten er nær sirkumpolar og går i Europa sør til Danmark og Storbritannia. Langs norskekysten finst han hekkande heile vegen, men svært fåtalig på Sørlandet og kring Oslofjorden.
- Hekking: Reiret ligg i bergsprekker, under steinar og i urer, som regel nokså nær sjøen, og oftast på holmar, småøyar og skjær. Til tider kan rugeplassen også ligge i bratte fjellveggar på fastlandet eller større øyar. Dei to egga vert lagde rett på underlaget. Rugetida er nær ein månad og ungene forlet reiret etter fem-seks veker. Dei er då flygeføre.
- Næring: Føda er mest småfisk, først og fremst i algebeltet, som tangsprell, småulker og ålekvabbe. Utanom rugetida synest det som næringa varierer meir, med innslag av krepsdyr, makk o. l.
- Trekk: Utanom hekketida spreier teisten seg langs kysten. Frå vårt distrikt dreg mange fuglar nordover til Nordmøre og Trøndelag, men ein del dreg og sørover langs vestlandskysten.

3.5.1.22 LUNDE

Med sitt fargerike nebb er dette den mest særprega og best kjende av alkefuglane i våre farvatn. Det er for tida berre to koloniar av lunde i Møre og Romsdal. Dette er Runde, ein av dei 6-7 største koloniane i landet, og Svinøya med mellom 100 og 200 par. Frå tid til anna kan lunden likevel sjåast langt inni fjordane på næringsøk. Lunden er ikkje lett å telje på hekkeplassen. Det er difor vanskeleg å fange opp bestandstendenser før det er snakk om større endringar. Ein trur likevel at bestanden over tid har vore nokonlunde stabil i vårt fylke. Lenger nord, på Røst har tilbakegangen vore dramatisk sidan omlag 1970. Trass i dette ligg dei største koloniane framleis her.

- Utbreijing: Lunden finst i Nord-Atlanteren frå Bretagne og Maine til Novaya Semlja og Grønland. Det er rekna for å vere den mest talrike sjøfuglen i vårt land, og her finst han rugande frå Rogaland til Varanger.
- Hekking: Reiret vert plassert i bergsprekker, steinurer eller i jordholer som fuglen sjølv grev ut, ofte med meterlange gangar. Det er den einaste av våre alkefuglar som bygger eigentleg reir, av gras og litt fjør. Det eine egget vert ruga omlag seks veker. Reirtida for ungen er og på seks veker. Han er fullt flygefør når han forlet reiret og må då greie seg på eiga hand.
- Næring: Ungane vert stort sett fora med fisk av ymse slag, helst feite småfiskar som småsild, brisling og sil, men elles det som måtte vere rikeleg tilgjengeleg. Stundom kjem foreldra inn med krepsdyr eller andre smådyr. Ein vanleg last som foreldra ber i nebbet, er på inntil 10-15 fiskar, men gjeld det små fiskelarvar, er det funne meir enn 40 i ein last.
- Trekk: Lite er kjent, men truleg spreier lunden seg over svære havområde utanom hekketida, både i norske farvatn og i Nord- Atlanteren elles. Fuglar ringmerkte i Norge er såleis gjenfunne både ved Newfoundland, Frankrike, Storbritannia og Russland.

4. VURDERING AV NATURFAGLEG VERDI

4.1 KRITERIUM FOR VERDSETJING AV LOKALITETAR

Ei vurdering av naturfagleg verdi tek utgangspunkt i fleire ulike kriterium. Desse er av generell karakter, men vektleggjinga vil vere ulik etter kva føremål ein omtaler. Kriteria nadanfor er såleis skildra ut frå at formålet er vern av sjøfugl (og grågås). I nokon grad vil kriteria overlappe kvarandre. For alle kriteria gjeld at dei må vurderast i lokal, regional, nasjonal og internasjonal samanheng.

1. Funksjon: I kva grad lokaliteten er viktig for å oppretthalde viktige prosessar i eit økosystem. Av di sjøfugl stiller strenge krav til hekkeplassane, vil lokaliteten sin verdi som hekkeplass vere særleg viktig for å oppretthalde bestandane på lang sikt. Rapporten omtaler i hovudsak hekkeplassar. Funksjonskriteriet er då gjeve implisitt. I nokre høve vert likevel andre funksjonar omtala, som myteplassar, rasteplassar o.l. og desse funksjonane aleine kan vere nok til å gje ein lokalitet stor verdi.
2. Produktivitet: Kor viktig den biologiske produksjonen i lokaliteten er. Her vil ein måtte vurdere storleiken på bestandane av dei ulike sjøfuglartane i lokaliteten og samanlikne dette med totalbestandene. Ein må også vurdere i kva grad produksjonen i kolonien er viktig for rekruttering i andre koloniar
3. Mangfald: I kva grad lokaliteten er i bruk eller eigna for heile utvalet av artar. I dette kriteriet kan det vere aktuelt å trekkje inn andre artar enn sjøfugl, men som har tilhald på grunn av at sjøfugl legg tilhøva til rette.
4. Representativitet/typisitet: I kva grad lokaliteten er representativ eller typisk som naturtype. I og med at sjøfugl berre representerer delar av ein naturtype vil kriteriet i denne samanhengen vere underordna. Ein vil likevel måtte gjere ei vurdering lokalitetane imellom og ta omsyn til skilnadene mellom t.d. indre og ytre strok.
5. Sjeldanheit: I kva grad lokaliteten er sjeldsynt som naturtype eller i kva grad er han viktig for sjeldsynte artar. For naturtypen generelt gjeld dei same merknadene som for kriterium 4, medan omsynet til sjeldsynte artar av sjøfugl må vegast tungt. Dette gjeld artar med særlege miljøkrav og som frå naturen si side ikkje finst i store tal. Det gjeld i mindre grad artar som er i utkanten av utbreiingsområdet og såleis finst i sikre bestandar andre stader.
6. Grad av trugsmål: I kva grad er lokaliteten truga som naturtype eller i kva grad han er viktig for artar som av ulike årsaker er sårbare eller truga. Det er viktig å ta omsyn til tendensar i bestandane. Merk skilnaden mellom dette kriteriet og sjeldanheitskriteriet; vanlege artar kan vere truga på sikt, medan sjeldsynte artar ikkje treng vere det.
7. Menneskelege inngrep: I kva grad er lokaliteten øydelagt eller skada av menneskelege inngrep. Også her gjeld merknadene under kriterium 4. Det er klart at nokre av sjøfuglkoloniane kan vere sterkt prega av mennekeleg aktivitet, men at dei likevel kan vere verdfulle for sjøfugl. Særleg gjeld dette måsane.
8. Pedagogisk verdi: I kva grad kan lokaliteten nyttast/vert lokaliteten nytta til undervisning, vitskap og læring. Av di læring heng nøye saman med oppleving er det her også naturleg å knytte den pedagogiske verdien til opplevingsverdi i fritidssamanheng.

4.2 ANDRE MILJØRESSURSAR ENN SJØFUGL

I tillegg til sjøfuglverdiane er det i nokon grad også lagt vekt på andre miljøfaglege interesser. Dette kan til dømes vere:

- andre zoologiske førekomstar
- botaniske førekomstar
- landskapsmessig verdi og eigenart
- kulturhistoriske førekomstar
- friluftsiinteresser

Desse interessene kan i stor grad sameinast med sjøfuglinteressene for å styrke eit samla vernemotiv. Når det gjeld friluftslivinteressene vil der likevel i mange tilfelle vere klare konflikhtar.

4.3 PRIORITERING MELLOM LOKALITETAR

For alle lokalitetane må dei ulike naturfaglege kriteria samanfattast som grunnlag for ei prioritering. Dette er ei vanskeleg oppgåve med stort rom for bruk av skjøn. Skilnaden mellom kva som er internasjonalt, nasjonalt, regionalt eller lokalt viktig må vurderast i mange dimensjonar, der det tildels også kjem inn politiske interesser. Dei viktigaste dimensjonane og problema er omtala nedanfor:

Norge har gjennom å underteikne internasjonale avtalar og konvensjonar teke på seg eit politisk ansvar for forvaltning av naturressursar. For sjøfugl er mellom anna desse viktige:

- Konvensjon om vern av biologisk mangfald (Rio de Janeiro)
- Konvensjon om vern av våtmarker (Ramsar)
- Konvensjon om vern av Europas ville planter og dyr og deira naturlege leveområde (Bern)
- Konvensjon om trekkande artar (Bonn)

Som eit resultat av desse avtalene er det utarbeidd nasjonale «Raudlister» som gjev oversyn over artar det ut frå bestandssituasjonen er naudsynt å ta særleg omsyn til. Her kjem det fram at det er grunn til å overvake situasjonen for teist. Lomvi og lunde krev særlege omsyn på grunn av langvarig bestandsnedgang, polarlomvi er sjeldan (fastlands-Norge) medan den nordlege underarten av sildemåse er direkte truga av utrydding.

Norge må også ta eit særskilt ansvar for artar der meir enn 25 % av totalbestanden i Europa har tilhald i landet. For hekkande sjøfugl gjeld dette fiskemåse, gråmåse, svartbak og lomvi. Toppskarven har tidlegare vore i denne gruppa, men grunna den sterke tilbakegangen gjeld ikkje dette lenger. Her vil tilbakegangen åleine vere eit argument. Det er verdt å merke seg artar som skjerpipplerke, steinvendar og havørn. Desse er alle sterkt knyttw til dei same områda som sjøfugl og har store delar av totalbestanden hekkande i Norge.

Dei typiske fuglefjellsartane har smale miljøkrav til hekkeplassen. Dette gjeld havhest, havsule, toppskarv, krykkje, lomvi, alke og lunde. For desse artane vil ein kunne ha stor gevinst ved å sikre etter måten små areal, og artane er sær sårbare for inngrep i dei attraktive hekkeareala.

Eit særskilt prioriteringsproblem er knytt til dei mange artane som har ei slik utbreiing at einskildlokalitetar i seg sjølve ikkje er store nok til å kome høgt på prioriteringslista. Den samla bestanden i fylket kan likevel vere av stor verdi. I slike tilfelle har det vore

naudsynt å gjere eit utval av einskildlokalitetar, som då kan sjå ut til å ha fått større verdi enn fortent. For ternar, som i langt større grad enn dei andre artane skiftar lokalitet år om anna, må det leggjast vekt på å sikre gode lokalitetar i ulike kystavsnitt, sjølv om desse kan verte ståande tome (for ternar) nokre år.

Etter den samla vurderinga er lokalitetane klassifiserte etter ein skala som vist i tabell 4.1.

Tabell 4.1 Klassifisering av område

| Verdiskala | Verdivurdering |
|------------|--|
| 1 | Særleg verneverdige område av internasjonal verdi. |
| 2 | Svært verneverdige område av nasjonal verneverdi. |
| 3 | Område av regional verneverdi (landsdel/fylke). |
| 4 | Område med lokal verneverdi. |
| 5 | Område med liten verneverdi |

Dei lokalitetane som er gjeve verdiane 1, 2 eller 3 er viktige for å oppretthalde sjøfuglbestandar, respektive internasjonal, nasjonal eller regional samanheng. Ulike former for vern etter naturvernlova eller viltlova kan verte aktuelt, men det er som nemnd i forordet ikkje sett i gang arbeid med dette. I område med lokal verneverdi er det lite aktuelt å nytte naturvernlova. Her må omsynet til sjøfugl sikrast gjennom den kommunale arealforvaltninga.

I tabell 4.2 er det gjeve eit oversyn over dei sjøfugllokalitetane i Møre og Romsdal som er vurderte i samband med denne rapporten og etter det mønsteret for verdisetjing som er oppsett ovanfor. Nokre av namna kan dekkje fleire einskildlokalitetar. Merk at områda kan ha andre naturverdiar, til dømes botaniske, som ikkje kjem fram her.

4.4 SÆRSKILT OMTALE AV UTVALDE LOKALITETAR

I dette kapitlet er det gjeve ei omtale av dei viktigaste av sjøfugllokalitetane i Møre og Romsdal, basert på tabellen ovanfor. For kvar lokalitet er det gjeve eit oversyn over bestandsstatus og kjende interessekonfliktar.

Kart-(UTM-)referansane viser til ei eller fleire kilometerruter sentralt i området. Det viser altså ikkje heile utstrekninga. Berre på små lokalitetar er det oppgjeve referanse på 100-m nivå. Alle lokalitetane er vist på **oversiktskart i vedlegg 1**. Mange av lokalitetane er så små at dei kan vere vanskeleg å finne ut frå oversiktskartet. Desse er presenterte på eigne kart.

Bestandsoversynet er basert på teljingar gjennomført i ulike år. Generelt er materialet best lengst sør i fylket. Når registrerings-perioden er eitt einskild år er det oppgjeve så nøyaktige tal som råd. Når perioden er 2 eller fleire år er dei høgste tala oppgjeve. Av di dei nyaste tala oftast er lågare enn dei gamle, kan ein lett tru at lokalitetane har mist sin verdi for sjøfugl. Bestandane kan variere mykje frå år til anna og dei høgste tala syner lokaliteten sitt (minste) potensiale. Dette er særleg viktig å vere klar over nettopp i dei tider den langsiktige trenden er negativ.

Sjølv om det her er gjeve eit bilete av kva som er dei viktigaste sjøfugllokalitetane gjennom ein lengre periode, kan ein ikkje sjå bort frå at nye lokalitetar kan kome til seinare.

Tabell 4.2 Undersøkte hekkelokaliteter for sjøfugl i Møre og Romsdal

| Kommune | Lokalitetsnamn (geografisk plassering) | Verdi for sjøfugl | |
|---|--|-----------------------------------|---|
| Molde | Vestadholmane (Sekken) | 3 | |
| | Moldeholmane | 3 | |
| | Sølsnesholmane | 4 | |
| | Karlsøya (vest for Nesjestranda) | 4 | |
| | Brokstadskjeret (Fannefjorden sørvest) | 4 | |
| | Fårøytangen (Bolsøya vest) | 4 | |
| | Eikremsholmen (v/Årø flyplass) | 5 | |
| | Langholmen, Grasholmen (Vågsetra) | 4 | |
| | Kristiansund | Apotekerholmen (Gomalandet) | 4 |
| | | Holme i Dalabukta | 4 |
| Holmar sør for Innlandet | | 4 | |
| Grip | | 3 | |
| Inngripan | | 3 | |
| Ålesund | Stokkholmen - Drogane (Ellingsøyfjorden) | 3 | |
| | Grimstadholmen, Naustholmen (--«»--) | 3 | |
| | Øvrige holmar og øyar i Ellingsøyfjorden | 4 | |
| | Holmar og i Borgundfjorden og Åsefjorden | 3 | |
| | Snegleværsholmen (Heissa vest) | 3 | |
| | Gåseidholmen (Nørvasundet aust) | 3 | |
| | Vegsundholmane ¹⁾ | 2 | |
| | Vanylven | Flugevågsholmane (Hakallestranda) | 3 |
| Rovdeskjeret | | 4 | |
| Sande | Eggholmane - Litleholmen (Kvamsøy sør) | 2 | |
| | Storeholmen - Frekøyane (Kvamsøy sør) | 3 | |
| | Haugsholmen | 4 | |
| | Hestholmen, Marøyna m.fl (Voksa aust) | 4 | |
| | Åramsskjeret | 4 | |
| | Bjørlykkeskjeret (Koparnes) | 4 | |
| | Hageselle - Gjerde (Gjerdsvika) | 4 | |
| | Storevika - Voren (Sandsøya sør) | 3 | |
| | Kvamsøya vest | 4 | |
| | Riste | 3 | |
| | Hallevatnet (Larsnes) | 3 | |
| | Nupafjellet (Gursken) | 2 | |
| | Herøy | Svinøya (Stadhavet) | 2 |
| Nykremskjera (v/Leikong) | | 3 | |
| Muleneset (Nerlandsøy) | | 2 | |
| Runde | | 1 | |
| Notaskjeret - Legeholmen (Moltustranda) | | 3 | |
| Prestegardsmyrane (v/ Indre Herøy kyrkje) | | 5 | |
| Bøneset (Leinøya nordaust) | | 4 | |
| Høymolskjeret (v/Myrvågane) | | 3 | |
| Tjuvholmen (v/Leikong) | | 3 | |
| Holmar i Straumane (mellom Leinøya og Bergsøya) | | 3 | |
| Tarberg (Moltustranda) | | 4 | |
| | | ./. | |

| | | |
|-----------|--|----------|
| | Hidslendingane, Langholmane (Moltustranda) | 4 |
| | Flåværet | 3 |
| | Holmar ved Herøybrua | 4 |
| | Torvikholmane | 3 |
| | <u>Stokksund - Tjørnvågområdet ²⁾</u> | <u>3</u> |
| | Treholmane (Runde nord) | 3 |
| | Kråkøya (Leinøya nord) | 4 |
| Ulstein | Grasøyane | 2 |
| | Eggholmane (Flø) | 2 |
| | <u>Flørauden (Flø)</u> | <u>3</u> |
| | Sandøya (Ulsteinfjorden ytre) | 3 |
| | Lyngøya (Ulsteinfjorden ytre) | 3 |
| | Vattøya (Ulsteinfjorden ytre) | 3 |
| | Holmar og øyar i Ulsteinfjorden indre | 4 |
| | <u>Dimmaneset - Bliksvågen ²⁾</u> | <u>3</u> |
| | Aursneset (Eiksund) | 4 |
| | Veøya (nord for Dragsundet) | 4 |
| | Eika | 4 |
| Hareid | Hjørnesmyrane - Risneset (Liavågen) | 3 |
| | <u>Hjørungdalsvatnet (Liavågen)</u> | <u>4</u> |
| | Lomstjønnå, Hareidsmyrane | 3 |
| | Grimstadvatnet naturreservat | 2 |
| Volda | Vindfarholmen (Berkneset) | 3 |
| | Årsetøya (Austefjorden) | 3 |
| | <u>Vikeskjeret (Austefjorden)</u> | <u>3</u> |
| | Lidaholmen (Berkneset) | 3 |
| | Måsehaugane (Yksnøya) | 3 |
| Ørsta | Lianesholmen (Lianeset) | 3 |
| | Raudøya mm. (Rjåneset) | 2 |
| Ørskog | <u>Skråvikskjera (Sjøholt)</u> | <u>4</u> |
| | Tennskjeret (Solnørvika sør) | 4 |
| Norddal | Syltehammaren (Valldal) | 4 |
| Stranda | Hammar ved Langlo (Stranda) | 4 |
| | Hellesylt | 4 |
| | <u>Geiranger</u> | <u>4</u> |
| Stordal | --ingen-- | |
| Sykkylven | Våtmyrholmen (Tusvika) | 3 |
| | Langholskjeret (Tusvika) | 4 |
| Skodje | Holmar i Ellingsøyfjorden | 4 |
| | <u>Holmar i Skodjevika</u> | <u>4</u> |
| Sula | Vegsundholmane ¹⁾ | 2 |
| | Veddeholmane | 4 |
| | Langevågsholmane | 3 |
| | Holme i Eikremsvatnet | 4 |
| Giske | <u>Havsteinen (Godøya)</u> | <u>4</u> |
| | Alnesrauden (Godøya nord) | 2 |
| | Erkna | 1 |
| | Langholmen (Vigra nord) | 3 |
| | Molnesfjellet (Vigra) | 3 |
| | <u>Storholmen (fyr)</u> | <u>2</u> |
| | ./. | |
| | Fjellsider ved Skjong | 4 |

| | | |
|---------|---|---|
| | Lesten (Godøya) | 4 |
| | Sætedalen (Valderøya) | 3 |
| Haram | Gjøsundholmen (v/Kalvøya) | 2 |
| | <u>Øyane i Vatnefjorden</u> | 4 |
| | Løvsøya vestsida | 2 |
| | Haramsøya vestsida | 3 |
| | Ullahornet (Haramsøya) | 3 |
| | Kjepina (Grytafjorden) | 3 |
| | <u>Husfjellet (Skuløya)</u> | 3 |
| | Svetlingane (vest for Fjørtofta) | 2 |
| | Fjørtoftneset | 3 |
| | Rødholmen (aust for Skuløya) | 3 |
| | Dysvikmyra (Skuløya) | 4 |
| | <u>Kalvøya m.fl.</u> | 4 |
| | Holmane på Løvsøyrevet | 3 |
| | Svarthammaren (Løvsøya) | 3 |
| Vestnes | Feøya (Vestnes) | 2 |
| Rauma | Skålhamnholmen (Vågstranda) | 3 |
| | <u>Vågsholmen (Vågstranda)</u> | 4 |
| | Hestholmen (vest for Åfarnes) | 3 |
| | Holmar i Rødvenfjorden | 4 |
| | Holmsholmen (Åfarnes) | 3 |
| | Hensøran (Isfjorden) | 3 |
| Neset | <u>Vistdalsholmen</u> | 3 |
| | Prestholmen (Eidsvåg) | 2 |
| | Meløya (Tingvollfjorden) | 3 |
| | Eiratangen (Eresfjord) | 4 |
| | Ranvikholmen | 4 |
| Midsund | <u>Tautra vestende</u> | 2 |
| | Bjørnøya og Lamholmen (Midøya nord) | 4 |
| | Holmar nord for Sundsbøen | 4 |
| | Syneldskjeret (Dryna nord) | 4 |
| | Rørsetholmen (aust for Rakvågen) | 4 |
| | <u>Jolholmane (Midsundet nord)</u> | 4 |
| Sandøy | Uksnøyområdet (skjærgarden vest for Harøya) | 3 |
| | Sveltingen (Ona sør) | 2 |
| | Husøya og Ona hamn | 3 |
| | Rørholmen - Skjela - Oterholmen (Ona nord) | 2 |
| | <u>Lyngværet</u> | 4 |
| | Flatflesa og Leikua | 4 |
| | Holmane nord og aust for Orten | 4 |
| | Sæterøya | 4 |
| Aukra | Saltsteinen - Klovningen | 2 |
| | <u>Holmar sør for Småge</u> | 3 |
| | Orholmen - Orsholmen - Grønningen (Sør for Bjørnsund) | 2 |
| | Holmane i Kjerringsundet | 4 |
| | Holmar i og nord for Løvika | 4 |
| | Kjølingane og Teistholmen (Rødsøya) | 4 |
| | <u>Hjertvikholmane</u> | 4 |

| | | |
|---------------------|---|-----------------------|
| Fræna | Bjørnsund | 3 |
| | Hegerskjera (Nord for Bud) | 3 |
| | Holmar og skjer vest for Male | 4 |
| | Drågen-området (Nord for Bud) | 4 |
| | <u>Rota (Vikan)</u> | 4 |
| | Teistklubben m/omegn (Farstad aust) | 4 |
| Eide | Øyar og holmar i Frænfjorden | 4 |
| | Kvitholmen, Smørholmen m.fl. (Vevang vest) | 4 |
| | Mannsholmen (Vevang) | 3 |
| | <u>Tromskjera - Mannskjera ³⁾</u> | 3 |
| | Orskjera ³⁾ | 2 |
| | Vikaholmen (Lyngstad) | 4 |
| Averøy | Lindsetholmen (Visnes) | 4 |
| | Purkholmen (Vevang) | 3 |
| | <u>Tromskjera - Mannskjera ³⁾</u> | 3 |
| | Rånesholmen | 4 |
| | Orskjera ³⁾ | 2 |
| | Sør-Ramsøya (Hendvika nord) | 4 |
| | Håholmen m.fl. | 4 |
| | <u>Hestskjeret - Slikingane (Hendvika nord)</u> | 4 |
| | Langbakken (ved Langøyneset) | 4 |
| | Storholmen (Hasløya) | |
| 4 | | |
| Frei | Flatsetøya aust m/holmar | 4 |
| | Kvalvågholmen | 3 |
| | <u>Rensvikholmen</u> | 4 |
| | Fugløya (Bolga) | 3 |
| Gjemnes Tingvoll | Kvalvågholmane | 3 |
| | Fløystadholmane (sør for Kanestraum) | 4 |
| | Sandvikholmane (nord for Kanestraum) | 4 |
| | <u>Vikanholmane (ved Rakstang, Straumsnes aust)</u> | 4 |
| | Kvitholmen (Vågbø) | 3 |
| | Aspholmen (Aspøy vest) | 4 |
| | Boksaspholmen (Aspøy sør) | 4 |
| | Flatholmen, Storholmen, Klubbholmen (Aspøy nord) | 4 |
| | <u>Tveekerholmane</u> | 3 |
| | Sunndal | Håsøran (Sunndalsøra) |
| Flåøya | | 4 |
| Surnadal | Ansesholmen | 3 |
| | Bøfjordholmane | 3 |
| Rindal | --ingen-- | |
| Aure | Jøsøya m.fl. (Foldfjorden nord) | 4 |
| | Fiskholman, Bærrøyan | 4 |
| | Ålfarskjera, Notholmen (Kallandsvågen sør) | 3 |
| | Eidsholmen (Eidestranda) | 3 |
| | <u>Forøya, Værholmen, Molta (Lesund sør)</u> | 4 |
| | Fevelsholmen (Grisvågøya) | 4 |
| | Styrsøya m.fl. (Vinsternes nord) | 4 |
| Halsa | Fjærvikholmen (Halsafjorden utlaup) | 3 |
| | Skålvikholmen (Skålvikfjorden) | 3 |
| | <u>Hendsetholmen</u> | 4 |
| | ./. | |

| | | |
|---------------------|---|----------|
| Tustna | Engdalsholmen (Vinjefjorden) | 4 |
| | Holmar og øyar kring Hammarsundet | 3 |
| | Randholman m.fl.(Solskjel) | 4 |
| | Holmane sør for Tømmervågen | 4 |
| | <u>Hyttneset m/holmar (Tustna nordspiss)</u> | <u>4</u> |
| Smøla ⁴⁾ | Skjærgarden sørvest i Smøla (inkl. Hestøya) | 1 |
| | Skjærgarden aust for I. og Y. Roksvåg | 3 |
| | Brattvær - Steinsøyeneset | 4 |
| | Skjærgarden kring Brattværet (øya) | 3 |
| | <u>Skjærgarden frå Monsøya til Hopen</u> | <u>3</u> |
| | Veidholmenområdet | 3 |
| | Jøa | 4 |
| | Skalmen (nordvest) ⁴⁾ | 3 |
| | Remman (vest for Veidholmen) ⁴⁾ | 2 |
| | Sortna (heilt vest i skjærgarden) ⁴⁾ | 1 |

- 1) Veibustholmen, Notaholmen, Snauholmen og Klungreholmen, på grensa mellom Ålesund og Sula. Området er omtala under eitt.
- 2) Dimnaneset - Bliksvågen i Ulstein og Stokksund - Tjørsvågområdet i Herøy må sjåast saman. Begge inngår i eit område som er freda etter naturvernlova. Området er ikkje vidare omtala nedanfor, då funksjonen som hekkeområde er relativt avgrensa. Området er likevel viktig som kvileområde nattestid og som næringsområde om vinteren.
- 3) Området Tromskjera - Mannskjera ligg på begge sider av kommunegrensa mellom Eide og Averøy kommunar, men er omtala under eitt. Det same gjeld for området Orskjera.
- 4) I Smøla kommune er talet på øyar, holmar og skjer så ufatteleg stort at det er uråd å nemne alle som er undersøkte her. Det er difor gjeve opp samlande namn. Dei lokalitetane som er særskilt omtala nedanfor er likevel gjeve egne namn.

Det er nytta følgjande omgrep og symbol i taloversynet:

- *einskilde par* : Bestanden er ikkje talfesta, men ein har observert solitære (ikkje koloni) par med reir eller ungar, kanskje heller ikkje årleg. Storleiksorden 0 - 5 par.
- *fleire par* : Bestanden er ikkje talfesta, men observasjonar tyder på at det årleg hekkar fleire par, storleiksorden 4 - 20. Kanskje også mindre koloniliknande formasjonar.
- *spreidde par* : Vert nytta tilsvarende *einskilde par*, men i lokalitetar der arealet er så stort at det totale talet på par kan verte større.
- + : registreringane syner minimumstal.
- ca : syner at talet er eit overslag. Dersom talet skal gje eit bilete over ein periode på fleire år, kan det likevel ligge nøyaktige teljingar bak. Dei fleste tal i oversiktane er overslag. Berre i nokre få tilfelle er det gjeve opp nøyaktige tal.
- ? : usikker status. Det er ikkje gjort konkrete funn av egg eller reir, men det er gjort fleire observasjonar av arten i hekketida og området ser ut til å vere eigna for arten.
- *truleg hekkande*: Det er ikkje gjort konkrete funn, men det er sterke indikasjonar på hekking.

4.4.1 Vestadholmane

KOMMUNE: 1502 Molde
KARTBLAD (M-711): 1320-III Åndalsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ129471

OMRÅDESKILDRING: To små, låge bergholmar ved Vestad sør på Sekken. Litt vegetasjon langs toppen.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | eldre data ikkje tilgjengeleg | 1994 |
|---------------------------------|-------------------------------|-------------|
| Fiskemåse | | ca 10 par |
| Sildemåse | | ca 80 par |
| Svartbak | | ca 25 par |
| Totalbestand alle artar: | | ca 115 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmane har ein konsentrert bestand av hekkande måsar med relativt stor avstand til andre eigna hekkelokalitetar. Særleg må sildemåsekolonien reknast som viktig (er neppe den nordlege underarten).

UTFØRTE INNGREP: Ingen

4.4.2 Moldeholmane og Fårøytangen

KOMMUNE: 1502 Molde
KARTBLAD (M-711): 1220-II Vestnes
UTM (EUREF89): 32VMQ0355 - 0855

OMRÅDESKILDRING: Eit større gruntvassområde med fleire øyar, holmar og skjer i fjorden ut for Molde sentrum. Strandengar og furuskog eller blandingsskog på dei største holmane. Dei mindre holmane er snauare med spreidd grasvokster og nokre busker. Topografien er småkupert med høgste punkt omlag 30 m.o.h. (Hjertøya). Holmane er i kommunalt eige som friluftsområde (utan Fårøya).

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1973 | 1998 |
|---------------------------------|---------------|-----------------|
| Ærfugl | ca 10 par | spreidde par |
| Fiskemåse | ca 290 par | 45 par + |
| Svartbak | 2 par | 10 par + |
| Tjuvjo | einskilde par | ? |
| Raudnebbterne | | 55 par + |
| Makrellterne | | 35 par + |
| Raudn./Makrellterne | 223 par | |
| Teist | spreidde par | truleg hekkande |
| Totalbestand alle artar: | ca 525 par | 150 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Hekking av sjøfugl er spreidd over fleire holmar, men meir konsentert på Kløvningen og Grønningen (1998). Ternene kan likevel flytte imellom og andre år gjerne hekke konsentert på andre holmar. Det er eit stort tal andre hekkande artar på Moldeholmane. I 1975 vart det mellom anna registrert 5 - 7 par grågås, ca. 20 par gråhegre, steinvendar, raudstilk og fleire spurvefuglartar. Status for desse artane er ikkje undersøkt seinare. Det har tidlegare hekka myrsnipe og gravand, og jordugle er registrert hekkande ved eitt høve. Grågås har tilhald i myteperioden og under trekk og vinterstid er området attraktivt for fleire artar, m.a. silender, ærfugl, skarv og gråhegre, kvar med tal inntil eitpar hundre. Totalt er det observert nær 100 artar i området.

UTFØRTE INNGREP: Inngrepa er konsentrerte til austlege del av Hjertøya der det er museum, seglarhytte og tilrettelagte badeplassar. Ei hytte på sjølve Moldeholmen, ei hytte/naust lengst vest på Seterøya og ei på Fårøytangen. Elles berre nokre sjømerke.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Mykje båtutfart med landgang og strandaktivitetar på alle dei største øyane, særleg Hjertøya, Jektøya og Seterøya.

4.4.3 Inngripan

KOMMUNE: 1503 Kristiansund
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMR3107

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe holmar og skjer i havet nord for Kristiansund. Holmane er stort sett små og snaue og ligg i eit grunt og produktivt sjøområde. Må sjåast i samanheng med Grip noko lenger nord.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1990 - 91 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Ærfugl | 20 par + | 20 par + |
| Fiskemåse | ca 60 par | 4 par |
| Sildemåse | | 1 par |
| Svartbak | ca 30 par | ca 90 par |
| Raudnebbterne | 55 - 60 par | ca 15 par |
| Tjuvjo | ? | 1 par |
| Teist | ca 20 par | 5 par + |
| Totalbestand alle artar: | 180 - 200 par | 120 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande artar kan nemnast tjeld, steinvendar, raudstilk og siland, skjerpplerke og stare(1975). Det er ikkje mink på Inngripan.

UTFØRTE INNGREP: Ei mindre sikringshytte på ein av holmane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.4 Grip

KOMMUNE: 1503 Kristiansund
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMR285092

OMRÅDESKILDRING: Gamalt fiskevær som i dag er fråflytta, men som tidlegare var Norges minste kommune. Hovudøya er dermed tettbygd med noko grasmark, kaianlegg og molo, medan dei andre holmane er snauare og utan inngrep. Grip er ein del av eit større gruntvassområde og må sjåast i samanheng med Inngripan noko nærare land.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1990 - 91 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Ærfugl | ca 45 par | ca 15 par |
| Fiskemåse | ca 45 par | ca 10 par |
| Sildemåse | | 3 par |
| Gråmåse | | 25 par + |
| Svartbak | 120 par + | 55 par + |
| Krykkje | | 35 par + |
| Raudnebbterne | ca 30 par | ca 225 par |
| Makrellterne | ca 10 par | |
| Teist | 10 par + | 10 par + |
| Totalbestand alle artar: | 250 par + | 350 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar i tillegg tjeld, raudstilk, steinvendar og skjerpplerke. Det er ikkje kome mink til Grip.

UTFØRTE INNGREP: Busetnad på hovudøya. Fyrstasjon på Bratthårskollen. Elles ingenting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Utfart sommarstid.

4.4.5 Vegsundholmane - Veibustholmen

KOMMUNE: 1504 Ålesund og 1531 Sula
KARTBLAD (M-711): 1219-IV Sykkylven
UTM (EUREF89): 32VLQ6325

OMRÅDESKILDRING: Fire små holmar og nokre skjer aust i Vegsundet. Holmane har grasvokster og nokre busker. Berre på Veibustholmen er nokre furutrær.

VERDIVURDERING: **2**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1983 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Ærfugl | ca 15 par | 6 par + |
| Hettemåse | 2 par | |
| Fiskemåse | ca 240 par | 200 - 250 par |
| Svartbak | 4 - 5 par | 4 par |
| Makrellterne | ca 50 par | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | ca 100 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 420 par | 225 - 275 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ein hegrekoloni med 20 par + (1994) på Veibustholmen, tjeld og raudstilk hekkande. Minkfangst er ynskjeleg ut frå omsynet til sjøfugl.

UTFØRTE INNGREP: Ein steinvarde og nokre sjømerke, elles ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko trafikk med småbåtar sommarstid.

4.4.6 Stokkeholmane - Reitholmane - Drogane

KOMMUNE 1504 Ålesund
KARTBLAD (M-711): 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF89): 32VLQ6632

OMRÅDESKILDING: Ein stor (Stokkholmen) og nokre mindre holmar og skjer i Ellingsøyfjorden. Det er noko skogvokster på Reitholmen og Stokkholmen, elles berre gras- og urtevegetasjon. Stokkholmen er berglendt med høgste punkt 31 moh.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 -95 |
|--------------------------------|----------------------|---------------------|
| Ærfugl | einskilde par | einskilde par |
| Fiskemåse | 175 - 200 | 35 - 45 par |
| Gråmåse | | 25 - 35 par |
| Svartbak | | 20 - 30 par |
| Makrellterne | | 1 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 140 | |
| Totalbestand alle artar | 320 - 350 par | 80 - 110 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Desse øyane er saman med andre øyar i Ellingsøyfjorden viktige hekkeområde for grågås. Elles hekkar siland og tjeld.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko båtutfart sommarstid.

4.4.7 Grimstadholmane, Naustholmen

KOMMUNE: 1504 Ålesund
KARTBLAD (M-711): 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF89): 32VLQ580324

OMRÅDESKILDRING: Eit titals mindre holmar og skjer i ytre del av Ellingsøyfjorden. På den største holmen er nokre trær, elles berre gras- og urtevegetasjon.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Fiskemåse | ca 55 par | 10 - 20 par |
| Gråmåse | 1 par | |
| Svartbak | 2 par | 8 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 400 par | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 460 par | 25 - 35 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Mindre holmar og skjer ved Ellingsøya. Den største holmen har litt grasmark med nokre busker, dei andre er meir nakne med svaberg og rullestein.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.8 Gåseidholmane

KOMMUNE: 1504 Ålesund
KARTBLAD (M-711): 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF89): 32VLQ586297

OMRÅDESKILDRING: To mindre holmar aust i Nørvasundet. På den største er noko vegetasjon med gras, urter og kratt. Den minste er snauare, berre med litt gras.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Fiskemåse | | ca 110 par |
| Raudn./Makrellterne | 76 par | |
| Totalbestand alle artar: | 76 par | ca 110 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Fiskemåsekolonien har hatt tilhald gjennom fleire år, og er etter måten stor, sjølv om det er stor trafikk og mykje uro i området.

UTFØRTE INNGREP: Småbåthamn like ved.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Småbåttrafikk og forstyrring i hekketida.

4.4.9 Volsdalsholmen

KOMMUNE: 1504 Ålesund
KARTBLAD (M-711): 1119 I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ551295

OMRÅDESKILDRING: Berglendt holme med vegetasjon på toppen og bratte knausar ned mot sjøen.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| | |
|---------------------------------|---------------|
| Periode: | 1994 |
| Ærfugl | 3 par |
| Hettemåse | 15 par + |
| Fiskemåse | 50 - 100 par |
| Krykkje | 65 par |
| Totalbestand alle artar: | 135 - 185 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Også tjeld er påvist hekkande. Kolonien er truleg nokså nyetablert og har ei særst interessant og uvanleg artssamansetjing.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.10 Snegleværsholmen

KOMMUNE: 1504 Ålesund
KARTBLAD (M-711): 1119 I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ498293

OMRÅDESKILDRING: Berglendt holme med ein del grasvokster. Holmen ligg vest for Heissa og er meir vérutsett enn dei andre holmane i Ålesund.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| | |
|---------------------------------|-------------|
| Periode: | 1994 |
| Ærfugl | ca 5 par |
| Fiskemåse | ca 60 par |
| Svartbak | 1 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 65 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området er kjent som «måseholme» frå gammalt av, men var i ein periode tom for fugl. Koloniane er no under oppbygging att. Vert også nytta av skarv som kvileplass vinterstid.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.11 Flugevågsholmane

KOMMUNE: 1511 Vanylven
KARTBLAD (M-711): 1119-III Vanylven
UTM (EUREF89): 32VLP1194

OMRÅDESKILDRING: Eit titals småholmar og skjer, nokså låglendte og med knausar og svaberg langs stranda. Dei største med ein del torv, gras og urter, dei minste nokså snaue.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 - 85 | 1994 -95 |
|--------------------------------|------------------|-----------------|
| Ærfugl | fleire par | 20 - 25 par |
| Fiskemåse | fleire par | |
| Sildemåse | einskilde par | |
| Gråmåse | ca 50 par | ca 30 par |
| Svartbak | ca 50 par | 80 - 100 par |
| Teist | 5 - 6 par | |
| Totalbestand alle artar | 150 - 200 par | ca 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar fleire par tjeld i området. Det er også observert siland i hekketida.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Eventuelt egganking. Friluftsliv og fiske.

4.4.12 Storholmen - Frekøya - Eggholmane

KOMMUNE: 1514 Sande
KARTBLAD (M711): 1119-III Vanylven
UTM (EUREF89): 32VLQ1001 - 1100

OMRÅDESKILDRING: Skjergardsområde med småøyar, holmar og skjer. Storholmen er omlag 1 km lang, med fråflytta gardstun, sjøhus og kulturmark, i tillegg kupert heitereng. På Frekøya er det ein fyrstasjon og noko gras og urter. Søre Eggholmane er stort sett snaue berre med litt gras og urter. Nøre Eggholmen er låglendt og grasvaksen med svaberg langs stranda. Dei andre holmane er mindre og varierende mellom svaberg og grasvegetasjon. Alle dei største øyane vert nytta til sauebeite. For Storholmen ligg føre godkjent reguleringsplan med tanke på hoteldrift.

VERDIVURDERING: 3/2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994-95 |
|---------------------------------|--------------|----------------|
| Ærfugl | 50 par + | ca 80 par |
| Tjuvjo | 1 par | |
| Fiskemåse | ca 100 par | ca 90 par |
| Sildemåse | | ca 15 par |
| Gråmåse | | ca 100 par |
| Svartbak | ca 40 par | 60 par + |
| Makrellterne | 150 par + | |
| Raudnebbterne | 50 - 100 par | |
| Teist | 6 - 8 par | ? |
| Totalbestand alle artar: | ca 450 par | ca 350 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området inngår som ein del av fuglefredningsområdet kring Voksa. Fleire av artane hekka i større tal på 70-talet. Det hekkar elles siland, fleire par tjeld, ramn og fleire småfuglartar. Brunnakke er funne hekkande og skarv har tilhald i området sjølv om dei ikkje hekkar. Manglande hekking av ternar på 90-talet må setjast i samanheng med låge bestandar generelt. Tal frå tidlegare periodar har likevel synt at desse holmane er viktig for ternene. Koloniane kan år om anna flytte mellom holmane og det er viktig å sjå heile området i samanheng. Villmink har dei siste åra vore eit problem i sjøfuglbestandane og det er registrert yngling. Minkfangst bør vere eit aktuelt tiltak.

UTFØRTE INNGREP: Utanom kulturmark og bygningar på Storholmen og Frekøya er det ingen inngrep.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båutfart og friluftsliv. Det ligg føre planar om restaurering av gamal handelstad på Storholmen, og utvikling av området med hotell, utleiehytter, kaianlegg m.v. Dette vil medføre vesentleg auke i ferdsele i denne delen av området.

4.4.13 Riste

KOMMUNE: 1514 Sande
KARTBLAD (M711): 1119-III Vanylven
UTM (EUREF89): 32VLQ1005

OMRÅDESKILDRING: Berglendt øy, ca. 800 daa og med høgste punkt 191 m.o.h. Det er bratt i sjøen kring heile øya utan eit mindre stykke i nordaust. Den vestlege delen er bratte fjellsider med urar og stup, dels med sprekker og klovar. Mot nord er det bakkar med fukthei. Gras- og lyngmark og strandeng med nokre busker. Heilt i sør er det eit flatare parti i overgangen mot det grunne Ristesundet. Her ligg to småbruk med kulturmark, fråflytta i 1964. Det er registrert vesentlege kulturlandskapsverdiar på nordre del av Sandsøya, men Riste er dårleg undersøkt.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994-95 |
|---------------------------------|------------------|----------------|
| Havhest | 5 - 10 par | ca 10 par |
| Toppskarv | ca 40 par | ca 15 par |
| Ærfugl | spreidde par | spreidde par |
| Fiskemåse | 2 par | spreidde par |
| Sildemåse | 1 par | |
| Gråmåse | 50 - 100 par | einskilde par |
| Svartbak | ca 15 par | spreidde par |
| Teist | ca 10 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 150 - 180 par | 35 - 55 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Klimaet er utprega atlantisk og plantesamfunna er av stor interesse, bl.a. med fleire kravfulle og sjeldne planteartar som havburkne, purpurlyng o.l. Berggrunnen er variert, m.a. med eklogitt. Av andre hekkande fugleartar kan nemnast fleire par gravand, tjeld og 14-15 småfuglartar. Tidlegare var toppskarvkolonien større og lokale kjelder oppgjev at det har hekka lunde. Ein kan ikkje sjå bort ifrå at havsvale og/eller stormsvale kan hekke på øya. Dette er ikkje undersøkt. I 1972 vart det sett ut geiter som har etablert ein liten forvilla bestand.

UTFØRTE INNGREP: Kulturmark og bygningar i sør. Beiting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Sauer og geiter beiter på øya. Stiftelsen «Ristes vener» driv oppussing av gardsbruka. Dette kan føre til auka aktivitet, men dette rører ikkje først og fremst ved dei mest interessante hekkestadene. Skjøtsel av kulturmarka kan tvert om vere ein fordel.

4.4.14 Hallevatnet

KOMMUNE: 1514 Sande
KARTBLAD (M711): 1119-III
UTM (EUREF89): 32VLQ215025

OMRÅDESKILDRING: Liten brakkvasspoll nær kommunesenteret, ca. 200 x 100 m, med eit par små holmar og ei strandeng i eine enden, elles kransa av lyngmark, furuplantefelt og dyrkamark.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994-95 |
|---------------------------------|---------------|----------------|
| Hettemåse | 1 par | |
| Fiskemåse | ca 50 par | ca 5 par |
| Makrellterne | 15 - 20 par | ca 5 par |
| Raudnebbterne | 70 - 80 par | ca 5 par |
| Totalbestand alle artar: | 150 - 175 par | ca 15 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande fugleartar er 10-15 par gråhegre, 1-2 par stokkand, 1 par siland, 3 par tjeld, 3-4 par vipe, 3 par raudstilk, 1 par storspove. Vatnet tener som beiteplass for songsvaner, ender og vadefuglar i trekketidene og dels i myteperiodane. Når det gjeld ternene, syner tidlegare undersøkingar at lokaliteten er eigna. Det låge talet i 94-95 er ein trend som gjeld heile regionen. År om anna har villmink vore eit stort problem i koloniane. Måsar og ternar har, truleg p.g.a. dette, periodevis også hekka i myrane vest for vatnet. Desse myrane er no dels oppdyrka. Både strandengs- og brakkvassflora er interessant, med ålegras- og småhavgrasenger og ein bra bestand av skruehavgras. Vatnet er mellombels verna etter naturvernloven.

UTFØRTE INNGREP: Det er tilsig frå kloakkgrøfter, og ei kraftleidning går langs vatnet på nordsida. I vestenden er der to grøfteutlaup, ein jordbruksveg avgrensar området. I aust ligg Larsnes stadion.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Jorddyrkingsinteresser i vestkant. Området vert truleg nytta som nærområde for skulen.

4.4.15 Nupafjellet

KOMMUNE: 1514 Sande
KARTBLAD (M-711): 1119-III Vanylven
UTM (EUREF89): 32VLQ2004

OMRÅDESKILDRING: Nord- og vestvende strender og fjellsider frå sjøen opp mot ca 240 moh. For det meste kledd med lynchhei- og myrvegetasjon, men også med nakne svaberg, steinar og stup.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1984 - 86 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|--------------------|-------------------|
| Ærfugl | Spreidde par | spreidde par |
| Sildemåse | ca 50 par | 40 - 50 par |
| Gråmåse | 2 - 300 par | ca 200 par |
| Svartbak | ca 20 par | ca 50 par |
| Totalbestand alle artar: | 3 - 400 par | ca 300 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: I området hekkar elles enkeltbekkasin, storspove, ramn og orrfugl. Måsekolonien har synt seg nokonlunde stabil over tid, særleg er det viktig å vere merksam på sildemåsen.

UTFØRTE INNGREP: Det har vore plukka egg i kolonien. Sauebeiting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Eventuell eggsanking.

4.4.16 Nykreimsskjera

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ343068

OMRÅDESKILDRING: To små skjjer ved Nykreimsholmen, nord for Leikong på Gurskøya. Dei er snaue, utanom små band med gras og urter. Lokaliteten ligg i den såkalla «Grønne korridor» mellom Herøy og Ulstein. Her er det registrert vesentlege kulturlandskapsverdiar. Nykreimskjeret utgjer likevel ikkje noko særskilt viktig element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1992 | 1994-95 |
|----------------------|-------------|-------------|----------------|
| Makrellterne | | ca 25 par | 5 - 10 par |
| Raudnebbterne | | ca 50 par | 10 - 20 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 15 par | | |
| Totalbestand: | ca 15 par | ca 75 par | 15 - 25 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar år om anna raudstilk på skjera, som dessutan er liggeplass for steinkobbe. Oversikta syner at talet på ternar kan variere men og at lokaliteten er attraktiv. Mink opptre sporadisk og kan gjere stor skade.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Friluftsliv og ferdsel i områda ikring.

4.4.17 Svinøya

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89): 32VLQ0616

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, ca. 500 x 300 m, langt til havs. Avstand til næraste «nabo» er ca. 11 km. Det er stort sett berghamrar og stup mot sjøen, men øya er meir flatlendt på toppen med grasmark i søraustre del, snauvaska berg og litt steinur i vest og nord. Høgste punkt er omlag 20 m.o.h.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1985 | 1994 - 95 |
|--------------------------------|---------------|------------------|
| Havsvale | ? | ? |
| Stormsvale | ? | ? |
| Toppskarv | 2 par | ca 15 par |
| Ærfugl | | einskilde par |
| Fiskemåse | ca 30 par | 50 par + |
| Sildemåse | 1 par + | einskilde par |
| Gråmåse | ca 5 par | einskilde par |
| Svartbak | 1par + | ca 10 par |
| Krykkje | ca 50 par | ? |
| Raudnebbterne | 10 - 20 par | 50 par + |
| Lomvi | 1 par ? | ? |
| Alke | ? | ? |
| Teist | 2 par | 2 - 3 par |
| Lunde | 160 par + | 2 - 300 par |
| Totalbestand alle artar | 250 - 300 par | 350- 450 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av annan hekkefugl kan nemnast tjeld, skjerpipierke, ramn, linerle. Tidlegare har det hekka både lomvi og alke (5-10 par og 25-30 par i 1954), men det synest som desse artane er borte eller berre hekkar i einskilde år. Truleg varierer også krykkjebestanden betydeleg frå år til år p.g.a. problem med båreslag. Nærleiken til Stad gjer Svinøya til den mest vérutsette holmen i fylket og han ligg slik at han er svært viktig som rasteplass for fugl på trekk langs kysten. Dette gjeld til dømes gjæser, vadarar og mange artar sporvefugl. Det samla talet på artar som er observert er difor etter måten stort. Fuglelivsfredning (artsfredning) sidan 1935.

UTFØRTE INNGREP: Fyrstasjon med tilhøyrande bygningar. År om anna har det vore geiter på holmen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.18 Muleneset

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89): 32VLQ1919

OMRÅDESKILDRING: Nord- og vestvendte fjellsider på Nerlandsøya, frå havet og opp mot 250 moh. Området er prega av hamrar, steinur og stupbratte grasbakkar og det er fleire holer og kløfter. Langs toppen er det flatare med lynghei og rabbevegetasjon. Området er særst utsett for véret. Muleneset inngår i eit større kulturlandskapsområde som er vurdert å ha nasjonal verdi (sjå Runde nedanfor).

VERDIVURDERING: **2**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Havhest | ca 100 par | 100 - 150 par |
| Havsvale | ? | truleg hekkande |
| Stormsvale | ? | ? |
| Toppskarv | ca 350 par | ca 100 par |
| Ærfugl | spreidde par | spreidde par |
| Gråmåse | ca 50 par | ca 20 par |
| Svartbak | spreidde par | spreidde par |
| Tjuvjo | einskilde par | |
| Teist | ca 20 par | 10 - 20 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 550 par | ca 300 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Bestanden av toppskarv og gråmåse har tidlegare vore større, opptil 7-800 toppskarv kring 1975. Andre artar enn sjøfugl kan hekke som ein følgje av at her er fuglefjell. I heiområda som grensar til Muleneset hekkar også storjo. Dei botaniske verneinteressene er store, med varmekjære planteartar i særskråningane av Mulefjellet og oseaniske, beiteprega plantesamfunn og strandplanter i heile området.

UTFØRTE INNGREP: Ei gammal torvbu på Mulefjellet.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ein del ferdsel oppe på fjellet.

4.4.19 Runde

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89): 32VLQ2424

OMRÅDESKILDRING: Runde er ei etter måten stor øy med busetnad på strandflatene i søraust (Runde) og nord (Goksøy). Strandlina elles er dominert av bratte fjellskjeringar med revner, stup og urer i høgder opp mot 300 m.o.h. Over skjeringane ligg eit platå med myr- og lyngheivegetasjon og det er fleire små vatn. Det høgste punktet er 333 m.o.h. I sjøfuglsamanheng er dei mest interessante områda vestsida frå Måganeset til Rundefyret, vidare Skarveurda på nordsida og havhestkolonien i berga i nordaust. Dei tala som er gjeve opp er samletal for heile øya. Runde er elles ein klassisk fuglelokalitet der det ligg føre omfattande dokumentasjon gjennom mange år. Øya ligg vidare innanfor eit større kulturlandskapsområde som er vurdert å ha nasjonal verdi (saman med delar av Nerlandsøya, sjå Muleneset).

VERDIVURDERING: **1**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|----------------|------------------|
| Havhest | ca 3000 par | ca 5000 par |
| Havsvale | ? | ? |
| Stormsvale | ? | ? |
| Havsule | ca 1500 par | ca 2000 par |
| Toppskarv | ca 2000 par | ca 1500 par |
| Ærfugl | 50 - 100 par | 150 - 200 par |
| Tjuvjo | 3 - 4 par | 3 par |
| Storjo | 7 par | ca 25 par |
| Fiskemåse | 100 - 200 par | 100 - 200 par |
| Sildemåse | ca 10 par | ca 10 par |
| Gråmåse | 4 - 500 par | 4 - 500 par |
| Svartbak | ca 100 par | ca 100 par |
| Krykkje | ca 50 000 par | ca 50 000 par |
| Makrellterne | 5 - 10 par | 5 - 10 par |
| Raudnebbterne | ca 5 par | ca 5 par |
| Lomvi | ca 10 000 par | 8 - 9000 par |
| Polarlomvi | einskilde par | einskilde par |
| Alke | ca 3000 par | ca 3000 par |
| Teist | ca 50 par | 50 - 100 par |
| Lunde | ca 100 000 par | ca 100 000 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 170 000 par | ca 170 000 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Runde er blant dei største fuglefjella i Norge og det største i Sør-Norge. Øya har elles ein rik fuglefauna med fleire par hekkande gravand, siland, tjeld og mange sporvefuglartar. I trekktidene er øya mellomstasjon for eit rikt utval artar. Den botaniske verneverdien er også svært stor, grunna vegetasjonssamfunn prega av fuglefjell og havklima med stort innslag av sjeldsynte artar. Fuglelivet på Runde vart freda ved Kgl. res. av 30.04.81. Det er oppretta tre fredingsområde med ferdselsreguleringar, jamfør dei områda som er skildra ovanfor. I desse områda er også plantelivet freda.

UTFØRTE INNGREP: Utanom dei busette områda er det lite av inngrep. Ein del slitasje i turstigane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Bruks- og næringsinteresser i fuglefjella gjeld særleg sauebeite, turisme og friluftsliv.

4.4.20 Tjuvholmen

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLQ350053

OMRÅDESKILDRING: Liten og relativt høg holme aust for Leikong. Svaberg og knausar langs sjøen og tett krattvegetasjon med furutrær, raudhyll mm. på toppen.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL: Holmen er ikkje viktig som hekkelokalitet, men har andre viktige funksjonar.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Den viktigaste funksjonen er som kvile- og overnattingsplass for storskarv. Frå august til april kan det vere inntil 300 fuglar samla nattestid.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.21 Notaskjeret - Legeholmen

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89): 32VLQ275125

OMRÅDESKILDRING: To holmar på Moltustranda. Notaskjeret er ein flat bergholme, ca. 110 x 35 m, med felt av gras og urter langs sprekkar og holer i fjellet. Legeholmen er noko større, høgare og har frodig vegetasjon og furuskog.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994-95 |
|---------------------------------|---------------|----------------|
| Ærfugl | einskilde par | 10 - 15 par |
| Fiskemåse | 50 par + | 30 par + |
| Svartbak | | 1 par |
| Makrellterne | ca 50 par | 10 par + |
| Raudnebbterne | 50 - 100 par | 20 par + |
| Totalbestand alle artar: | 150 - 200 par | 65 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: I 1995 vart grågås funne hekkande på begge holmane. Det hekka også siland og tjeld. På Legeholmen er ein gråhegrekoloni på omlag 25 par. Ternene held til på Notaskjeret og tala syner at bestanden var større tidlegare. Dette fell saman med situasjonen elles i regionen og lokaliteten må framleis sjåast på som viktig for ternar. Det ligg føre opplysingar som fortel at det samla talet på par var endå høgare i 1978, medan det i 1990 mest ikkje hekka ternar i det heile.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Det har tidlegare vore konflikt med oppdrettsverksemd ved Notaskjeret. Denne konflikta er truleg løyst og i kommuneplanen sin arealdel er det lagt ei buffersone kring holmen. Sjøområdet ikring er mykje nytta til friluftaktivitetar.

4.4.22 Torvikholmane

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ315160

OMRÅDESKILDRING: Ei handfull mindre holmar og skjer utanfor Torvika på Leinøy. Graskledde. Holmane ligg i den såkalla «Grøne korridor» mellom Herøy og Ulstein. Dette er eit landskap med store kulturverdiar. Kulturverdiane er knytte til jordbruksdrift og beiting og Torvikholmane er ikkje noko særskilt viktig element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| | | |
|---------------------------------|------------------------|------------------|
| Periode: | eldre data finst ikkje | 1994 - 95 |
| Ærfugl | | 2 - 3 par |
| Makrellterne | | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | | 30 - 40 par |
| Totalbestand alle artar: | | 45 - 60 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ternekolonien kan år om anna vere større eller mangle heilt.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Uvesentlege.

4.4.23 Høymolskjeret

KOMMUNE: 1515 Herøy
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ347107

OMRÅDESKILDRING: Eit lite og lågt skjer med små band av gras og urtevegetasjon, elles svaberg, grus og stein. Som Torvikholmane ligg dette i den «Grøne korridor», der det er registrert store kulturlandskapsverdiar. Høymolskjeret er likevel ikkje noko vesentleg element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1980 - 86 | 1994 - 95 |
|--------------------------------|------------------|------------------|
| Makrellterne | ca 50 par | |
| Raudnebbterne | ca 150 par | |
| Svartbak | | 1 par |
| Totalbestand alle artar | ca 200 par | 1 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre fugleartar hekkar eitt par tjeld. Dessutan er lokaliteten kvileplass/natteplass for ærfugl og grågås i hekketid og fjørfellingstid, ligge og kasteplass for steinkobbe. At ternene ikkje hekka i 1994 - 95 fell saman med tendensen i resten av regionen. Tal for perioden 1980 - 86 gjeld toppår. Desse tala syner at lokaliteten er attraktiv og ternene kan kome attende i gode år.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko ferdsel i sjøområda ikring.

4.4.24 Grasøyane

KOMMUNE: 1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ3125 - 3226

OMRÅDESKILDRING: To større og fleire mindre holmar i havet mellom Ulstein og Runde. Grasøya er ca. 450 x 200 m, er berglendt og snau på vestsida, men graskledd og med rullestein og skjelsand på austsida. Skjervøya ca. 500 x 150 m, stort sett snau, men med striper og renner av strandrug og urter. I tillegg er det fleire større og mindre, snaue skjer og taregrunner.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|--------------------|-------------------|
| Havsvale | ? | ? |
| Ærfugl | 50 par + | 100 par + |
| Tjuvjo | 1 par | |
| Hettemåse | 1 par | |
| Fiskemåse | 100 par + | 20 par + |
| Sildemåse | ca 15 par | ca 10 par |
| Gråmåse | 2 par | 50 par + |
| Svartbak | ca 50 par | 100 par + |
| Makrellterne | 20 - 30 par | 5 - 10 par |
| Raudnebbterne | 500 par + | 5 - 10 par |
| Teist | ca 100 par | ca 50 par |
| Totalbestand alle artar: | 8 - 900 par | ca 350 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Merk særleg den store hekkebestanden av ærfugl. Av hekkande artar elles finst stokkand, ca 10 par grågås, siland, gravand, tjeld, steinvendar, raudstilk, ramn, stare, bergirisk, steinskvett, skjerpipelerke og linerle. Området er fjørfellingsplass for grågås (inntil 100), stokkand og ærfugl (bortimot 1000). Skjervøya er kvile- og natteplass for skarv og måsar i vinterhalvåret inntil fleire tusen individ, og såleis sær viktig for sjøfugl heile året. Her er ein steinkobbstamme på 40-50 dyr og fast tilhald av havert. Landsneglefaunaen er arts- og individrik. Under gode vertilhøve kan mink kome seg ut til øyane men dette er observert berre to gonger og han har ikkje heilårstilhald her. Området er verna ved Kgl.Res. av 30.04.81 og det er ferdselsrestriksjonar i hekketida.

UTFØRTE INNGREP: Utanom fyrstasjon med bygningar er det ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.25 Vattøya - Lyngøya - Sandøya

KOMMUNE: 1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ3320 - 3421

OMRÅDESKILDRING: Den største av dei tre øyane, Vattøya, er omlag 1200 x 700 m. Lyngøya og Sandøya er nokså runde og 2 - 300 m på tvers. Alle øyane er småkuperte men heller flatlendte. Vegetasjonen er stort sett lynghei og strandeng, men på Vattøya er fem fråflytte gardsbruk med tilgroande dyrkamark og beite. Det er elles fleire mindre holmar og skjer i området. Området utgjer ytste del av den såkalla «Grøne korridor», fjordlandskapet mellom Herøy og Ulstein». Det er her registrert store kulturlandskapsverdiar. Vattøya som gamal busetnad, utgjer ein del av dette.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 -95 |
|---------------------------------|--------------------|----------------------|
| Ærfugl | spredde par | fleire par |
| Fiskemåse | ca 5 par | 30 - 40 par |
| Sildemåse | | 10 - 20 par |
| Gråmåse | | 50 par + |
| Svartbak | ca 30 par | 60 par + |
| Tjuvjo | 1 par | 2 par |
| Makrellterne | 1 par | 15 -20 par |
| Raudnebbterne | | 20 - 30 par |
| Teist | ? | ? |
| Totalbestand alle artar: | 40 - 45 par | 200 - 250 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: På Vattøya er dei tettaste koloniområda på den nordlege delen. Her hekkar også ein del grågås. Det er naturleg å vurdere denne delen saman med Lyngøya og Sandøya og gruntvassområda imellom.

UTFØRTE INNGREP: Tidlegare busetnad på Vattøya. Ei hytte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Fritidsbustader og båtutfart.

4.4.26 Eggholmen

KOMMUNE: 1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ350238

OMRÅDESKILDRING: Liten og berglendt holme, ca 150 x 100 m² med taregrunner ikring. På toppen av holmen og elles i revner, er det tett og frodig vegetasjon av ulike gras og urter. På holmen er det og fleire dammar. Også Eggholmen ligg i utkanten av kulturlandskapet i den «Grøne korridoren». Det er ikkje særskilt viktige kulturlandskapselement registrert på Eggholmen.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 - 82 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Ærfugl | 20 par + | ca 50 par |
| Fiskemåse | 5 - 10 par | ca 10 par |
| Sildemåse | | 10 - 15 par |
| Gråmåse | ca 10 par | ca 50 par |
| Svartbak | 50 par + | ca 150 par |
| Teist | 5 - 10 par | 10 - 20 par |
| Totalbestand alle artar: | 100 par + | ca 300 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande fugleartar finst grågås, stökkand, siland, fleire par tjeld og skjerpipplerke. Dessutan er lokaliteten myteplass for stökkandhannar og kvileplass for skarv. Om vinteren er holmen overnattingsplass for skarv, måsar og kråker. Vegetasjonen er sterkt prega av gjødsling frå fuglane, med næringskrevjande artar. Mink vitjar området sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.27 Flørauden

KOMMUNE: 1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ366258

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe små og temmeleg snaue skjjer ut mot havgapet, berre med litt spreidd vegetasjon av gras og urter. På det største skjjeret står ei fyrlykt. Innimellom skjera er det meir skjjerma gruntvassbasseng med tangvollar.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1985 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Ærfugl | 10 - 20 par | ca 10 |
| Fiskemåse | ca 5 par | |
| Svartbak | 10 - 15 par | ca 10 par |
| Makrellterne | | 5 - 10 par |
| Raudnebbterne | 10 - 20 par | 40 par + |
| Teist | ca 10 par | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | 50 - 60 par | ca 80 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av hekkefuglar elles finst tjeld, steinvendar, kråke og truleg fleire par skjerpipelerke. Ternebestanden varierer frå år til år og har vore større i toppår. Sjølv om talet på hekkefugl berre er måteleg, har lokaliteten stor verdi som natteplass for skarv (bortimot 1000 ind.), måsar og kråker (fleire hundre). Det er også ein god beiteplass for ærfugl sommar som vinter. Mink opptrer sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen bortsett frå fyrlykta.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.28 Hjørnesmyrane - Risneset

KOMMUNE: 1517 Hareid
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ4916

OMRÅDESKILDRING: Småkupert til flat lynchhei og myr i terrassar mot sjøen, dels gjenvaksande med bjørkekratt. Nokre bergrabbar med tynt mosedekke eller fjell i dagen. Mot sjøen er det dels svaberg og rullestein, men og eit felt med strandeng.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-----------------|------------------|
| Ærfugl | ca 15 par | fleire par |
| Tjuvjo | 1 par | 1 par |
| Fiskemåse | 7 - 800 par | 100 - 200 par |
| Sildemåse | ca 40 par | 10 - 15 par |
| Gråmåse | ca 5 par | 40 - 50 par |
| Svartbak | 3 par | ca 10 par |
| Makrellterne | ca 100 par | 10 - 20 par |
| Raudnebbterne | ca 200 par | 30 - 50 par |
| Totalbestand alle artar: | 1000 - 1100 par | 250 - 350 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar vadefuglar som tjeld, vipe, raudstilk, strandsnipe, storspove og enkeltbekkasin i området, dessutan stokkand og ein variert småfuglfauna. Ein gråhegrekoloni er etablert dei siste åra, med omlag 25 par i 1998. Av botanikk er det strandvegetasjonen som er av størst interesse. Området er avhengig av skjøtsel, først og fremst for å hindre tilgroing med lauvkratt.

UTFØRTE INNGREP: I nordkant av området ligg eit større steinbrot med knuseverk. I sørkant går ei kraftleidning.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Mesteparten av området er regulert til større industriverksemd, plan datert 5.4.82. Massetaket fører med seg både forstyrning og terrenginngrep.

4.4.29 Lomstjønnå - Hareidsmyrane

KOMMUNE: 1517 Hareid
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ4518

OMRÅDESKILDRING: Flatlendt torvmyrområde med ei lita tjønn, nær Hareid sentrum. Noko bjørkekratt.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Hettemåse | | ca 50 par |
| Fiskemåse | 120 - 125 par | ca 300 par |
| Sildemåse | | 30 - 40 par |
| Gråmåse | | ca 5 par |
| Svartbak | | ca 5 par |
| Totalbestand alle artar: | 120 - 125 par | ca 400 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar i tillegg stökkand, krikkand, brunnakke og toppand i området. For hettemåse er dette ein av dei største koloniane i fylket. Lomstjønnå og Hareidsmyrane må sjåast i samanheng med Grimstadvatnet naturreservat og måsekoloniane kan flytte imellom.

UTFØRTE INNGREP: Det er grave ei grøft frå Lomstjønnå mot Hareidselva.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Området ligg nær sentrum og arealbruken skal vurderast i samband med rullering av kommuneplana. Det er tidlegare foreslått å behalde området som friområde/klimavernsone.

4.4.30 Grimstadvatnet

KOMMUNE: 1517 Hareid
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ4317 - 4418

OMRÅDESKILDRING: Området består av Grimstadvatnet og den nordlege enden av Snipsøyrvatnet, samt elva imellom og tilgrensande myr- og lyngheiområde. Det er noko kantskog langs elva og vatnet.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Hettemåse | | ca 5 par |
| Fiskemåse | ca 300 par | 200 - 250 par |
| Svartbak | | ca 10 par |
| Makrellterne | | 10 - 20 par |
| Raudnebbterne | | 20 - 30 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 300 par | 250 - 300 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området har ei rekkje andre hekkefuglar, m.a. grasandartar og sporvefugl. Grimstadvatnet er ein klassisk fuglelokalitet i fylket og dokumentasjonen er omfattande. Må sjåast i samanheng med Lomstjønnna og Hareidsmyrane og måsekoloniane kan år om anna flytte imellom. Ein del måsefugl hekkar også i myrane kring området, hovudsakleg fiskemåse. Området er verna som naturreservat.

UTFØRTE INNGREP: Regulering av vassnivået.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Usemje om vasstanden.

4.4.31 Vindfarholmen

KOMMUNE: 1519 Volda
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLP408030

OMRÅDESKILDRING: Liten holme, ca. 100 x 50 m, med svaberg og skrentar langs sjøen og vegetasjon av frodige gras- og starrartar på toppen. Innslag av næringskrevjande urter og eit par rognebuskar.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|--------------|------------------|
| Ærfugl | 1 - 2 par | |
| Hettemåse | ca 100 par | |
| Fiskemåse | ca 315 par | ca 50 par |
| Sildemåse | truleg 1 par | |
| Gråmåse | truleg 1 par | |
| Svartbak | 1 par | 2 par |
| Krykkje | ca 240 par | |
| Makrellterne | ca 50 par | |
| Raudnebbterne | ca 15 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 700 par | ca 50 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Hekkefuglar elles er siland, tjeld og dei seinare åra også grågås. Vegetasjonen er interessant ut frå den utprega gjødslingseffekten. Tala syner at bestandane har gått kraftig ned sidan 80-talet. Ein må sjå dette i samanheng med naturleg dynamikk i måsefuglbestandane, jamfør også andre lokalitetar i fylket. Historia har synt at Vindfarholmen er attraktiv når tilhøva elles er gode. Mink kan vitje holmen sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.32 Årsetøya

KOMMUNE: 1519 Volda
KARTBLAD (M-711): 1219-III Hjørundfjord
UTM (EUREF89): 32VLP567857

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, 250 x 200 m og med høgste punkt ca 20 m.o.h. Nokså berglendt og bratt langs det meste av strandlinja, og med grasmark og slåttemark som dekkjer det meste, men med litt skog og kratt, furu og lauvtre. Det er eit gardsbruk med busetnad på øya.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1978 - 81 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Fiskemåse | ca 200 par | ca 115 par |
| Makrellterne | ca 20 par | ca 20 par |
| Raudnebbterne | ca 5 par | ca 10 par |
| Teist | 2 - 5 par | 1 par + |
| Totalbestand alle artar: | ca 230 par | ca 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Saman med det vesle Vikaskjeret noko lenger vest, er dette den einaste holmen i indre fjordstrok på Sunnmøre og ein av dei få i fylket. Ternekolonien kan dels flytte mellom dei to. På det meste er det registrert til saman 60 par. På Årsetøya hekkar i tillegg 2-6 par siland og 2 - 3 par tjeld. Det har tidlegare vore eit oterhi på øya. Berggrunnen er dels eklogitt og er av geologisk interesse. Det er gammal busetnad med mange hus tilhøyrande eitt bruk. Heile øya har vore nytta til jordbruk/slåttemark, samstundes som det har vore teke godt vare på fuglelivet på øya. Dei kulturhistoriske interessene er difor vesentlege.

UTFØRTE INNGREP: Kulturlandskapet.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Lite eller ingen konflikter med det bruksmønster som har vore til no.

4.4.33 Vikeskjeret

KOMMUNE: 1519 Volda
KARTBLAD (M-711): 1219-III Hjørundfjord
UTM (EUREF89): 32VLP551863

OMRÅDESKILDRING: Lite og nesten heilt snautt skjær, berre ein klungerbusk og litt gras.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Fiskemåse | ca 5 par | |
| Makrellterne | ca 5 par | ca 20 par |
| Raudnebbterne | ca 5 par | ca 20 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 15 par | ca 40 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Saman med den større Årsetøya er dette den einaste holmen i indre fjordstrok på Sunnmøre. Ternene kan flytte imellom. Eitt tjeldpar hekkar.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.34 Lidaholmen

KOMMUNE: 1519 Volda
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLQ413012

OMRÅDESKILDRING: Liten holme, ca. 50 x 50 m², med svaberg og rullestein langs stranda og med frodig gras- og urtevegetasjon og noko lauvkratt på toppen.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1979 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Ærfugl | 1 - 2 par | |
| Fiskemåse | ca 30 par | |
| Svartbak | 1 par | ca 5 par |
| Makrellterne | 50 par + | 20 - 30 par |
| Raudnebbterne | 50 par + | 20 - 30 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 130 par | 50 - 60 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tjeld og strandsnipe hekkar. Ein har opplysningar om at ternekolonien har vore større i andre år enn det som her er registrert. Denne variasjonen er naturleg. Mink opptrer jamnleg.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.35 Måsehaugane - Yksnøy

KOMMUNE: 1519 Volda
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLQ3803

OMRÅDESKILDRING: Området femner nordlege del av Yksnøya med open lynghei, strandeng og bergrabbar i høgder inntil 25-30 m.o.h. Yksnøya ligg i sørkanten av den «Grøne korridor», eit verdfullt kulturlandskap i fjordsona mellom Ulstein og Herøy.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Ærfugl | einskilde par | fleire par |
| Fiskemåse | ca 250 par | 100 par + |
| Sildemåse | 10 - 15 par | 15 - 20 par |
| Gråmåse | ca 75 par | 100 par + |
| Svartbak | ca 15 par | 20 - 30 par |
| Makrellterne | 40 par + | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | 60 par + | 10 - 15 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 450 par | 250 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Bestandstala ovanfor gjeld heile Yksnøya, men dei konsentrerte koloniane ligg på den nordlege delen, Måsehaugane. Her held det meste av gråmåse til saman med sildemåsen, nokre svartbak og ternene. Etter ein dårleg periode i slutten av 80-talet er koloniane no aukande. Av andre hekkeartar i området er siland, tjeld, vipe, storspove og strandsnipe.

FØREMÅLET MED VERNEFRAMLEGGET: Verne ein måse- og ternekoloni.

UTFØRTE INNGREP: Ein kraftleidning kryssar vestre del av området. Det er busetnad på øya, men denne rører ikkje direkte ved dei mest interessante fulgelokalitetane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.36 Lianesholmen

KOMMUNE: 1520 Ørsta
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLQ445019

OMRÅDESKILDRING: Liten fjellholme, ca. 50 x 30 m². Frodig vegetasjon med gras, urter og litt lauvkratt på toppen.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1978 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Hetemåse | | 6 - 8 par (1994) |
| Fiskemåse | 1 par | ca 10 par |
| Svartbak | | 2 par |
| Makrellterne | 40 par + | 30 - 40 par |
| Raudnebbterne | 60 par + | 50 - 60 par |
| Totalbestand alle artar: | 100 par + | ca 120 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Hekkefunn av siland, arten hekkar truleg regelmessig. År om anna har det vore minkhi på holmen.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.37 Raudøya

KOMMUNE: 1520 Ørsta
KARTBLAD (M-711): 1119-II Volda
UTM (EUREF89): 32VLQ4204

OMRÅDESKILDRING: Langstrakt, todelt øy med fire fråflytta gardsbruk. Dels skogkledd, dels kulturmark, lynghei og strandeng. To små holmar på nordsida høyrer til; Blæja, eit lite, flatt skjer med noko grasvegetasjon, og Raudøyholmen, ein høgare holme med frodigare planteliv. Kulturlandskapsverdiane er vesentlege.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1986 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Ærfugl | fleire par | fleire par |
| Hettemåse | | 5 par + |
| Fiskemåse | 80 par + | ca 50 par |
| Sildemåse | ca 10 par | |
| Gråmåse | ca 10 par | |
| Svartbak | 10 par + | 4 - 6 par |
| Makrellterne | 30 par + | 20 - 30 par |
| Raudnebbterne | 100 par + | 75 par + |
| Teist | 1 - 2 par | |
| Totalbestand alle artar: | 250 par + | 150 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre artar hekkar fleire par grågås, siland, tjeld, vipe, raudstilk, strandsnipe, storspove, enkeltbekkasin, rugde, 20-30 par gråhegre. Åkerrikse, krykkje og tjuvjo har hatt tilhald i hekketida, og dessutan ei rekkje småfuglartar. Vegetasjonen er rik og frodig, bl.a. med mykje kristtorn og eit bestand av svartor. Vegetasjonen er avhengig av skjøtsel for å kunne oppretthaldast og søraustlege del av øya er foreslått verna som reservat i samband med verneplan for barlind og kristtorn. Det er også foreslått landskapsvern for heile øya.

UTFØRTE INNGREP: Ein del inngrep i samband med tidlegare busetnad og kulturmark, men ikkje av vesentleg negativ betydning for sjøfugl. Litt saubeiting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Raudøya er lokalt viktig i friluftssamanheng. Hyttebygging har vore på tale.

4.4.38 Våtmyrsholmen

KOMMUNE: 1528 Sykkylven
KARTBLAD (M-711): 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF89): 32V699213

OMRÅDESKILDRING: Berglendt liten holme ved Tusvika med parti av frodig grasvegetasjon.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1982 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------|------------------|
| Fiskemåse | ca 30 par | ca 30 par |
| Svartbak | 1 par | |
| Makrellterne | | 30 - 40 par |
| Raudnebbterne | | 30 - 40 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 25 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 55 par | 90 - 110 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Både fiskemåse og terner har tidlegare år hekka i større tal. Lokaliteten synest å vere stabilt i bruk. I tillegg hekkar tjeld og siland.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.39 Langevågsholmane

KOMMUNE: 1531 Sula
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund
UTM (EUREF89): 32VLQ5427 - 5527

OMRÅDESKILDRING: 20 - 30 holmar av varierende storleik nord for Langevågen. På dei inste er det noko kratt og skog, medan dei ytre holmane har meir gras og strandengvegetasjon. På nokre av holmane er det bygningar og på ein er det framleis busetnad.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1977 - 80 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Ærfugl | spredde par | ca 40 kull |
| Hettemåse | 2 par | |
| Fiskemåse | ca 240 par | ca 80 par |
| Svartbak | 4 -5 par | |
| Makrellterne | ca 50 par | |
| Raudnebbterne | ca 100 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 400 par | ca 120 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området ser ut til å ha ein svært viktig funksjon som oppvekstområde for ærfugl. At ternene ikkje hekka i 1994 og 95 er i samsvar med tilhøva elles i regionen. Grågås har etablert seg hekkande dei seinaste åra. For måsar og ternar synest dei viktigaste områda å vere Hattholmen og eit par holmar kring denne, men særleg ternene kan flytte imellom. Ærfuglen hekkar meir spreidd i området.

UTFØRTE INNGREP: Nokre hytter og naust. Ilandstigningsbrygger på Gåsøya, Hattholmen og Storholmen. Toalett på Storholmen. Busetnad på Hattholmen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Området ligg i nær tilknytting til kommunesenteret i Sula og er mykje nytta til båtutfart, bading og friluftsliv. Noko av området er sikra som friluftsområde med statlege midlar (Svinholmen, Rognholmen, Langedraget, Storholmen). Seglarforeininga har hytte på Gåsholmen.

4.4.40 Erkna

KOMMUNE: 1532 Giske
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ4239

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, 1 x 0,8 km, med større strandflater og eit høgdedrag med ein del berghamrar opp til nær 40 m.o.h. Det meste av øya er graskledd, men og ein del berg i dagen og noko steinur. Spreidde rullesteinsrøyser på strandflata.

VERDIVURDERING: 1

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 - 83 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|-------------------------------|
| Havhest | ca 200 par | 322 par |
| Havsvale | ? | truleg hekkande ¹⁾ |
| Stormsvale | ? | truleg hekkande ¹⁾ |
| Toppskarv | ca 25 par | 123 par + |
| Ærfugl | 30 - 50 par | fleire par |
| Fiskemåse | 10 par + | spreidde par |
| Sildemåse | ca 150 par | 15 - 20 par |
| Gråmåse | 150 par + | 2 - 300 par |
| Svartbak | ca 200 par | 2 - 300 par |
| Makrellterne | 20 par + | |
| Raudnebbterne | 100 par + | |
| Teist | 40 - 50 par | fleire par |
| Totalbestand alle artar: | 950 par + | 900 par + |

1) Havsvale og stormsvale vart påvist sikkert hekkande første gong i 1996. Det vart då funne 14 par havsvaler og 2 par stormsvaler. Truleg er talet på hekkande par større. Hittil er dette dei einaste sikre hekkefunna i Møre og Romsdal.

NATURFAGLEGE MERKNADER:

Av andre fugleartar finst hekkande gravand, stokkand, 8-10 par tjeld, minst 7 par steinvendar, raudstilk, skjerpipplerke, linerle, stare, ramn, gjerdesmett og bergirisk. Når det gjeld terner, sildemåse, gråmåse og havhest, ligg det føre opplysingar som tyder på at bestandane i gode år er enda større enn det som er gjeve ovanfor. Under trekket tener Erkna som viktig rasteplass for eit rikt utval av fugl, mellom anna fleire artar gjæser og vadarar. Vidare samlast fleire hundre ærfugl i myteperioden og store mengder skarv og måsar nyttar øya til overnattingsplass i vinterhalvåret. Vi taler difor om ein av dei aller viktigaste sjøfugllokaltetane i fylket. Botanisk er det verdt å nemne fleire kravfulle planteartar (østersurt, vivindel, osb.).

UTFØRTE INNGREP: Det er fyrstasjon på øya, med tilhøyrande kai, bygningar og anlegg. Noko sauebeiting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Utfart sommarstid.

4.4.41 Langholmen

KOMMUNE: 1532 Giske
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ472425

OMRÅDESKILDRING: Berglendt holme, ca. 200 x 150 m med nokre skjer ikring i gruntvassområda nord for Vigra. Det er frodig vegetasjon i revner og kløfter og fleire smådammar, dels gjødsla av tare.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Fiskemåse | 20 - 25 par | |
| Gråmåse | | 75 par + |
| Svartbak | einskilde par | 75 par + |
| Makrellterne | 10 par + | |
| Raudnebbterne | 10 par + | |
| Teist | | 8 - 10 par |
| Totalbestand alle artar: | 40 - 50 par | 160 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Andre hekkande fugleartar er gravand, tjeld og skjerpipelerke. Ein har opplysingar om at bestandane av sjøfugl har vore vesentleg større tidlegare. Mink kan vitje holmen sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båtutfart somarstid.

4.4.42 Storholmen

KOMMUNE: 1532 Giske
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ4249

OMRÅDESKILDRING: Tre stort sett snauvaska, høge skjer som ligg svært vérhardt langt til havs. Skarvholmen er det største, 160 x 100 m². Sjølve Storholmen er den høgste og her finst ei og anna plante i ly av sprekker og hol i berget. Her ligg og fyrstasjonen.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1981 - 83 | 1994 - 95 |
|----------------------------------|------------------|------------------|
| Toppskarv | ca 25 par | ca 50 par |
| Raudnebbterne | | 50 par + |
| Lomvi | 1 par + | |
| Alke | ? | |
| Teist | ca 25 par | 10 par + |
| Lunde | ? | ? |
| Totalbestand aller artar: | 50 - 60 par | 110 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Eitt kråkepar hekka i 1981. Elles har større ærfuglflokkar tilhald i myteperioden. Måsar nyttar holmane til kvileplass, mest svartbak med over 100 individ. I 1994 var der visse teikn på hekkeetablering av krykkje og meir enn 100 vaksne individ vart observert. Lunde, alke og lomvi hekkar truleg i gode år, mellom anna 10 - 15 par lomvi i 1970. Toppskarvkolonien har også vore større tidlegare. Holmen er minkfri.

UTFØRTE INNGREP: Fyrstasjon på sjølve Storholmen, elles ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.43 Alnesrauden (Raunen)

KOMMUNE: 1532 Giske
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigma
UTM (EUREF89): 32VLQ411353

OMRÅDESKILDRING: Små, snaue skjer, svært eksponerte. Det største er ca 250 x 70 m. Litt vegetasjon i sprekker og søkk langs toppen.

VERDIVURDERING: **2**

HEKKANDE SJØFUGL: Det kan hekke nokre par teist, fiskemåse eller svartbak, men andre funksjonar enn hekkeområde er viktigare.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Denne lokaliteten har størst verdi som overnattingsplass for storskarv og toppskarv. Delar av året kan talet vere fleire tusen. Lokaliteten er og viktig for mytande ærfugl, med inntil 300 individ.

UTFØRTE INNGREP: Sjømerke.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Eventuelt skarvejakt.

4.4.44 Sætedalen, Valderøy

KOMMUNE: 1532 Giske
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ5135

OMRÅDESKILDRING: Eit lyng- og graskledd dalsøkk nord på Valderøya. Eit kunstig vassmagasin ligg sentralt i dalen.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1979 | 1994 - 95 |
|----------------------------------|-------------|------------------|
| Gråmåse | ca 200 par | 300 par + |
| Svartbak | | 20 - 30 par |
| Totalbestand aller artar: | ca 200 par | 300 - 350 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Måsekoloniane har tidlegare skapt problem for vassforsyninga i området. Magasinet er no ute av bruk og kolonien ser ut til å ha vakse.

UTFØRTE INNGREP: Vassmagasin.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Planar om massetak.

4.4.45 Gjøsandholmen

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ5537

OMRÅDESKILDRING: Ein etter måten stor holme, ca. 900 x 500 m². Småkupert med grasmark, myr og lynghei inntil 18 moh., og med eit par strandenger. Dessutan ein mindre holme i nordaust, Bølet, ca. 200 x 125 m², som er gras- og lyngkledd og med nokre snauare skjer ikring.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1973 - 1981 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|--------------------|------------------|
| Ærfugl | fleire par | fleire par |
| Tjuvjo | ? | |
| Fiskemåse | 10 par + | |
| Sildemåse | | einskilde par |
| Gråmåse | 50 par + | 100 - 150 par |
| Svartbak | ca 300 par | 200 - 250 par |
| Makrellterne | 10 - 20 par | |
| Raudnebbterne | ca 270 par | |
| Totalbestand alle artar: | 600 - 700 par | 3 - 400 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Andre artar som hekkar meir eller mindre regelbundne er gravand, storkand, siland, steinvendar, raudstilk, storspove, enkeltbekkasin, fleire par tjeld, fleire par grågås, skjerpipplerke, heipiplerke og minst eitt par kråke. Det er ein steinkobbstamme i området (min. 40-50 dyr).

UTFØRTE INNGREP: Ingen av betydning. Ein steinvarde på Bølet.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Eggsanking.

4.4.46 Måsehamrane, Løvsøya sørvest

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ5347

OMRÅDESKILDRING: Bratte og ulendte fjellsider opp mot eit platå, 200-250 m.o.h. Langs foten av fjellet er det strandenger av varierende breidde. I fjellsidene er det noko lauvskog, gras og urter. Til området høyrer ôg Innholmen i vest.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1969 - 81 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Havhest | ca 70 par | 10 - 15 par |
| Toppskarv | ca 100 par | 5 - 10 par |
| Ærfugl | fleire par | |
| Fiskemåse | einskilde par | |
| Sildemåse | ca 30 par | |
| Gråmåse | 8 - 850 par | ca 300 par |
| Svartbak | 20 - 25 par | ca 10 par |
| Krykkje | 12 par | |
| Teist | einskilde par | ? |
| Totalbestand alle artar: | 1000 - 1200 par | ca 330 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området er av typisk fuglefjellskarakter med strandflater, fjellskjæring og høgplatå og er såleis interessant reint naturtypemessig. Den botaniske verneverdien er stor, med både varmekjære og atlantiske floraelement. Fuglefaunaen og insektfaunaen generelt er rik. Det ligg fleire hellarar og sjøgrotter i området. Sjølv om talet på sjøfugl har gått kraftig ned mot 90-talet, syner tidlegare tal lokaliteten sitt potensiale og verdi som sjøfuglområde.

UTFØRTE INNGREP: Ved Rønstad er det teke ut masse frå ei ur, elles er delar av området beita og på annan måte utnytta i samband med jordbruk, bl.a. med utmarksfjøsar og gjerde. Ein oldtidsbuplass (Rønstadhellaren) ligg i området.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Busetnad og landbruksaktivitet langs stranda under fuglefjellet vert ikkje oppfatta som eit vesentleg problem.

4.4.47 Haramsøya vestsida

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1120-II Vigra
UTM (EUREF89): 32VLQ5552

OMRÅDESKILDRING: Også dette området er av fuglefjellskarakter. Stort sett bratte fjellsider opp mot 200 - 250 m.o.h. men med mindre strandengparti langs foten, mest utvikla i nord- og sørenden av området. Ein del ur og rasmark, men vesentlege parti er berghamrar. Vegetasjonen er gras, litt lyng og litt lauvkratt i berghamrane. Meir kravfulle planteartar finst spreidd. Til området høyrer også Kvernholmen med Ulla fyr. Det er registrert vesentlege kulturlandskapsverdiar kring den nordre delen av Haramsøya og Ullasundet.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 - 79 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Havhest | ca 20 par | fleire par |
| Toppskarv | ca 120 par | 15 par + |
| Ærfugl | spreidde par | spreidde par |
| Gråmåse | 10 - 20 par | |
| Svartbak | einskilde par | |
| Teist | einskilde par | einskilde par |
| Totalbestand alle artar: | ca 160 par | 25 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det er betydelege botaniske verneverdiar i fjellskjæringane med fleire kravfulle artar, både oseaniske og kalkkrevjande (orkidear). Tidlegare var også fjellplatået over skjæringane botanisk interessant, men omfattande nydyrking har redusert desse verdiane vesentleg. Ei rekkje andre fugleartar hekkar i området. Sjøfuglbestandane var betydeleg større berre for få år sidan, med 3-400 par toppskarv, ein hegrekoloni og ein langt større måsebestand. Dessutan hekka truleg også lunde ein periode. Etter ein dårleg periode frå slutten av 80-talet ser skarvekolonien no ut til å vere under oppbygging igjen.

UTFØRTE INNGREP: På Kvernholmen er fyrstasjon med bru over til Haramsøya. Holmen er dels dyrka. Fjellplatået er også oppdyrka, men sjølv fjellsidene er utan inngrep.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsl og fritidsfiske frå land. Noko lenger aust på øya er det sett opp målemast for vind, med tanke på eventuelle vindmøller.

4.4.48 Kjepina

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1220-III Brattvåg
UTM (EUREF89): 32VLQ649355

OMRÅDESKILDRING: Liten berglendt holme med glissen vegetasjon, midtfjords i Grytafjorden.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 - 80 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Fiskemåse | ca 50 par | 60 - 70 par |
| Gråmåse | | 4 - 5 par |
| Svartbak | | 1 par |
| Makrellterne | ca 50 par | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | ca 175 par | 10 - 15 par |
| Teist | ca 5 par | ca 45 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 280 par | 140 - 160 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tjeld hekkar i tillegg. Tidlegare kunne ternekoloniane veksle mellom Kjepina og Grytaholmane lenger inn. Her er det no opparbeidd småbåthamn. Storskarv er observert parvis i hekketida. Mink kan opptre sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Fyrlykt på Kjepina.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.49 Husfjellet

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1220-III Brattvåg
UTM (EUREF89): 32VLQ5953

OMRÅDESKILDRING: Ein bergformasjon opp mot 115 moh. vest på Skuløya. Området har fuglefjellspreng med berghamrar, blokkmark og urer. På toppen graskledd med litt lyng innimellom, og med noko lauvkratt i hamrane. Den vestlege delen av Skuløya utgjer saman med nordlege delar av Haramsøya eit verdfullt kulturlandskap. Vest for Husfjellet er det mellom anna gamal beitemark på kalkholdig grunn, som gjev spesiell plantevekst.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1969 - 81 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Havhest | ca 90 par | ca 20 par |
| Toppskarv | ca 50 par | 15 - 20 par |
| Ærfugl | einskilde par | |
| Fiskemåse | | ca 20 par |
| Gråmåse | 200 -250 par | 50 - 100 par |
| Svartbak | ca 10 par | ca 5 par |
| Totalbestand alle artar: | 350 - 400 par | 100 - 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: I Sakshammaren er det varierte bergartar, bl.a. eklogitt. Det hekkar eit variert utval av småfuglartar, men elles er lite kjent av spesiell interesse utanom sjøfugl. Sjøfuglbestandane har vore større tidlegare. Såleis har toppskarvbestanden tidlegare vore oppe i 100 par.

UTFØRTE INNGREP: Det går veg langs fjellfoten på heile strekninga. På sørsida av Husfjellet er det planta berg- og buskfuru.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen slik området vert nytta i dag.

4.4.50 Svetlingane

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1220-III Brattvåg
UTM (EUREF89): 32VLQ5857

OMRÅDESKILDRING: Tre større og nokre mindre skjer som ligg svært verhardt til ut mot ope hav. Den største, ca. 200 x 125 m, har litt jord på toppen, og felt med frodig vegetasjon av gras, høymol og balderbrå, elles berglendt. To andre, større skjer har mindre vegetasjon medan dei minste er heilt avvaska.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1968 - 83 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|----------------------|------------------|
| Toppskarv | ca 100 par | 200 par + |
| Ærfugl | 1 - 2 par | |
| Fiskemåse | 2 par | |
| Sildemåse | ca 5 par | 5 - 10 par |
| Gråmåse | ca 100 par | 100 par + |
| Svartbak | ca 150 par | ca 200 par |
| Makrellterne | 20 - 50 par | |
| Raudnebbterne | ca 150 par | |
| Teist | ca 30 par | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | 550 - 650 par | 425 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Grågås besøker lokaliteten i mytetida. Stokkand, tjeld og skjerpiperle hekkar nesten årleg medan gravand, linerle, steinskvett og kråke kan hekke sporadisk. Inntil 200 steinkobbe held til i området og havert vert sett årleg. Det har tidlegare hekka krykkje med 66 par på det meste. Seinare har denne hekka sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.51 Rødholmen

KOMMUNE: 1534 Haram
KARTBLAD (M-711): 1220-III Brattvåg
UTM (EUREF89): 32VLQ669479

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe holmar og skjer, den største ca. 250 x 125m². Denne er og småkupert med frodig grasvekst over det meste, men med litt snaue bergskrentar og svaberg, og parti med rullestein i stranda. Dei minste holmane er snauare og berglendte, men med litt spreidd gras- og urtevegetasjon.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1969 - 83 | 1994 - 95 |
|--------------------------|------------------|------------------|
| Ærfugl | einskilde par | fleire par |
| Fiskemåse | einskilde par | nokre titals par |
| Svartbak | einskilde par | 50 par + |
| Makrellterne | ca 20 par | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | 30 par + | 50 par + |
| Teist | 20 - 30 par | 25 par + |
| Totalbestand alle artar: | 70 par + | 150 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmane er ein viktig overnattingsplass for skarv og kråker i vinterhalvåret. Grågås beitar og hekkar muligens på holmane. Av andre fugleartar hekkar tjeld, skjerpplerke og kråke. Truleg kan og andre småfuglartar hekke til tider. Krykkje har hekka sporadisk. Mink opptrer av og til, noko som har hatt betydning for terner og teist.

UTFØRTE INNGREP: På den vestlegaste holmen er det fyr og murar etter tidlegare fyrhus. På den største holmen er det og restar av husmurar. Desse murane er viktige hekkeplassar for teist.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko båtutfart.

4.4.52 Feøya

KOMMUNE: 1535 Vestnes
KARTBLAD (M-711): 1220-II Vestnes
UTM (EUREF89): 32VMQ0246

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, ca. 500 x 300m². I austkant ei høgde med busker, kratt og frodig lauvskog i sørhellinga. Elles er holmen flatlendt med gras-/beitmark og noko einer i vestkant.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975, 1979 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|----------------------|----------------------|
| Ærfugl | ca 50 par | 30 par + |
| Fiskemåse | ca 150 par | 100 - 150 par |
| Sildemåse | ca 50 par | ca 10 par |
| Gråmåse | ca 200 par | 150 - 200 par |
| Svartbak | ca 50 par | ca 100 par |
| Makrellterne | ca 100 par | ca 20 par |
| Raudnebbterne | 50 - 100 par | ca 20 par |
| Teist | 3 par | fleire par |
| Totalbestand alle artar: | 650 - 700 par | 425 - 525 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Sjøfuglkoloniane er blant dei største i midtre fjordstrok. Grågås har hekka sidan 70-talet (og kanskje tidlegare) med 8 - 10 par årleg. Av andre fugleartar har det vore ein koloni med inntil 15 par gråhegre. Tjeld, vipe, raudstilk, ringdue, fleire småfuglartar hekkar også. Grunneigarane har lagt ned forbod mot ilandstiging i hekkeseongen. Bestand av alm, villmorell og hagtorn er av botanisk interesse. Vegetasjonen er avhengig av skjøtsel/beite.

UTFØRTE INNGREP: Det er fyrlykt og beitedrift på holmen. Sauehaldet skal no leggast ned. Tidlegare har det vore landfeste for tankbåtar i opplag. Grunneigarane har drive området som aktivt eggvær heilt fram mot nyare tid.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Fortøyingsinstallasjonar kan verte aktuelt å ta i bruk på nytt.

4.4.53 Holmsholmen

KOMMUNE: 1539 Rauma
KARTBLAD (M-711): 1320-III Åndalsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ266508

OMRÅDESKILDRING: Omlag 250 m lang holme nær land i ytre del av Langfjorden. Holmen er dels skogkledd, dels strandeng og rullestein.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Ærfugl | einskilde par | einskilde par |
| Fiskemåse | 50 par + | ca 25 par |
| Makrellterne | ca 25 par | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | ca 25 par | ca 10 par |
| Teist | 1 par | |
| Totalbestand alle artar: | 100 par + | 45 - 55 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar elles siland og ein liten koloni gråhegre, samt grågås. Eit større tal gråhegre har likevel tilhald heile året og nyttar gruntområda kring holmen til næringssøk. Dei same gruntområda vert også nytta vinterstid av ærfugl, horndukkar (inntil 9 stk), sjøorre m.fl.

UTFØRTE INNGREP: Det er ei hytte på holmen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsel i hekkesesongen.

4.4.54 Hestholmen

KOMMUNE: 1539 Rauma
KARTBLAD (M-711): 1320-III Åndalsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ205484

OMRÅDESKILDRING: Særeigen høgreist holme midt i utlaupet av Langfjorden. Omlag 200 m lang. Det meste av holmen er furuskogkledd, og det meste av sjøfuglane hekkar kring ein sørvendt berghammar.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1981 - 84 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Ærfugl | einskilde par | einskilde par |
| Fiskemåse | 70 - 100 par | ca 60 par |
| Sildemåse | | 1 par |
| Krykkje | | ca 20 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 25 par | |
| Teist | 2 par | 1 par + |
| Totalbestand alle artar: | 100 - 130 par | ca 85 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ein av dei få fjordkoloniane av krykkje. Det står att å sjå kor stabilt dette er. Utvalet av hekkelokalitetar er likevel lite inne i fjordane og Hestholmen har tradisjonelt vore ein god hekkeplass både for måser og ternar. Mink opptrer berre sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.55 Vistdalsholmen

KOMMUNE: 1543 Nasset
KARTBLAD (M-711): 1320-II Eresfjord
UTM (EUREF89): 32VMQ452567

OMRÅDESKILDRING: Liten, dels skogkledd holme, med blanding av furu- og lauvskog, men og parti med open grasmark og svaberg.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975, 1983 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------------|------------------|
| Ærfugl | ca 15 par | fleire par |
| Fiskemåse | ca 50 par | 20 - 30 par |
| Makrellterne | 50 - 60 par | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne | | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | 100 - 125 par | 45 - 60 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmen er ein av svært få holmar i indre fjordstrok i fylket. Det hekkar gråhegre og kanadagås, dessutan også siland og enkelte småfuglartar.

UTFØRTE INNGREP: Litt beitedrift.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båtutfart.

4.4.56 Prestholmen

KOMMUNE: 1543 Nasset
KARTBLAD (M-711): 1320-I Tingvoll
UTM (EUREF89): 32VMQ494590

OMRÅDESKILDRING: Liten kupert holme, dels grasvaksen, dels naken. Stort sett svaberg langs sjøen, men ei lita vik med rullestein og ein bratt skrent. Eit par små rognebuskar.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 - 86 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Fiskemåse | ca 250 par | 20 - 30 par |
| Sildemåse | ca 60 par | ca 60 par |
| Gråmåse | 2 par + | 10 par + |
| Svartbak | 5 - 6 par | 15 - 20 par |
| Krykkje | 23 par | ca 25 par |
| Makrellterne | 70 - 80 par | |
| Raudnebbterne | ? | |
| Totalbestand alle artar: | ca 425 par | 130 - 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmen er ein av svært få holmar i indre fjordstrok i fylket. Det er verdt å merke seg det gode utvalet av artar, samt den gode bestanden av sildemåse. Dette er også ein av dei få fjordkoloniane med krykkje. At det ikkje hekka ternar i 1994-95 er i samsvar med situasjonen i heile regionen. Tidlegare tal syner området sitt potensiale. Av andre fugleartar hekkar 6-7 par kanadagås, dessutan siland, tjeld og truleg også småfuglartar.

UTFØRTE INNGREP: Beiting med sauer enkelte år.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Oppdrettsnæring.

4.4.57 Meløya

KOMMUNE: 1543 Nasset
KARTBLAD (M-711): 1420-IV Stangvik
UTM (EUREF89): 32VMQ635628

OMRÅDESKILDRING:

Lita øy midt i Tingvollfjorden/Sunndalsfjorden, dels skogkledd, men elles med breie, snaue eller graskledd strandbremmar. Det er ei hytte på øya.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1994 |
|---------------------------------|-------------|
| Ærfugl | 3 par |
| Fiskemåse | ca 50 par |
| Gråmåse | ca 10 par |
| Svartbak | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 75 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det er svært få øyar i indre fjordstrok i fylket og Meløya er saman med Flåøya dei einaste i Tingvollfjorden/Sunndalsfjorden. Dei er av den grunn viktige for sjøfugl. Tidlegare har fiskemåsen vore meir talrik enn registreringane syner. Det gjeld også makrellterne og raudnebbterne som i gode år kan ha ein relativt stor koloni. Det er samstundes rapportert både siland, sildemåse og teist i hekketida, og det hekkar canadagås.

UTFØRTE INNGREP: Ei hytte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsel i hekkesesongen.

4.4.58 Tautra vestende

KOMMUNE: 1545Midsund
KARTBLAD (M-711): 1220-II Vestnes
UTM (EUREF89): 32VMQ9050

OMRÅDESKILDRING:

Fuktig lynghei med langsgåande bergryggar sørvest på Tautra, samt nokre mindre holmar og skjer vest for dette. Det er eitt gardsbruk i drift på Tautra og øya har kulturlandskapsverdiar av nasjonal storleik. Midsund kommune har utarbeidd reguleringsplan.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | 1994 |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Ærfugl | ca 15 par | spredde par |
| Fiskemåse | 200 par + | ca 100 par |
| Sildemåse | 70 - 80 par | ca 25 par |
| Gråmåse | 30 - 40 par | ca 75 par |
| Svartbak | ca 10 par | ca 25 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 100 par | |
| Tjuvjo | 1 par | |
| Totalbestand alle artar: | 400 par + | ca 230 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tala for 1975 kan omfatte par som hekkar på austlege del av Tautra, men konsentrasjonane har hovudsakleg vore i vest. Lokaliteten omfattar også Storholmen og Furholmen. Tautrakolonien har vore i ekspansjon dei siste åra etter at den nærast var borte på 80-talet. Det kan såleis vere potensiale for betydeleg ekspansjon av måse i dette området, etter som det ligg i eit fjordavsnitt med kort veg til tradisjonelt rike fiskeområde. Det hekkar også grågås og ei rekkje andre artar på Tautra.

UTFØRTE INNGREP: Ei eldre hytte i vestenden. Elles ingen vesentlege inngrep på den delen av øya som er mest interessant for sjøfugl.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsel og friluftsliv.

4.4.59 Sveltingen

KOMMUNE: 1546 Sandøy
KARTBLAD (M-711): 1220-IV Ona
UTM (EUREF89): 32VLQ744714

OMRÅDESKILDRING: To mindre skjær rett sør for Ona. Noko grasvokster og steinur.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1979 | 1994 |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Toppskarv | 2 par | 47 par |
| Ærfugl | 2 par | |
| Svartbak | 9 par | |
| Teist | 4 par | 5 par |
| Totalbestand alle artar: | 17 par | 52 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar også tjeld på holmane. Både toppskarv og teist gjer denne lokaliteten verdfull. Mink opptretr truleg sjeldan.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER. Ingen

4.4.60 Røssholmen - Skjela - Oterholmen

KOMMUNE: 1546 Sandøy
KARTBLAD (M-711): 1220-IV Ona
UTM (EUREF89): 32VLQ770740

OMRÅDESKILDRING:

Tre større holmar nord for Ona. Skjela er ein nokså avlang bergrygg med ein del urte- og grasvegetasjon i sprekker og søkk. Oterholmen er relativt flat, småkupert og graskledd, dels myrlendt, og med svaberg og nokre knausar langs sjøen. Røssholmen er også etter måten stor, litt kupert og med eit større parti fuktig grasmark. Det er nokre låge knausar på austsida og ei relativ stor rullesteinsurd. Mellom og kring desse holmane er det gruntvassområde med fleire mindre skjær.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1979 | 1994 |
|---------------------------------|---------------|-------------|
| Toppskarv | ca 45 par | ca 285 par |
| Ærfugl | 7 par + | fleire par |
| Tjuvjo | 1 par | |
| Fiskemåse | 10 - 15 par | |
| Sildemåse | 10 - 15 par | ca 75 par |
| Gråmåse | ca 100 par | ca 250 par |
| Svartbak | ca 30 par | ca 300 par |
| Krykkje | 3 par | ca 50 par |
| Raudnebbterne | ca 15 par | |
| Teist | 12 par | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | 220 - 250 par | ca 1000 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER:

Holmane må sjåast i samanheng. I 1994 var bestandane fordelte med Røssholmen (ca 555 par), Oterholmen (ca 280 par) og Skjela (ca 165 par). Røssholmen er ein av dei største toppskarvkoloniane i fylket med ca 210 par. Dei 45 para i 1979 hekka likevel på Skjela. For dei fleste artane har bestandane vore større tidlegare og dette syner lokalitetane sine potensiale i gode tider. Både på Røsholmen og Oterholmen hekkar dessuten fleire par grågås, og det hekkar steinvendar, tjeld, skjerpiperleke og ramn. Det har sporadisk hekka gravand og stökkand og på Oterholmen har det vore ein hegrekoloni. Området er vidare svært viktig for ei lang rekke overvintrande artar.

UTFØRTE INNGREP: Det er ei hytte på Røsholmen. Tidlegare beiting av sau.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Avgrensa ferdsel.

4.4.61 Saltsteinen - Gallerskjera

KOMMUNE: 1547 Aukra
KARTBLAD (M-711): 1220-IV Ona
UTM (EUREF89): 32VLQ8276

OMRÅDESKILDRING: Dette er eit større gruntvassområde på Hustadvika med eit utal skjer og båer. Saltsteinen, Klovningen og Gallerskjera er dei største. Saltsteinen er nokså høg og med svaberg og knausar langs sjøen. Som ein kuriositet kan nemnast segna om den fredlause mannen som sette bu og familie her nokre generasjonar attende. Det er nok grasmark til å halde liv i eitpar sauar. Naboholmen Klovningen er ein høg holme/stort skjer, dels bratt berg og steinur, dels grasmark. Det same gjeld for Gallerskjera.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL: ¹⁾

| Periode: | 1979 | 1994 - 95 |
|---------------------------------|-------------------|------------------|
| Ærfugl | ca 13 par | spredde par |
| Toppskarv | ca 90 par | 52 par + |
| Fiskemåse | 8 par | |
| Sildemåse | ca 65 par | |
| Gråmåse | 12 par | |
| Svartbak | 17 par | 20 par + |
| Raudnebbterne | 3 - 4 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 210 par | 75 par + |

1) Tala gjeld berre Saltsteinen og Klovningen. I tillegg hekkar fleire par (hovudsakleg måsar) på andre holmar og skjer i området; Gallerskjera, Ertneskjeret, Skjetneskjera m.fl.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tjeld og steinvendar hekkar. Talet på sjøfugl syner stor variasjon. I gode år kan det vere betydeleg. Koloniane kan flytte mellom dei ulike holmane innan området (eller utanfor området). Det er difor viktig å sjå området samla. Sjølv om talet på hekkefugl er etter måten lite, er gruntvassområda kring Saltsteinsleia viktige som oppvekst- og myteområde for ærfugl og grågås og for overvintrande sjøfugl av mange artar.

UTFØRTE INNGREP: Sjømerke på tre holmar.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.62 Orsholmen - Grønningen - Orholmen

KOMMUNE: 1547 Aukra
KARTBLAD (M-711): 1220-I Hustad
UTM (EUREF89): 32VLQ8472

OMRÅDESKILDRING:

Fleire eksponerte holmar og skjær med endel gruntområde omkring, sør for Bjørnsund. Noko grasvokster i sprekker og søkk langs toppane, elles ope berg og steinar.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1979 | 1994 |
|---------------------------------|--------------|---------------|
| Ærfugl | spreidde par | |
| Fiskemåse | 6 par | 15 - 20 par |
| Gråmåse | | |
| Svartbak | ca 30 par | 5 par |
| Makrellterne | | ca 50 par |
| Raudnebbterne | ca 10 par | 100 par + |
| Tjuvjo | 1 par | |
| Teist | 1 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 50 par | 150 - 200 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Lokaliteten er tydeleg attraktiv for terner og talet var høgt i 1994, sjølv om det i det meste av fylket elles var svært lågt. Dette kan ha samanheng med at området berre sporadisk er vitja av mink. Siland, tjeld, steinvendar og raudstilk kan hekke. Vinterstid er gruntvassområda tilhaldsstad for m.a. ærfugl, skarv og måsar.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ein god del fiske og taretråling i sjøområda ikring.

4.4.63 Bjørnsund

KOMMUNE: 1548 Fræna
KARTBLAD (M-711): 1220-I Hustad
UTM (EUREF89): 32VLQ8975

OMRÅDESKILDRING:

Det fråflytta fiskeveret Bjørnsund med kringliggande holmar og skjær. Fleire av øyane er bundne saman av moloar og bruer og der er mange hus og andre bygningar. Det er frodig gras- og urtevekster på fleire av holmane, men lite busker og trær. Bjørnsund utgjer sørlege utpost i det nasjonalt viktige kulturlandskapsområdet langs Hustadvika og kulturverninteressene er store.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1979 | 1990 |
|--------------------------------|-------------------|-------------------|
| Ærfugl | 15 par + | 15 par + |
| Fiskemåse | ca 25 par | 4 par |
| Sildemåse | 1 par | 1 par + |
| Gråmåse | ca 340 par | ca 110 par |
| Svartbak | ca 20 par | ca 20 par |
| Krykkje | ca 135 par | ca 45 par |
| Tjuvjo | 1 par | 2 par |
| Makrellterne | | ca 25 par |
| Raudnebbterne | | ca 100 par |
| Raudn./Makrellterne | 15 par + | |
| Teist | 1 par + | |
| Totalbestand alle arter | ca 550 par | ca 325 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Dei største konsentrasjonane av fugl fanst både i 1979 og 1990 på Moøya (Bjørnsund fyr), Bjørnøya og kring hamnene på N. og S. Hammarøya (krykkje). Det hekkar elles grågås i området, siland, tjeld, steinvendar, ramn og nokre småfuglartar. Fuglelivsfreding (artsfreding) sidan 1935.

UTFØRTE INNGREP: Tidlegare busetnad, bygningar, moloar og opparbeidde tomter. Bjørnøya er utan vesentlege inngrep og på Moøya er det berre fyrstasjonen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: feriebusetnad, friluftsliv, ferdsel, eggsanking.

4.4.64 Hegerskjera

KOMMUNE: 1548 Fræna
KARTBLAD (M-711): 1220-I Hustad
UTM (EUREF89): 32VLQ9381

OMRÅDESKILDRING: To større og nokre mindre skjer på Hustadvika, rett nord for Bud. Noko gras- og urtevegetasjon og eitpar basseng. Hegerskjera er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapsområdet langs Hustadvika. Det er likevel ikkje knytt særskilte interesser til sjølve Hegerskjera i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1990 |
|--------------------------------|---------------|---------------|
| Ærfugl | einskilde par | einskilde par |
| Fiskemåse | 100 -120 par | ca 35 par |
| Sildemåse | | ca 65 par |
| Gråmåse | | 7 par |
| Svartbak | einskilde par | ca 20 par |
| Tjuvjo | 1 par | 1 par |
| Teist | 5 par + | 5 par + |
| Totalbestand alle arter | 110 - 130 par | ca 140 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tjeld hekkar årleg.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.65 Tromskjera - Mannskjera

KOMMUNE: 1551 Eide og 1554 Averøy
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ1590

OMRÅDESKILDRING:

Skjærgardsområde på grensa mellom Eide og Averøy kommunar. Mindre, flatelendte holmar med oppsprukke berg og noko grasvokster. Området ligg innafor det nasjonalt viktige kulturlandskapet langs Hustadvika. Det er likevel ikkje knytt særskilte interesser til desse holmane i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | nyere data? |
|---------------------------------|--------------|--------------------|
| Ærfugl | spreidde par | |
| Svartbak | ca 25 par | |
| Makrellterne | ca 115 par | |
| Teist | ca 10 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 250 par | |

NATURFAGLEGE MERKNADER:

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Holmane ligg nær Atlanterhavsvegen og det er uvisst i kva grad det er forstyrning i samband med dykking eller fiske frå båt.

4.4.66 Purkholmen

KOMMUNE: 1551 Eide
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ137867

OMRÅDESKILDRING: Liten bergholme ved Vevang med noko gras- og urtevekster. Holmen ligg innafor det nasjonalt viktige kulturlandskapsområdet langs Hustadvika, men det er ikkje nemnt særskilte verdiar på Purkholmen i så måte.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | 1990 |
|---------------------------------|-------------|-------------|
| Fiskemåse | ca 150 par | ca 150 par |
| Krykkje | | 2 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 130 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 280 par | ca 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Krykkja etablerte seg på slutten av 70 - talet og det var kring 1982 60 par i kolonien. Purkholmen går inn som ein del av Sandblåstvågen - Gaustadvågen naturreservat.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Industriverksemd og ferdsel i områda nær holmen kan vere forstyrrende i hekkeperioden.

4.4.67 Mannsholmen

KOMMUNE: 1551 Eide
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ

OMRÅDESKILDRING: 3 - 400 m lang vinkelforma holme ut for Vevang. Lynghei- og grasvegetasjon. Mannsholmen ligg innafor det nasjonalt viktige kulturlandskaps- området langs Hustadvika.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | 1990 |
|---------------------------------|------------|---------------|
| Ærfugl | ca 5 par | einskilde par |
| Fiskemåse | ca 60 par | ca 10 par |
| Gråmåse | ca 10 par | 60 par + |
| Svartbak | ca 10 par | ca 5 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 50 par | ca 10 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 135 par | 85 par + |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Dei fleste andre holmane i området er vegtilknytt frå 1989 (Atlanterhavsvegen). Mannsholmen kan difor vere eit godt alternativ med mindre forstyrningar.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsl med båt. Realisering av hotellplanane på Strømsholmen kan føre til auka ferdsel.

4.4.68 Orskjeran

KOMMUNE: 1551 Eide og 1554 Averøy
KARTBLAD (M-711): 1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89): 32VMQ1199 - 1398

OMRÅDESKILDRING:

Eit større skjærgardsområde på grensa mellom Eide og Averøy kommunar med fleire titals små flatlendte holmar og skjer. Området er særskild eksponert for ver og vind. Svaberg med holer og sprekker og litt grasvokster på dei største holmane.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1974 - 75 | 1990 | 1997 |
|---------------------------------|------------------|-------------|-------------|
| Toppskarv | ca 15 par | ? | 225 par |
| Ærfugl | ca 10 par | ca 15 par | spredde par |
| Fiskemåse | 5 - 10 par | ca 5 par | |
| Gråmåse | | ca 20 par | ca 20 par |
| Sildemåse | | | 1 par |
| Svartbak | ca 40 par | ca 95 par | ca 15 par |
| Krykkje | 0 - 20 par | | |
| Makrellterne | ca 30 par | | |
| Raudnebbterne | 150 - 200 par | ca 5 par | |
| Makrellterne/Raudn.terne | | | ca 35 par |
| Teist | ca 20 par | 7 par + | 5 par + |
| Totalbestand alle artar: | 250 - 350 par | ca 225 par | ca 300 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: I tillegg hekkar tjeld og skjerpplerke. Fleire sjøfuglartar overvintrar i gruntvassområda kring Orskjera. Talrikast er skarv, måsar, havelle og ærfugl og det samla talet kan vere fleire hundre. Dei marinbiologiske interessene er også store. Orskjera er ein svært viktig kasteplass for steinkobbe og havert har tilhald jamnleg.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

4.4.69 Fugløya

KOMMUNE: 1556 Frei
KARTBLAD (M-711): 1321-II Kristiansund
UTM (EUREF89): 32VMQ378967

OMRÅDESKILDRING:

Flatlendt, mindre øy mellom Frei og Kristiansund. Stort sett kultureng og strandeng. Kulturinteressene er vesentlege i lokal samanheng og Fugløya var inne i biletet i samband med markeringa av kulturminneåret 1997.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1990 | 1998 |
|---------------------------------|-------------|---------------|
| Ærfugl | ca 15 par | 5 - 10 par |
| Fiskemåse | ca 150 par | 150 - 200 par |
| Gråmåse | | 1 - 2 par |
| Svartbak | 1 par | |
| Raudnebbterne | | 20 - 30 par |
| Terner (ubestemt) | ca 50 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 215 par | 175 - 240 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Fleire par stokkand, siland, tjeld, storspove og strandsnipe hekkar.

UTFØRTE INNGREP: Bygningar.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Det ligg føre konkrete planar om nedbygging av området til industri.

4.4.70 Kvalvågholmen

KOMMUNE: 1556 Frei
KARTBLAD (M-711): 1321-II Kristiansund
UTM (EUREF89): 32VMQ443936

OMRÅDESKILDRING:
Liten holme aust i Frei kommune.
VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1990 | 1998 |
|---------------------------------|---------------|---------------|
| Ærfugl | einskilde par | einskilde par |
| Makrellterne | ca 10 par | |
| Raudnebbterne | ca 30 par | |
| Makrellterne/Raudn.terne | | 20 - 30 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 40 par | 25 - 35 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER:

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ferdsel.

4.4.71 Kvalvågholmane

KOMMUNE: 1557 Gjemnes
KARTBLAD (M-711): 1320 I Tingvoll
UTM (EUREF89): 32VMQ4883

OMRÅDESKILDRING: Fire mindre holmar ved utlaupet av Tingvollfjorden.
Grasmark, strandeng og lyng.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1975 | 1995 |
|---------------------------------|-------------|---------------|
| Ærfugl | | einskilde par |
| Fiskemåse | ca 310 par | 100 par + |
| Raudn./Makrellterne | ca 25 par | ca 30 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 335 par | ca 125 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar elles canadagås og tjeld på holmane.

UTFØRTE INNGREP: Fyrlykt på ytste holmen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko friluftsliv, men lite i hekkeseongen.

4.4.72 Tveekerholmane

KOMMUNE: 1560 Tingvoll
KARTBLAD (M-711): 1320-I Tingvoll
UTM (EUREF89): 32VMQ5085

OMRÅDESKILDRING: Ei handfull mindre holmar og skjer ved utlaupet av Tingvollfjorden. Noko skog på dei inste, elles gras og lyng.

VERDIVURDERING: **3?**

HEKKANDE SJØFUGL:

| | | |
|---------------------------------|------------------|--------------------|
| Periode: | 1978 - 79 | nyere data? |
| Ærfugl | 10 par + | |
| Fiskemåse | ca 150 par | |
| Svartbak | 1 par | |
| Raudn./Makrellterne | ca 50 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 210 par | |

NATURFAGLEGE MERKNADER:

UTFØRTE INNGREP: Den inste holmen er landfast med gangbru. Elles ingen inngrep.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Friluftsliv, bading.

4.4.73 Kvitholmen

KOMMUNE: 1560 Tingvoll
KARTBLAD (M-711): 1420-IV Stangvik
UTM (EUREF89): 32VMQ655785

OMRÅDESKILDRING: Liten holme ved Vågbø. Det er nokre buskar og grasvokster kring toppen, elles svaberg.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1982 - 83 | nyare data? |
|---------------------------------|------------------|--------------------|
| Ærfugl | einskilde par | |
| Hettemåse | 1 par | |
| Fiskemåse | ca 140 par | |
| Gråmåse | 1 par | |
| Krykkje | 6 par | |
| Terne ubestemt | ca 110 par | |
| Teist | 3 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 260 par | |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Kanadagås, siland og linerle er registrert hekkande. Krykkje og hettemåse hekka i 1982 men ikkje i 1983. Eit hundretals ærfugl kan beite i området. Seinare år er det ikkje utført nøyaktige teljingar, men observasjonar på avstand syner at det er stor aktivitet av sjøfugl på holmen.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

4.4.74 Ansnesholmen

KOMMUNE: 1566 Surnadal
KARTBLAD (M-711): 1420-IV Stangvik
UTM (EUREF89): 32VMQ835663

OMRÅDESKILDRING: Liten skogkledd holme med hekkande sjøfugl inst i Todalsfjorden. Holmen er kransa av relativt store gruntområde. Einaste typiske sjøfuglkoloni i fjordområdet.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| | |
|---------------------------------|---------------|
| Periode: | 1980 |
| Ærfugl | einskilde par |
| Fiskemåse | ca 100 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 100 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 200 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Dette er ein av dei få holmane i indre fjordstrok på Nordmøre og i fylket elles. Det ligg ikkje føre konkrete teljingar frå nyare tid, men det er bekrefta at aktiviteten har vore stor også gjennom 90-talet heilt fram til 1998. Truleg er det mest fiskemåse medan ternene varierar. Det hekkar gråhegre, siland og canadagås. Skarv er sett rastande ved fleire høve og området er samlingsplass for ærfuglhannar etter hekking. Inntil 100 individ er observert.

UTFØRTE INNGREP: Sauebeiting.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Badeplass og friluftsliv.

4.4.75 Bøfjordholmane

KOMMUNE: 1566 Surnadal
KARTBLAD (M-711): 1421-III Halså
UTM (EUREF89): 32VMQ6787

OMRÅDESKILDRING:

Ei handfull holmar i Bøfjorden. Dei største er skogkledd, elles noko gras og urtevegetasjon. Stor biologisk produksjon i gruntområda ved holmane og inn mot sundet mellom Bøfjorden og Åsskardfjorden.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode: | 1978 | 1991 |
|---------------------------------|---------------|-------------|
| Ærfugl | einskilde par | ca 5 par |
| Fiskemåse | ca 100 par | ca 90 par |
| Sildemåse | | 1 par |
| Gråmåse | | 1 par |
| Svartbak | 1 par | 1 par |
| Terne ubestemt | ca 50 par | ca 50 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 150 par | ca 150 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Andre hekkande artar er siland, kanadagås, gråhegre og tjeld. Det er etter måten langt til næraste alternative hekkeplassar i desse fjordstroka.

UTFØRTE INNGREP: Sauebeiting år om anna.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Avgrensa bruk i friluftssamanheng.

4.4.76 Eidsholmen

KOMMUNE: 1569 Aure
KARTBLAD (M-711): 1421-IV Skardsøya
UTM (EUREF89): 32VMR767195

OMRÅDESKILDRING: Holme ved Eidestranda.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1978 | 1991 |
|---------------------------------|-------------|---------------|
| Ærfugl | | einskilde par |
| Fiskemåse | 17 par | 12 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 10 par | ca 60 par |
| Totalbestand alle artar: | 25 - 30 par | ca 75 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Raudstilk og tjeld påvist hekkande.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båtutfart og ferdsel.

4.4.77 Ålfarskjeret - Notholmen

KOMMUNE: 1569 Aure
KARTBLAD (M-711): 1421-IV Skardsøya
UTM (EUREF89): 32VMR775210

OMRÅDESKILDRING: Fleire småholmar i ytre del av Kallandsvågen. Noko gras- og urtevekster.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | 1990 - 91 |
|---------------------------------|---------------|------------------|
| Ærfugl | einskilde par | |
| Fiskemåse | ca 40 par | einskilde par |
| Svartbak | 5 par | 1 par |
| Terne ubestemt | 15 par | 34 par |
| Teist | 1 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 65 par | ca 35 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Hekkande tjeld.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Noko båtutfart og ferdsel.

4.4.78 Skålvikholman

KOMMUNE: 1571 Halså
KARTBLAD (M-711): 1421-III
UTM (EUREF89): 32VMQ623999

OMRÅDESKILDRING:

To holmar i ytre del av Skålvikfjorden. Den største er skogkledd og relativt høg.

VERDIVURDERING: 3?

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975 | ingen nyere data |
|---------------------------------|---------------|-------------------------|
| Ærfugl | einskilde par | |
| Fiskemåse | ca 30 par | |
| Gråmåse | 1 par | |
| Terne ubestemt | 17 par | |
| Totalbestand alle artar: | ca 50 par | |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ein hegrekoloni på den største holmen, 16 reir i 1991.

UTFØRTE INNGREP: Kraftline går over den eine holmen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båtutfart og ferdsel i sommarsesongen.

4.4.79 Skalmen

KOMMUNE: 1573 Smøla
KARTBLAD (M-711): 1321-I Smøla
UTM (EUREF89): 32VMR380388

OMRÅDESKILDRING: Høg bergholme, ca 300 m lang, nordvest i Smølaskjergarden. Svært eksponert for ver og vind, og snau med unnatak av noko grasvokster langs toppen.

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1975* | 1990 |
|---------------------------------|--------------|-------------|
| Fiskemåse | ca 10 par | |
| Gråmåse | ca 5 par | |
| Svartbak | ca 125 par | 6 par |
| Krykkje | 12 par | |
| Raudnebbterne | | ca 150 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 150 par | ca 155 par |

* nokre av desse fuglane hekka på nærliggande skjær.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Fuglelivsfreding (artsfreding) sidan 1935. Det hekka terner på 70-talet også, i storleik 100 - 200 par. I 1975 var det likevel ikkje ternehekking.

UTFØRTE INNGREP: Fyrstasjon

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

Når det gjeld lokalitetane i Smøla kommune visast elles til «Smølaprosjektet», som vert presentert i eigen rapport.

4.4.80 Remman

KOMMUNE: 1573 Smøla
KARTBLAD (M-711): 1321-I Smøla
UTM (EUREF89): 32VMR4344

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe låglendte skjær, eksponert mot ope hav vest for Veidholmen. Viktigast som hekkelokalitet for sjøfugl, med etter måten store koloniar, men og med beitande fugl på grunnane ikring.

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1990 |
|---------------------------------|-------------|
| Ærfugl | ca 50 par |
| Fiskemåse | ca 10 par |
| Gråmåse | ca 10 par |
| Svartbak | ca 200 par |
| Raudn./Makrellterne | ca 250 par |
| Tjuvjo | 1 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 520 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området er viktig for sjøfugl også vinterstid og i trekketidene.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

Når det gjeld lokalitetane i Smøla kommune visast elles til «Smølaprosjektet» som vert presentert i eigen rapport.

4.4.81 Hestøya

KOMMUNE: 1573 Smøla
KARTBLAD (M-711): 1321-I Smøla
UTM (EUREF89): 32VMR5623

OMRÅDESKILDRING: Mindre, flatlendt øy aust for Straumen, ca 1000 x 300 m. Hovudsakleg lynghei og fuktigare grasmark. Godt skjerma for vér og vind. Øya ligg innafor eit nasjonalt verdfullt kulturlandskapsområde som femner det meste av skjergarden sør og vest i Smøla kommune.

HEKKANDE SJØFUGL:

| | |
|---------------------------------|-------------|
| Periode | 1975 |
| Gråmåse | ca 255 par |
| Svartbak | ca 20 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 275 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar grågås på øya. Det ligg ikkje føre konkrete teljingar frå seinare år, men det er klart at aktiviteten er stor, både med gråmåse, svartbak og ternar.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

Når det gjeld lokalitetane i Smøla kommune visast elles til «Smølaprosjektet» som vert presentert i eigen rapport.

4.4.82 Sortna

KOMMUNE: 1573 Smøla
KARTBLAD (M-711): 1321-IV Silsingodden
UTM (EUREF89): 32VMR53523

OMRÅDESKILDRING: Ei handfull flatlendte små holmar og skjer heilt vest i Smølaskjergarden. Frodig gras og urtevokster på dei største.

HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode | 1990 | 1998 |
|---------------------------------|---------------|---------------|
| Ærfugl | einskilde par | ca 10 par |
| Fiskemåse | 2 par | ca 10 par |
| Sildemåse | ca 140 par | ca 40 par |
| Gråmåse | 7 par | 30 - 40 par |
| Svartbak | 16 par | einskilde par |
| Raudn./Makrellterne | 19 par | 125 par |
| Teist | einskilde par | 8 - 10 par |
| Totalbestand alle artar: | ca 190 par | ca 230 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Sildemåsen er av den nordlege underarten *Larus fuscus fuscus*. Denne er rekna som direkte truga. Verdien av denne lokaliteten må difor sjåast som svært stor. Mink opptrer truleg berre sporadisk i området. Det hekkar elles fleire par tjeld.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen

Når det gjeld lokalitetane i Smøla kommune visast elles til «Smølaprosjektet» som vert presentert i eigen rapport.

4.5 OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR

Ei best mogleg forvalting vil gjerne vere avhengig av eit godt datagrunnlag. Etter den gjennomgangen som er gjeve i det ovanståande kan ein slutte at det innanfor fleire felt er trong for betre viten. Dei punkta som nemnast nedanfor er berre nokre av dei det kunne vore interessant å følgje opp under vidare undersøkingar.

Tidsseriar i utvalde område: Det nasjonale overvakingsprosjektet femner ikkje alle artane i vårt fylke. Sjølv om nasjonale trendar hos dei utelatne artane kan fangast opp gjennom overvaking andre stader, vil det også vere interessant å fange opp regionale trendar. Slike undersøkingar bør leggjast både til lokalitetar som under normale høve gjev eit produksjonsoverskot og til marginale lokalitetar der ein vil merke endringane først.

Betre kunnskap om flytting av ternekoloniar: Det er gjort få undersøkingar om faktorar som påverkar ternene til å flytte, kor langt dei flyttar m.v. Det ville til dømes vere interessant å følgje den totale ternebestanden gjennom ei årrekke innafor eit større skjergardsområde, helst med ringmerkingsundersøkingar for å avdekke flytting ut av området eller innan området.

Betre kunnskap om myr- og innlandshekkande måsar: Her er det særleg bestandstala over tid som vil vere interessante. Kva andel av måsebestandane hekkar spreidd eller i mindre koloniar og kva andel hekkar i dei store koloniane på kysten? M.a.o. kvar og korleis kan ein best sikre måsebestandane?

Bestandsutviklinga hos mink: Nokre meiner at minken dei seinaste åra har gått noko tilbake. Dette bør eventuelt dokumenterast. Det vil og vere av interesse å undersøke nærare om ei eventuell bestandsendring hos mink gjev reaksjon hos dei sjøfuglartane ein meiner er mest utsette, les teist og ærfugl.

Nærare undersøkingar av bestandstilhøva hos havsvale og stormsvale: Det er fleire potensielle hekkelokalitetar i fylket. Desse bør undersøkast systematisk slik at det på sikt vert råd å gje eit estimat over totalbestandane, og slik at ein også kan seie noko om tendensen i bestandane.

5. LITTERATUR FOR INTERESSERTE

- Aksdal, S. 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. - Rapp. 1994:6, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernadv.
- Cramp, S. & Simmons, K.E.L. 1977: Handbook of the birds of Europe, the Middle East, and Northern Africa, the birds of Western Palearctic. Vol I: Ostrich to ducks. - Oxford Univ.Press, Oxford, UK
- Cramp, S. & Simmons, K.E.L. 1983: Handbook of the birds of Europe, the Middle East, and Northern Africa, the birds of Western Palearctic. Vol III: Waders to gulls. - Oxford Univ.Press, Oxford, UK
- Cramp, S. 1985: Handbook of the birds of Europe, the Middle East, and Northern Africa, the birds of Western Palearctic. Vol IV: Terns to woodpeckers. - Oxford Univ.Press, Oxford, UK
- Direktoratet for naturforvaltning 1998: Truete arter i Norge (Norwegian Red List). - Direktoratet for naturforvaltning, in press.
- Follestad, A. 1993: Sjøfuglkartverket. Dekningsgrad og alder på dataene i kyst-databasen. - NINA Oppdragsmelding 237, NINA, Trondheim
- Follestad, A. & Strann, K.-B. 1991: Sjøfugl og fiskegarn - problemets omfang og karakter i Norge. - NINA Oppdragsmelding 78, NINA, Trondheim
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red). 1994: Norsk fugle-atlas. - Norsk orn. forening, Klæbu
- Haftorn, S. 1971: Norges fugler. - Universitetsforlaget, Oslo
- Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1995: Biologisk mangfold i Molde kommune. Del I Hoved-rapport. - Molde kommune
- Lorentsen, S.-H. 1990: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1988 og 1999. - NINA Oppdragsmelding 34, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1991: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1990. - NINA Oppdragsmelding 66, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1991: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1991. - NINA Oppdragsmelding 95, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1992: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1992. - NINA Oppdragsmelding 166, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1994: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1994. - NINA Oppdragsmelding 314, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1995: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1995. - NINA Oppdragsmelding 374, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1996: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra hekkeseongen 1996. - NINA Oppdragsmelding 450, NINA, Trondheim
- Lorentsen, S.-H. 1997: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra hekkeseongen 1997. - NINA Oppdragsmelding 516, NINA, Trondheim
- Nordisk råd 1997: Population sizes and trends of birds in the Nordic countries. TemaNord 1997:614
- Olsen, O. 1996: Hekkefunn av havsvaler og stormsvaler på Mørkekysten. - Vår Fuglefauna 19:169 - 171
- Østnes, J.E. 1993: Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Resultater fra 1993. - NINA Oppdragsmelding 241, NINA, Trondheim